

SAMARBEIDSRÅDET
FOR SUNNHORDLAND



SUNN
HORD
LAND



Samarbeidsrådet for Sunnhordaland
Interkommunal strandsonplan for Sunnhordaland
Fellesdel

Utgåve : 02
Dato: 2015-02-25

DOKUMENTINFORMASJON

Oppdragsgjevar: Samarbeidsrådet for Sunnhordland
Rapportnamn: Interkommunal strandsoneplan for Sunnhordland Fellesdel
Utgåve/dato: 02 / 2015-02-25
Arkivreferanse: -

Oppdrag: 531470 – Interkommunal strandsoneplan for Sunnhordland og Fusa
Oppdragsskildring: Interkommunal strandsoneplan for Sunnhordland og Fusa er ein arealplan som er todelt. DEL 1 er ein fellesdel med gjennomgang av problemstillingar, kunnskapsgrunnlag og føringar for del 2. DEL 2 er kommunedelplanar for kystsona for kvar kommune, etter reglane i planlova § 11. Tematisk kommunedelplan som skal vedtakast i alle kommunane; Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Fusa, Kinnherad, Stord og Sveo (Tilbud: 012401 - Interkommunal strandsoneplan for Sunnhordland)

Oppdragsleiar: Knut Hellås
Fag: Landskap
Tema: Konsept og mulighetsstudier
Leveranse:

Skriven av: Knut Hellås
Kvalitetskontroll:

Asplan Viak AS www.asplanviak.no

FØREORD

Asplan Viak har vore engasjert av Samarbeidsrådet for Sunnhordland i arbeidet med Interkommunal strandsoneplan for Sunnhordland og Fusa.

Planarbeidet er utført i nært samarbeid med samarbeidsrådet, dei ni kommunane innafor planområdet, fylkeskommunen og fylkesmannen.

Gro Jensen Gjerde har vore prosjektansvarleg hos Samarbeidsrådet, medan Tore Bjelland har vore prosjektleiar.

Knut Hellås har vore oppdragsleiar hos Asplan Viak og stått for arbeidet med rapporten. Øyvind Sundfjord hatt ansvar for GIS/kartarbeid og tema om næringsliv og småbåthamner. Guro Steine har hatt ansvar for arbeidet med tema landskap medan Kjersti Ingolfsdottir Vevatne har hatt ansvar for tema kulturminne, der det har vore tett dialog med Kulturavdelinga i Fylkeskommunen.

Prosjektet har i planarbeidet hatt nær dialog om planutforming med alle 9 kommunane i planområdet. Representantar frå Fylkesmannen og Fylkeskommunen har delteke i møter om planinnhaldet.

Detaljar om organisering og medverknad i prosjektet, med deltaking frå kommunane og andre i prosjektet, er omtalt i kapitelet om prosess og medverknad.

Bergen, den 25. februar 2015

Knut Hellås
Oppdragsleiar

Ø S
Kvalitetssikrar

SAMANDRAG

Strandsona i Sunnhordland er viktig for næringsliv, busetnad, fritidsaktivitet og andre allmenne interesser. Samarbeidsrådet har derfor arbeidd over lengre tid med ei differensiert strandsoneforvaltning som tek utgangspunkt i lokale tilhøve. I planprogrammet, vedteken i mai 2012, er bakgrunn og føremålet med Interkommunal strandsoneplan for Sunnhordland og Fusa omtalt. Her er det og gjort greie for prosessen som ligg til grunn for oppstart av planarbeidet og innhaldet i planen.

Hovudføremålet med planarbeidet er å utarbeida ein felles, interkommunal plan for strandsona i Sunnhordlandskommunane og Fusa kommune. Planen skal:

- *vera det overordna styrande plandokumentet for all arealbruk og forvaltning av areal i strandsona til dei deltakande kommunane.*
- *visa korleis ein skal forstå forvaltning av strandsona i Sunnhordlandsregionen etter statlege planretningslinjer for differensiert strandsoneforvaltning*

Planområdet, strandsona, er i planarbeidet avgrensa til 100-metersbeltet eller funksjonell strandsone og 50 m ut i sjø. Dette er brukt som hovudregel men det er gjort lokale tilpassingar.

I planprogrammet er det definert fem hovudmål for planarbeidet. Til desse er det i Kap 1.5 definert strategiar og det er definert plantiltak til kvar av strategiane. Samla utgjer dette det strategiske grepet i planen, som er omtalt i Kap 5.1. Interkommunal strandsonestrategi for Sunnhordland og Fusa.

Den interkommunale strandsoneplanen for Sunnhordland og Fusa er todelt:

- **DEL 1: Fellesdel.** Rapport med felles kunnskapsgrunnlag, utgreiingar og avklaringar, temakart og forslag til felles føresegner. Felles overbygning for planane i del 2, der felles varsling inngår.
- **DEL 2: Kommunedelplanar for dei ni kommunane.** Dette er den juridisk bindande delen av planen, utarbeida etter PBL, § 11 om kommuneplanlegging. Kvar kommune står for planlegging, sakshandsaming og politiske vedtak av planen i sin kommune.

Arbeidet i DEL 2 vil altså skje i regi av kommunane. Denne rapporten utgjer DEL 1. Fellesdelen, og omtalen vidare vil derfor handle om innhaldet som er presentert her.

Interkommunal strandsoneplan for Sunnhordland og Fusa er initiert av kommunane og har derfor utgangspunkt i samfunnsutviklinga lokalt i regionen, slik den er definert i interkommunale føringar nemnde i Kap 2. Vedteken Strandsonestrategi (2008) er her viktig saman med Forstudien (2010: Differensiert strandsoneforvaltning i Sunnhordland) samt kommuneplanane. PBL av 2008 har skjerpa krav til samordning av statleg, regional og kommunal planlegging. Strandsoneplanen må derfor gjera greie for korleis ein handterer og løyser dei nasjonale og regionale føringane lokalt. Felles avklaringar på flest moglege av dei felles utfordringane ein ser er derfor ein viktig del av planen. I Kap 2 er både overordna, regionale og lokale føringar omtalt. Det er særleg lagt vekt på ein grundig gjennomgang av Statelege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø. I gjennomgangen er det gjort ei lokal tolking av retningslinjene for hovudområde 3, basert på lokale tilhøve i Sunnhordland. Av regionale føringar som er særleg viktige, må ein nemne Regional planstrategi for Hordaland 2012 – 2016 og Rettleiar for råd om planlegging og forvaltning av strandsona (rev 2014). Den siste omtalar funksjonell strandsonekartlegging som eit viktig element i planarbeid i strandsona.

Hovudutfordringane i planarbeidet er omtalt i Kap 3, og kan oppsummerast i desse tre hovudpunkta:

1. Avklare det interkommunale behovet for utviklingsareal i strandsona for å sikre lokal samfunnsutvikling for bustadbygging, næringsaktivitet, offentleg service, fritidsaktivitetar m.m.
2. Avgrensing og avklaring av verdisetting og forvaltning av nasjonale, regionale og kommunale allmenne interesser i strandsona knytt til tema naturmiljø, friluftsliv, landskap og kulturminne .
3. Utarbeiding av ein felles interkommunal strandsoneplan for dei 9 kommunane som deltek i strandsoneprojektet, som gjev kommunane lokalt handlingsrom til å gjennomføra ei differensiert og tilpassa planlegging, forvaltning og utbygging av strandsona. Arbeida for at kommunane i planområdet vert plassert i hovudområde 3, område med mindre arealpress.

I Kap 4 er det gjort greie for kunnskapsgrunnlaget for alle tema i planen, definert i planprogrammet.

Næringsliv: Dei viktigaste næringane er omtalt og det er vist oversikt over næringsaktivitet i kommunane med statistikk og kart som viser:

1. Samla golvareal i næringsbygg, fordelt på bygningstype i dei største næringsstadene(dvs. bygningsklynger)
2. Næringsareal i Sunnhordland og Fusa. Plandata frå alle kommuneplanane er gjennomgått for å få ein samla oversyn over planlagt næringsareal.

Særtrekk ved næringslivet i Sunnhordland:

- Dei viktigaste næringane i Sunnhordland er offshore, maritim, fiskeri og havbruk, går fram av nettstaden www.buisunnhordland.no, som regionrådet for Sunnhordland står bak. Desse næringstypene er alle basert på bruk av ressursar i sjøen, eller sjøen som transportveg.
- Regionen har eit spesielt høgt innslag av industri. Nesten kvar femte arbeidstakar jobbar i denne næringa. I Norge totalt jobbar færre enn kvar tiande i industrien.
- Næringslivet i Sunnhordland er meir eksportretta enn landet elles.
- Det kan hevdast at regionen har eit einsidig og sårbart næringsliv, men historia har vist at regionen har utvikla eit næringsliv som har ein sterk omstillingsevne.
- Ein svært stor del av næringsområda i regionen er lokalisert til kystlina. Bygningsstatistikk frå Matrikkelen viser at 45% av næringsbygga i Sunnhordland er lokalisert 0-100 meter frå kystlina, og så godt som ingen næringsbygg lenger enn 1,5 km frå kystlinja. Dette skuldast både dei topografiske tilhøva men og at næringa i Sunnhordland har historiske røter knytt til verksemdar ved sjøen.
- For arbeidet med busetnad i Sunnhordland er det verd å merke seg at det i forarbeidet til regional planstrategi. AUD – rapport nr 4 2012 står følgjande: «*Dei største utfordringane for næringslivet er elles at talet på kompetanse- og kulturarbeidsplassar er lågt, og at regionen treng meir urbanitet og tiltrekkingskraft*».

Hamner / infrastruktur:

Det er ei rekke ulike hamnefunksjonar som er dekkja gjennom eit mylder av små og store hamner, som er presentert i kart og tekst i Kap 4:

- Fiskerihamner (både statlege og private)

- Industrikaiar (både offentlege og private)
- Kaier til bruk for havbruksnæringa
- Kommunekaier
- Gjestehamner
- Småbåthamner

Hamnene er saman med farleiene viktig transportveg for næringslivet. Næringsareal knytt til gode hamner og farleier har særleg stor verdi. I tillegg kan mange av hamnene og kaiene knytast til andre interesser og aktivitetar som:

- Kulturminne interesser der kaiene er knytt til gamle ferdselsvegar som dampskipskaiane eller sjøbruksmiljø med kulturminneinteresser som og har utviklingspotensiale for nye funksjonar f. eks. innafor reiseliv.
- Gjestehamn-funksjon. Nokre av gjestehamnene har høg grad av service, og er eit trekkplaster for båtfolk på heile Vestlandet. Andre gjestehamner er meir lokale, men representerer uansett eit viktig element for næringslivet på staden.
- Maritime opplevingar. Enkelte kai område fungerer som utgangspunkt/møteplass for fastbuande og tilreisande som driv eit aktivt friluftsliv eller vassport. Kaiene er i slike tilfelle del av ein felles, maritim infrastruktur – som også er omtalt i kapittel 0 (Fjord-LYST).

Busettingsmønster:

Folketalsstatistikk for Hordaland viser ei noko ulik folketalsutvikling i kommunane i Sunnhordland. Veksten er størst i Sveio medan Kvinnherad og Tysnes har eit folketal som i 2012 var i svak nedgang eller stabilt. Statistikken (Kjelde. Hordaland fylkeskommune) viser og ei folketalsutvikling med stor variasjon internt i kommunane. Alle kommunane har grunnkretsar som har hatt ein folkevekst i 2012 med meir enn 50 personar. Dette er grunnkretsar med tettstader. Ein registrer altså ei sentralisering til tettstadane i alle kommunane medan det er nedgang i folketalet mange stader i regionen.

KOMMUNE	Innanfor tettstad- område	Utanfor tettstadorområde	SUM	Prosent innanfor tettstad- område	Prosent utanfor tettstad- område
AUSTEVOLL	69	280	349	20 %	80 %
BØMLO	328	522	850	39 %	61 %
ETNE	117	77	194	60 %	40 %
FITJAR	92	86	178	52 %	48 %
FUSA	59	178	237	25 %	75 %
KVINNHERAD	482	208	690	70 %	30 %
STORD	797	420	1217	65 %	35 %
SVEIO	213	261	474	45 %	55 %
TYSNES	44	103	147	30 %	70 %
SUM	2398	2241	4639	52 %	48 %

Figur 1. Tabellen viser bustadbygging i Sunnhordland og Fusa - nybygg dei siste 10 åra innafor og utanfor tettstadene.

Tabellen viser at om lag halvparten av nye bustader vert bygd i tettstadene. Dette er ein låg del sett i høve til landsgjennomsnittet, der 80 % av bustadbygging skjer i byar og tettstader. Sentralisering til tettstaden er derfor ein prosess som ein må vente vil fortsetje.

Særtrekket ved busetnadsmønsteret i Sunnhordland er at ein stor del ligg i strandsona. I kommunane Austevoll, Bømlo, Tysnes, Kvinnherad, Fitjar og Fusa ligg om lag 25 % av bustadene i 100 –meters beltet. For Stord, Sveio og Etne er denne prosentsetningen mellom 10-15%. Grovt rekna kan ein sei at ein femtedel av dei om lag 460 nye bustadene som vert bygd pr. år i regionen vert bygd i strandsona. Dette utgjer om lag 90 nye bustader pr. år.

Sunnhordland er attraktiv for bygging av fritidsbustader. Hyttefaktoren, talet på hytter pr. bustad, varierer frå berre 5 % i Stord til 80 % for Tysnes, medan gjennomsnittet ligg på ca. 50 %.

Næringsbygg, bustader og fritidsbustader utgjer det største utbyggingspresset på strandsona i Sunnhordland. Men naust og andre anlegg, som småbåtanlegg, gjev eit godt bidrag til det samla trykket på utbygging av strandsona. For nybygg av naust har vi ikkje statistiske tall for kommunane. Men i rapporten er det definert og omtalt fire typar naust (sjøhus og sjøbuer inngår ikkje):

1. Det tradisjonelle naustet som husar båt og reiskap.
2. Fritidsnaustet (som dekker «kolonihagefunksjonen» for sjøbruk, ikkje fritidsbustad.)
3. Felles naust
4. Naustboder

For å få oversyn over småbåthamner og småbåtanlegg er det i planarbeidet gjennomført ei registrering av båtplassar ved bruk av ortofoto. Totalt i Sunnhordland og Fusa er det registrert ca. 24.000 småbåtar. I planarbeidet er det gjort framlegg om ein definisjon av småbåthamn, funksjonelt småbåtområde. Med utgangspunkt i denne definisjonen kan ein sei at ca. halvparten av båtane ligg i det som kan definerast som eit organisert småbåtanlegg. Her er det store variasjonar mellom kommunane. Sjølv om det ikkje er utført ei behovsprøving av behovet for fleire småbåthamner, så er det grunn til å ta sei at det er behov for fleire småbåthamner i regionen. Dette med utgangspunkt i at tall frå rapport frå Cicero som viser andelen båtar i båthamn er større på landsbasis enn i Sunnhordland.

Allmenne interesser.

Med allmenne interesser i prosjektet meiner ein naturmiljø, landskap, friluftsliv og kulturminne. Alle desse tema er vist med verdikart i Kap 4.3 i rapporten.

Naturmiljø temaet er registrert i kommunane. Naturmangfaldslova skal leggjast til grunn for forvaltning av naturmangfaldet i kommunane. I alt planarbeid og alle byggesaker skal det dokumenterast tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag og «føre var prinsippet» skal leggjast til grunn for forvaltning av leveområde for naturtypar og artar.

I gjennomgang av materialet er det i planen gjort framlegg om at Sunnhordland bør ta eit særleg ansvar for lyngheilandskapet og naturtypane, slåttemark, slåttemyr og hole eiker.

Landskapet i Sunnhordland er verdiklassifisert i 2011 i eit arbeidet gjennomført av Aurland Naturverkstad på oppdrag frå Hordaland fylkeskommune. Fylket er i dette arbeidet delt inn i alt 26 landskapstypar etter metodikken som er brukt for landskapsevalueringa (landskapskartlegging utvikla av NIJOS på 90-talet). 10 av desse landskapstypane finn ein i Sunnhordland, noko som viser eit variert

landskap frå den ytste skjergarden til breie fjordløp og fjordmøte. Dette vert understreka av at det er flest område med *våg og smalsundlandskap* og *middels breie fjordløp*.

Landskapet er vurdert i ein 5-delt skala. To område med høgast verdi, av totalt fire i heile fylket, har høgaste verdi. Det er Muradalen og Bondhusdalen. Store deler av landskapet i Sunnhordland er plassert i Middels verdi og Stor verdi.

Friluftsliv. Registrering av regionale friluftsjnteresser vart utført i 2006-2007 (Rapport i 2008) desse er vist og omtalt i Kap 4.3.3 Dei regionale friluftsjområda i Sunnhordland har stort nedslagsfelt og mange brukarar, enten totalt eller i høve til folkemengda i regionen. Brukarane kan komme frå fleire kommunar. Det dreier seg hovudsakleg om større, samanhengande tur- og naturområde langs kysten, i skogen eller i fjellet. Det kan og vera mindre område med spesielle kvalitetar som gjer at dei har regional verdi. Fleire av områda med regional verdi har òg nasjonal verdi.

I forstudien til strandsoneplanen vart strandsona i Sunnhordland registrert med tanke på kor store deler er urørt strandsone og kor store deler er i tilgjengeleg for ålmenta. Registreringane viser at det er store ressursar på både urørt strandsone tilgjengeleg strandsone i regionen. Dette er eit godt utgangspunkt. Men samstundes viser tall frå KOSTRA at kommunane i Sunnhordland har sikra veldig lite areal lokalt til friluftsjområde og nærrekreasjonsområde for sine innbyggjarar. Utbyggingspresset i strandsona er generert av næringsareal, bustadbygging, fritidshus og naust og andre anlegg skjer for det meste i utbygde område der folk bur. Det er her det er viktig å sikre område for nærrekreasjon.

Kulturminne. I samarbeid med Kulturseksjonen i fylkeskommunen er det gjort ei verdivurdering av alle sjøbruksmiljøa i Sunnhordland og Fusa. Dette er eit viktig grunnlag for arbeidet med å sikra dei verneverdige sjøbruksmiljøa og for å bruke sjøbruksmiljøa aktivt for å gje rom for sjørelatert aktivitet og næringsutvikling.

Sunnhordland si strandsone er rik på kulturminne og kulturmiljø. I planen er det gjort eit utval på 10 kulturminnegrupper som er særleg viktige i Sunnhordland.

Naturressursar. I planen er det vist kjerneområde for landbruk og fiskeområde i sjø, henta frå KPA. Ein del landbruksområde har sterk tilknytning til sjøen. Fiskeoppdrett har liten konflikt med strandsona fordi dei ligg meir enn 50 meter frå land og kontaktpunkt med landsida er ein kai eller eit næringsområde.

Planforslaget

Slik målsettinga med planarbeidet er formulert, vil det vera eit overordna mål for kommunane i Sunnhordland å vera tydelegare på arealbruken i strandsona både når det gjeld areal til allmenne interesser og til utbygging. Skal ein kunne opne opp for meir utbygging i strandsona må ein vera tydeleg på korleis ein skal ta vare på dei nasjonale interessene i 100-meters beltet. Større handlingsrom for kommunane til sjølve å styre utbyggingstiltak i strandsona krev at dei tar eit større ansvar for verneinteressene og allmenne interesser i det same området.

Kommunane vil ta eit større ansvar for allmenninteressene i strandsona ved å:

- Sikra registrerte allmenne interesser, som er registrerte, i KPA
- Gjennomføre kartlegging av funksjonell strandsone for å kartlegge kor dei allmenne interessene er særleg viktige.

Planarbeidet kan sikre kommunane større handlingsrom i høve til dagens lovverk ved å tilpasse planarbeidet til eit lokalt behov som gjev ei differensiert strandsoneforvaltning. Dette kan gjennomførast med strandsonestrategien som er omtalt i Kap 5. Hovudelementa for å få til ei differensiert strandsoneforvaltning er:

1. Sunnhordland vert verande i **hovudområde 3** (Jf. pkt. 4.2 Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen), når Interkommunal strandsoneplan for Sunnhordland og Fusa er vedteken, DEL1+2 (fellesdel + kommunedelplanar).
2. Gjennomførings av **Funksjonell strandsonekartlegging**. Dette er ein viktig, fagleg analysemetode til å definere kva som er den faktiske strandsonen, slik at planlegging og dialog med styresmaktene kan skje med bakgrunn i tilhøva på staden og ikkje etter ei teoretisk 100 m grense.
3. **Områdekategorisering** av strandsona for å fastlegge kor ein skal bruke dei ulike verkemidla i føresegnar og arealføremål til å fremje ei **differensiert strandsoneforvaltning**.
4. **Kommunedelplan og føresegnar** som sikrar eit lokalt handlingsrom og ei differensiert strandsoneforvaltning.

Metodikk for funksjonell strandsonekartlegging er omtalt i kapitel 2 og bruken denne kartleggingsmetoden inn mot ei differensiert strandsonekartlegging er omtalt i kapitel 5. Områdekategorisering er også omtalt i Kap 5. Det er definert fem strandsone kategoriar, som ein meiner vil vera tenlege i arbeidet:

1. Strandsone kategori A1 – særlig verdifulle inngrepsfrie område innafor natur, friluftsliv, landskap og kultur.
2. Strandsone kategori A2 – vanleg LNF – område.
3. Strandsone kategori B1 – område med spreidd busetnad.
4. Strandsone kategori B2 – blanding av spreidd og tett busetnad.
5. Strandsone kategori C – utbygde område (inkludert tettstader og grendasenter)

Føringar for arealdisponering næringsliv og busetting

Næringsføremål:

- 1) Regionalt viktige næringsområde mot sjø (Vist på Figur 51):
 - Kommunane må setje av buffersoner som sikrar framtidig utvikling av desse områda.
 - Dei regionalt viktige næringane Maritim industri, Offshore, Havbruk, Fiskeri skal prioriterast i desse næringsområda
 - Nye, regionalt viktige næringsareal mot sjø - som er planlagt for arealkrevjande verksemder – bør lokaliserast utanfor tettstadsområde – men bør ikkje vere lausrive frå eksisterande busetjingsmønster.
- 2) Lokalt viktige næringsområde mot sjø
 - Naudsynt areal til lokale næringsformål og råstoffutvinning skal visast i arealplanen
 - Lokalt viktige kai- og hamneområde (fiskeri- og industrikaier) skal sikrast i planen
- 3) Ny næring skal primært lokaliserast i eksisterande næringsområde

- 4) Næringsområde for reiselivssatsing bør vere i nærleiken av friluftsområde, naturattraksjonar, eller kulturminne som kan fungere som infrastruktur for reiseliv.
- 5) Næringsareal mot sjø er ein viktig ressurs for Sunnhordland, og skal ikkje omdisponerast til andre føremål enn næring.
- 6) Kommunane må setje av tilstrekkeleg næringsareal, med konkurransedyktige kvalitetar fram mot 2035.

Bustader og fritidsbustader:

Strandsone kategori B1 – område med spreidd busetnad. Forvaltningsstrategi:

- Her skal gjerast minst moglege av nye tiltak. Dei skal avgrensast til fortetting i allereie utbygde område.
- Tiltak på eksisterande bygg og anlegg som har som siktemål å oppretthalde same bruk som i dag bør det gjevast løyve til. Føresegnene til planen må styre kva tiltak det kan opnast for i kvart enkelt område ut frå tilhøva på staden.
- Område som har viktige allmenne interesser, samt tilkomst til desse, bør sikrast før det eventuelt vert gjeve løyve til tiltak. Dette gjeld òg for område som ikkje er vist med omsynssone eller som grønstruktur i kommuneplan, kommunedelplan eller reguleringsplan. Dette kan omfatte mellom anna viktige friluftsområde, stignett, badeplassar og andre viktige areal og område for utomhusaktivitet. I område med utbyggingspress og stort bakland med busetnad er det særleg viktig å sikre dei allmenne interessene og tilkomst til desse. Viktige område for allmenne interesser vert sikra i planen med formål grønstruktur eller omsynssone.

Strandsone kategori B2 – blanding av spreidd og tett busetnad. Forvaltningsstrategi:

- Enkeltbygg kan førast opp i område vist særskilt i kommuneplanen, som utbygde område, eller som område for spreidd utbygging, under føresetnad av at vilkår som teknisk infrastruktur eller allmenne interesser er etablert eller sikra etablert. Talet på bygg som kan førast opp utan reguleringsplan for det enkelte området, samt vilkår for utbygging, vert vist i eigen tabell i føresegnene til kommuneplanen. Gjeld utbygging til bustader, fritidsbustader og naust med tilhøyrande anlegg.
- Område som er viktige for allmenne interesser, skal sikrast før det eventuelt vert gjeve løyve til tiltak. Dette kan omfatte mellom anna viktige friluftsområde, stignett, badeplassar og andre viktige areal og område for utomhusaktivitet. Områda skal sikrast som grønstruktur eller som omsynssone i kommuneplan/kommunedelplanen. Viktig stignett bør visast med SOSI-kode i kommuneplanen.
- Å sikre tilgjengeleg/ urørt eller tilrettelagt strandsone innafor gangavstand for dei som bur nær sjøen bør vera eit sentralt mål i forvaltninga. Dette er særleg viktig i område med utbyggingspress i form av bustadbygging og hyttebygging, og der det er stort bakland (dvs. område med busetnad som strekkjer seg langt innafor 100m beltet), som gjer at strandsona er viktig for mange.
- Utbygging kan ikkje skje dersom det ikkje er tilrettelagt tilstrekkeleg infrastruktur i form av veg, vatn og avlaup.

Strandsone kategori C – utbygde område (inkludert tettsteder og grendasenter)**Forvaltningsstrategi:**

- Områda vert viste som utbygde område eller framtidige byggeområde i kommuneplan/kommunedelplan.
- Tettstadutvikling gjennom stadanalysar som gjev eit hovudgrep om framtidig utbygging bør prioriterast. (Jf. fylkesdelplan for senterutvikling).
- Enkeltbygg kan førast opp i område vist som utbygde område i kommuneplanen, under føresetnad av at dei er i tråd med tettstadanalyse, og/eller at teknisk infrastruktur er etablert eller sikra etablert.
- Område som er viktige for allmenne interesser, skal sikrast før det eventuelt vert gjeve løyve til tiltak. Dette kan omfatte mellom anna viktige friluftsområde, stignett, badeplassar og andre viktige areal og område for utomhusaktivitet. Områda skal sikrast som grønstruktur eller som omsynssone i kommuneplan/kommunedelplanen. Viktig stinett bør visast med SOSI-kode i kommuneplanen.
- Å sikre tilgjengeleg/ urørt eller tilrettelagt strandsone innafør gangavstand for dei som bur nær sjøen bør vera eit sentralt mål i forvaltninga. Dette er særleg viktig i område med utbyggingspress i form av bustadbygging og hyttebygging, og der det er stort bakland (dvs. område med busetnad som strekkjer seg langt innafør 100m beltet), som gjer at strandsona er viktig for mange.
- Det skal vera føresegner til slike område i kommuneplan/kommunedelplan som legg føringar og set vilkår for kva tiltak som kan gjennomførast utan plankrav og dispensasjon.

Interkommunale føringar for bygging av naust.

- Det er ønskjeleg å opne for bygging av naust i område der det er naustmiljø frå før. Det bør normalt ikkje opnast for nye naustområde.
- Naustområde det vert opna for, skal visast i kommuneplanen.
- Ved utlegging av naustområde må det setjast av areal til grøntstruktur om sikrar sjønære friluftsområde og fri ferdsel i strandsona.

Interkommunale føringar for småbåthamner:

- 1) Etablering av småbåthamner må sjåast i samanheng med folketalsutvikling og talet på båtplassar i småbåthamner som alt er etablert i den enkelte kommunen (sjå statistikk i Kap. 4.2.7)
- 2) I område med stort utbyggingspress må ein vurdere interkommunalt samarbeid for å skaffe større kapasitet til småbåthamner.
- 3) Vurdere planstatus i forhold til faktisk situasjon for båtplassering. Vurdere grep for innføring av fellesløysingar for å rydde opp i konfliktfylte og pressa område:
 - a. Flytte båtane til nye område for å frigje strandlinje, eller
 - b. Erstatte enkeltløysingar med fellesløysingar på same staden

Interkommunale føringar - FJORDLYST:

- Offentlege kaiar, gjestehamner og sjøbruksmiljø mm bør visast i kommuneplanen og etablerast som anlegg som sikrar tilgang og ferdsel i strandsonen.
- Anlegga kan gjerne ha kombinerte føremåle og tene fleire føremål.

Føringar for arealdisponering allmenne interesserNaturmangfald:

Strandsone kategori A1 – særlig verdifulle inngrepsfrie område innafor natur, friluftsliv, landskap og kultur. Forvaltningsstrategi:

- Halde områda fri for inngrep og utbygging som reduserer verdien.
- Tilrettelegging i desse område bør avgrensast til tiltak som fremjar brukskvaliteten for dei allmenne interessene.
- Sunnhordland bør ta eit særleg ansvar for lyngheilandskapet og naturtypene, slåttemark, slåttemyr og hole eiker.

Landskap:

Tilrådingar og retningslinjer i strandsoneplanen kan følgjast opp i kommuneplanar både gjennom bruk av formål, føresegnar, omsynsoner og retningslinjer for landskapsomsyn.

Den overordna vurderinga av lokalisering og konsekvensvurdering av om det aktuelle arealformålet passar saman med dei landskapsomsyna og landskapskvalitetane som gjeld for staden skal gjerast i kommuneplanen.

Den regionale kartlegginga si kartlegging av landskapstypar og skildring av dei ulike landskapstypene sine karakteristika, endringsfaktorar og sårbarheit bør leggjast til grunn. Den enkelte kommunen bør i kommuneplanen peike på område der det bør gjerast landskapsanalyse på kommunenivå før lokalisering av nye byggeområde/tiltak.

- Landskapsområde med stor til sær stor verdi i fylkeskartlegginga: Føresegnene bør vise til at det er knytt regionale landskapsverdiar til området. Omsynssone landskap kan nyttast til å lage retningslinjer for gjennomføring av landskapsanalyse på kommunenivå eller andre dokumentasjonskrav i samband med tiltak og planar, eventuelt også/eller gje konkrete retningslinjer for tiltak i det enkelte området ut frå eksisterande kunnskap.
- Landskapsområde med middels verdi og vanleg førekommande landskap i fylkeskartlegginga: Føresegnene bør stille generelle krav til landskapsomsyn som må oppfyllest og dokumenterast i samband med plan eller tiltak. Slike dokumentasjonskrav kan vera:
 - Landskaps- eller stadanalyse
 - Grøntstruktur, naturkvalitetar og vegetasjon
 - Brattleiksanalysar
 - Synlegheit, fjernverknad
 - Tilgrensande landskap, kulturlandskap, bygningsmiljø
 - Terrenginngrep og handsaming av massar

Friluftsliv:

I den interkommunale planen skal viktige område i nærmiljøet sikrast som grøntområde i planen. Her bør følgjande område vurderast:

- Allment tilgjengelege grøntområde i byar og tettstader som gjer det mogeleg å oppleve stilla og stilla i naturen.
- Grøntområde ved skular (grunnskule) og barnehagar.
- Grøntområde i byar/tettstader som vert brukt av barn og eldre.
- Bilfrie korridorar (som turveger) til/mellom grøntområde og markaområde i byar og tettstader.

I strandsoneplanen skal ein leggje vekt på å få inn som grøntstruktur i planen følgjande urørte område:

- Område i 100 meters breidde (på kvar side) langs verna vassdrag dersom friluftsliv er ein av verneverdiane, og andre deler av nedbørfeltet som det er fagleg dokumentert er viktig for verneverdien til vassdraget.
- Område i 100 meters breidde (på kvar side) langs vassdrag, dersom det i den aktuelle kommunen er vedteke eigne utfyllande føresegner til § 20-4, andre lekk, bokstav f. i PBL
- Ubygd og allment tilgjengeleg strandsone med breidde på min. 30 meter i tettbygd strøk.
- Område der fiske er opent for allmenta.
- Område der jakt er opet for allmenta.

Kulturminne:

Freda objekt og miljø: føresegnene i kommuneplanen må vise til kulturminneloven og eventuelle fredingsføresegner for dei aktuelle objekta. Generelt er det ønskjeleg at freda objekt og miljø er i bruk. Dette gjeld særleg bygningsmasse. Ein rår til at det freda området/objektet må inngå i ei omsynssone d, og at ein vurderer ei større omsynssone c rundt det freda arealet for å sikre samanhengen som objekta ligg i.

A-kategori : føresegnene bør vise til at det er knytt høge kulturminneverdiar til enkeltobjekt og miljø. Det vert rådd til at kommunale planar nyttar omsynssone c for desse objekta, og at sona samlar fleire enkeltobjekt i eit samla miljø. Ny bruk av området er ønskjeleg, men denne må tilpassast slik at den anten underordnar seg verdiane, eller at det går tydeleg fram kva som er det opphavlege, og kva som er nytt. Det må setjast høge krav til tilpassing.

B-kategori: føresegnene bør vise til at det er knytt kulturminneverdiar til enkeltobjekt og/eller miljø. Det vert rådd til at kommunale planar nyttar omsynssone c for desse objekta. I enkelte tilfelle kan det vere riktig å samle fleire av objekta i ei større, samanhengande omsynssone. Bruk av området er ønskjeleg, men bruken må tilpassast dei kulturhistoriske verdiane.

For C-kategori: føresegnene bør vise til at det er knytt kulturminneverdiar til enkeltobjekt og/eller miljø. Det vert rådd til at kommunale planar vurderer bruken av omsynssone c for objekta. Bruk av bygningar og området er ønskjeleg, men bruken må tilpassast dei kulturhistoriske verdiane.

Tolegrensa for inngrep er lågast for freda objekt og miljø og høgast for C-kategori.

Føringar for arealdisponering naturessursar

Landbruk:

Strandsone kategori A2 – vanleg LNF – område. Forvaltningsstrategi:

- Halde områda fri for inngrep og utbygging som reduserer landbruksverdien.
- Tilrettelegging i desse område bør avgrensast til tiltak som fremjar landbruket og her bør ein vera meir restriktiv på strandsida enn på landsida.

Fiske:

- Oppretthalde prioriterte fiskerikaier
- Leggje til rette for kaier og landareal for oppdrettsnæringa.
- Unngå arealkonflikt mellom strandsona og oppdrettslokalitetar

Forslag til føresegner

I Kap 5.5 er det utarbeida forslag til felles føresegner. Desse er utarbeida særleg med tanke på å fange opp strandsonestrategien og føringane som er omtalt i Kap 5.

Metode for konsekvensutgreiing og ROS

I Kap 6 er det omtalt felles metode for Konsekvensutgreiing og ROS som, særleg retta mot strandsoneplanen og planarbeidet i den enkelte kommune, DEL 2

Organisering prosess, medverknad og informasjon

Strandsoneplanen omfattar 9 kommunar. Når plantema skal klarerast på tvers mellom kommunane og i høve til regionalt nivå vert det omfattande prosessar. Dette er omtalt i Kap 7.

INNHALDSLISTE

Føreord	III
Samandrag.....	IV
1 Innleiing.....	1
1.1 Bakgrunn.....	1
1.2 Føremålet med planarbeidet	1
1.3 Planområdet.....	2
1.4 Plantema.....	3
1.5 Mål og strategiar for planarbeidet.....	5
1.6 Den interkommunale planen og kommune(del)planane.....	6
2 Overordna føringar	8
2.1 Nasjonale føringar	8
2.2 Regionale føringar.....	13
2.3 Interkommunale føringar	16
2.4 Lokale føringar	20
3 Problemstillingar og Utdordringar	22
3.1 Utdordringar for næringsliv og busetting.....	23
3.2 Allmenne interesser.....	25
3.3 Utdordringar knytt til ein planprosess som omfattar ein region med 9 kommunar. ...	26
4 Strandsona – kunnskapsgrunnlag og særtekk.....	28
4.1 Generelt	28
4.2 Næringsliv og busetting – forholdet til strandsona	28
4.3 Allmenne interesser.....	54
4.4 Naturressursar	66
5 Planforslag	68
5.1 Interkommunal strandsonestrategi for Sunnhordland:	69
5.2 Arealdisponering næringsliv og busetting.	88
5.3 Arealdisponering allmenne interesser	104
5.4 Arealdisponering naturressursar	116

5.5	Forslag til felles føresegner og retningslinjer	117
6	Metode for Konsekvensutgreiing og ROS.....	131
6.1	Vurdering av verknadene for arealbruksstrategiar	132
6.2	Utgreiing av enkeltområde.....	132
6.3	ROS	135
6.4	Samla vurdering og tilråding av dei einskilde innspela.....	139
6.5	Forslag til skjema for KU- og ROS-vurdering av enkelttiltak:	140
6.6	Utgreiing av samla verknad av planforslaget	142
7	Organisering, prosess, medverknad og informasjon.....	143
7.1	Organisering	143
7.2	Prosess	144
7.3	Medverknad og informasjon	144
8	VEDLEGG.....	1

FIGURLISTE

Figur 1. Tabellen viser bustadbygging i Sunnhordland og Fusa - nybygg dei siste 10 åra innafor og utanfor tettstadene.....	VI
Figur 2. Planområdet for den interkommunale strandsoneplanen for Sunnhordland og Fusa.....	2
Figur 3. Strandsonestrategi for Sunnhordland.....	5
Figur 4. Eksempel på funksjonell strandsonekartlegging.....	19
Figur 5. Dei norske maritime områda.....	24
Figur 6. Kartet viser korleis samla golvareal i næringsbygg fordeler seg på ulike kategoriar, og kor dei største næringsstadene er. Utgangspunktet er bygningsdata frå matrikkelen. Metoden for kartlegging er nærare forklart i vedlegg 1.....	31
Figur 7. Planstatus på næringsareal i Sunnhordland. Henta frå arealdelen til kommuneplan og enkelte reguleringsplanar der kommuneplanen ikkje er dekkande. Kartet er også tilgjengeleg i eit meir detaljert utgåve i større format (A1-vedlegg).....	32
Figur 8. Viktig hamneinfrastruktur i Sunnhordland. Sjå også kart med forslag til regional viktige sjørelaterte næringsområde (Figur 51).....	35
Figur 9. Kart som viser den maritime infrastrukturen (farleier og kaiar) i forhold til lokalisering av næringsområde i Sunnhordland.....	36
Figur 10. Kart som viser ulike brukarinteresser knytt til hamnene i Sunnhordland. Dei stadene som har fleire brukarinteresser innanfor eit avgrensa område, er markert med stadnamn. Ei slik funksjonsblanding kan vere ei utfordring i forvaltninga på sikt, men kan og vere ein styrke for hamna sin posisjon i regional samanheng.....	38
Figur 11. Folkevekst i Sunnhordland i 2012 viser nedgang i nokre kommunar og sterk vekst i andre.....	39
Figur 12. Viser folketalsutviklinga i grunnkretsane frå 2000 - 2014.....	40
Figur 13. Busetjingsmønster.....	41
Figur 14. Kartet til venstre viser alle fritidsbustader i regionen.....	41
Figur 15. Kartet viser talet på nybygg av fritidsbustader frå 2000 til 2014 fordelt på grunnkretsane i Sunnhordland.....	42
Figur 16. Tettstader i Sunnhordland og Fusa.....	44
Figur 17. Høvringsvik i Bømlo.....	45
Figur 18. Det tradisjonelle naustet har ei naturleg og karakteristisk plassering i sjøkanten. Forma er og gjerne karakteristisk og henta frå de tradisjonelle, enkle vestnorske grindbygget med gavlen vendt mot sjøen. Naustet er derfor ein velkjent bygningstypologi som er bygd for lagring av båt og fiskereiskap.....	46
Figur 19. I dette sjøbruksmiljøet frå Stolmen, ser ein dei klassiske sjøhusa som ikkje var bygde for å huse båten men for lasting og lossing av varer og reisskap. Desse sjøhusa har utstikkande gavl med vindehjul for lasting og lossing.....	46
Figur 20. Naust med båtstøa. Fritidsbruken tek meir og meir over for bruken av naustet som ein del av landbruksdrifta. Kai og flytebrygge vert ofte sett som naudsynt for å få tilstrekkeleg plass til fritidsbåten.....	50
Figur 21. Sjøhus med fiskebruk. Bygget er konstruert for lagring av utstyr og reisskap og for greiing av garn og arbeid knytt til fisket. Er dette eit naust eller eit næringsbygg?.....	50
Figur 22. Fritidsbustad (rorbuer) ved sjøen, Grunnvåg, Moster, utforma med alle dei karakteristiske trekk som.....	50
Figur 23. Sjøhus for fiskebruk, Rolfsnes.....	50
Figur 24. Diagram som viser talet på båtar som er registrert, samt talet på funksjonelle småbåtområde i den enkelte kommune ..	51
Figur 25. Kartlegging som viser korleis småbåtane i Sunnhordland er organisert – i tette småbåtområde (lilla), eller meir spreidd (oransje).....	52
Figur 26. Diagram som viser kor stor del av småbåtane som er lokalisert i funksjonelle småbåtområde i den enkelte kommune ..	53
Figur 27. Kart som viser spesielle naturkvaliteter.....	55
Figur 28. Landskapstypar langs kyst og fjord i Sunnhordland.....	58
Figur 29. Landskapsverdi langs kyst og fjord i Sunnhordland.....	58
Figur 30. Fordeling av landskapstypar i Sunnhordland.....	59
Figur 31. Kart som viser friluftsiinteresser.....	61
Figur 32. Friluftsområdet Gunnarsvikjø på Tysnes.....	62
Figur 33. Frå Økland, Stord. Foto: A. Jenssen.....	63
Figur 34. Kulturminnegruppene som er trekt fram i strandsoneplanen er vist i kulturminnekartet. Berre objekt i 100-metersbeltet er vist. Område der kulturminne ligg tett er framheva særskilt som kulturminnerik strandsone. Desse områda kan ha større samanhengande kulturmiljø med verdiar.....	65
Figur 35. Naturressursar i Sunnhordland. (Manglar kjerneområde landbruk for enkelte kommunar). Kartet er også tilgjengeleg i eit meir detaljert utgåve i større format (A1-vedlegg).....	66
Figur 36. Tabellen oppsummerer strandsonestrategi for Sunnhordland. Kolonna til venstre inneheld måla frå strandsonestrategien vedteken i Samarbeidsrådet i 2008. Kollonne to har forslag til hovudstrategiar. Kolonne tre har hovudtiltaka for å gjennomføre strandsonestrategien for Sunnhordland.....	69
Figur 37. Nye bygg i alle kategoriar delt på kilometer strandsone i kvar kommune.....	71
Figur 38. Nye bustader delt på kilometer strandsone i kvar kommune.....	71
Figur 39. Utbyggingspress vist ved hjelp av vekst i folketalet og bygging av årlege tal for bygging av fritidsbustader.....	72
Figur 40. Underlagskart for ei differensiert strandsoneforvaltning i områdekategoriar.....	73
Figur 41. Kommuneplanlegging etter strandsonestrategi for Sunnhordland og Fusa.....	74
Figur 42. Frå plan til gjennomføring.....	75
Figur 43. Illustrasjonar for prinsipp for funksjonell strandsonekartlegging.....	77
Figur 44. Eksempel på temakart som viser strandsonekategoriar. Illustrasjon: Kjartan Toresen, Kvinnherad kommune.....	80
Figur 45. Urørt strandsone (Foto: Peter B Andersen).....	81

Figur 46. Fusa, eksempel på landbruksområde med direkte tilknytning til sjø	82
Figur 47. Åkra i Kvinnherad er typisk for strandsone kategori B1, med spreidd busetnad i eit jordbrukslandskap	83
Figur 48. Kyrping-området er eit døme på ei blanding av spreidd og tett utbygging, strandsone kategori B2	84
Figur 49. Eksempel frå Fusa, typisk område som høyrer heim i strandsone kategori B2, Blanding av område med spreidd busetnad og mindre område med tett busetnad.	84
Figur 50. Tettstaden Rosendal, eksempel på strandsone kategori C, utbygde område.	86
Figur 51. Kart over regionalt viktige næringsområde. Detaljert forklaring av metoden for klassifikasjon er presentert i vedlegg.	90
Figur 52. Tettstadsområde i Sunnhordland og Fusa (Illustrasjon Asplan Viak AS)	94
Figur 53. Bustadbygging i tettstadene må vera nyskapande. (illustrasjon Asplan Viak)	96
Figur 54. Bygg i strandsona kan vera ein del av strandsona. Dette er eit klubbhus for ei båt foreining i København.	97
Figur 55. Sjøfronten i tettstadene kan utformast på mange måtar. Eksempel på badeplass i København.	97
Figur 56. Det bør skapast fleire møteplassar i strandsona.	102
Figur 57. Strandsona må ha plass til ungdommen – dei er framtida for Sunnhordland.	103
Figur 58. Landskapsbiletet	106
Figur 59. Kartet viser registrerte sjøbruksmiljø i Sunnhordland med verdisetting. For kvart sjøbruksmiljø er det lagt inn ei sone rundt (polygon) – som kan vere utgangspunkt for ei drøfting av omsynssone vern i kommunal plan. Miljø i kategori A er i fredningsklasse med høge verneverdiar knytt til både enkeltobjekt og samanhengen dei ligg i. Miljø i kategori B har verneverdiar til enkeltobjekt og miljø. Miljø i kategori C har verneverdi knytt meir til enkeltobjekt og mindre til miljø.	111
Figur 60- Til venstre: røys i Etne. Foto: T. Linge, Hordaland fylkeskommune. Til høgre: røys på Maurangsnes, Kvinnherad. Foto: A.K. Siversen, Hordaland fylkeskommune.	112
Figur 61- Til venstre: Steinbrot på Hespriholmen, Bømlo. Foto: A. Steindal, Hordaland fylkeskommune. Til høgre: Forhistorisk nausttuft i Storstøvikjø, Sæbø, Kvinnherad. Foto: A. Jenssen, Hordaland fylkeskommune.	112
Figur 62- Til venstre: Sjøbruksmiljøet Årbakka på Tysnes. Foto: A. Steindal, Hordaland fylkeskommune. Til høgre: Einstapevoll gard i Sveio. Foto: H. Windsholt, Hordaland fylkeskommune.	113
Figur 63- Til venstre: Sjøbruksmiljøet Hanøvvågen i Fitjar. Foto: A. Steindal, Hordaland fylkeskommune. Til høgre: Engjavik, Fusa. Foto: A. Steindal, Hordaland fylkeskommune.	113
Figur 64- Til venstre; Brandasund, Bømlo. Foto: G. Austrheim, Hordaland fylkeskommune. Til høgre: Sunndal i Kvinnherad. Foto: G. Austrheim, Hordaland fylkeskommune.	114
Figur 65- Til venstre; Skåravågen, Fusa. Foto: H. Windsholt, Hordaland fylkeskommune. Til høgre: Nesevågen, Skumsnes. Foto: A. Østerdal, Hordaland fylkeskommune.	114
Figur 66- Til venstre: Kalve, Austevoll. Foto: A. Steindal, Hordaland fylkeskommune. Til høgre: Eidesvågen, Bømlo. Foto: E. J. Warren, Hordaland fylkeskommune.	115

1 INNLEIING

1.1 Bakgrunn

Bakgrunn for planarbeidet er omtalt i plangrammet, vedteke i mai 2012:

Samarbeidsrådet for Sunnhordland har over lengre tid arbeidd med å få til ei god regional og lokalt tilpassa strandsoneforvaltning, ei differensiert forvaltning som tar utgangspunkt i lokale forhold og behov. Dette ligg nedfelt i "Strandsonestrategi for Sunnhordland" som Samarbeidsrådet fremja forslag om, og som vart vedteken av kommunane i desember 2008.

I det vidare arbeidet med ein regional strandsoneforvaltning vart arbeidet løfta opp på eit nasjonalt nivå i møte med kommunal og regionaldepartementet i februar 2010. I møtet vart Samarbeidsrådet oppmoda om å utforme ein søknad om at Sunnhordland bør vera ein pilotregion for differensiert strandsoneforvaltning. Søknad om prøveprosjekt vart sendt departementet 17. februar 2010. Allereie i august kom det eit positivt svar frå kommunalministeren.

I tilbakemeldinga frå kommunalministeren låg det få føringar for planarbeidet. Regionen sjølv måtte derfor definere innhaldet i planarbeidet og komme med forslag til korleis arbeidet skulle gjennomførast. I planprogrammet frå mai 2012 er det gjort greie for dette.

1.2 Føremålet med planarbeidet

I planprogrammet er føremålet med den interkommunale strandsonen planen omtalt slik:

Hovudføremålet med planarbeidet er å utarbeida ein felles interkommunal plan for strandsona i Sunnhordlandskommunane og Fusa kommune.

Den interkommunale planen skal vera det overordna styrande plandokumentet for all arealbruk og forvaltning av areal i strandsona til dei deltakande kommunane. Planen skal visa arealformål og omsynssoner for bruk og vern av areal i strandsona.

Planen skal og konkretisera og visa korleis statlege planretningsliner for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen, fastsett ved kongeleg resolusjon av 25. mars 2011, skal forståast for Sunnhordlandsregionen som er definert som eit område med mindre press på areala.

I planprogrammet står det vidare at planen skal innehalda felles målsetting med strategiar og felles føresegner som kan nyttast av kommunane ved forvaltning og vidare planlegging og saksbehandling av tiltak i strandsona. Dette er omtalt i eige kapittel nedanfor.

1.3 Planområdet

Den interkommunale strandsoneplanen omfattar Sunnhordlandskommunane Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio, Tysnes og Fusa, som grensar til regionen i nord.



Figur 2. Planområdet for den interkommunale strandsoneplanen for Sunnhordland og Fusa

Planområdet, strandsona, er som hovudregel avgrensa til 100-metersbeltet eller funksjonell strandsona og 50 m ut i sjø. Her kan det til dømes vera større friluftsområde eller næringsområde og liknande som kan gjera det aktuelt å utvida planområdet både på land- og sjøside.

1.4 Plantema

I planprogrammet er tema som skal vurderast i planarbeidet definert på følgjande måte:

- *Friluftsområde, regionale og lokale*
- *Område med spesielle natur- og landskapskvalitetar*
- *Sikring av større, viktige friluft- og landskapsområde*
- *Kulturminneområde, kystkultur m.m.*
- *Område for næringsutvikling, hamneanlegg, reiselivsbygg*
- *Felles båthammer/bryggeanlegg, naustområde, fellesnaust*
- *Bustadområde og område for fritidsbustader*
- *Fortettingsområde*

Ved vurdering av dei ulike tema skal eksisterande lokalitetar/ område kartleggjast samstundes som trongen for nye skal vurderast. Nye område skal sikrast for det aktuelle føremålet, t.d. skal viktige friluft- og landskapsområde sikrast mot nedbygging.

Det skal vidare utarbeidast felles føresegnar for bygging av brygger, naust, rorbuer, spreitt utbygging, m.m. i strandsona og elles andre føresegnar med retningslinjer som gjeld bruk og forvaltning av strandsona.

I dette planarbeidet er det ikkje føresett å vurdera einskildtiltak som brygger, naust, hytter og bustader og liknande plassert i strandsona. Slike einskildsaker må kommunane ta stilling til seinare med heimel i føresegnar og eventuelle reguleringsplanar, jamfør statlege retningslinjer pkt. 7.2 der det heiter at «Ved utbyggingstiltak som ikkje er særleg omfattande bør arealutnyttingen styres gjennom bestemmelser til kommuneplanen».

I føresegnene med retningslinjer til den interkommunale planen skal det og definerast nærare einskilte omgrep som t.d. naust både når det gjeld funksjon, storleik, utforming/arkitektur m.m.

Der det er behov for det skal kommunane og kunna differensiera strandsoneforvaltninga innanfor ulike område i den einskilte kommune der ein kan ha ulikt byggepress og ulike behov for lokal utvikling.

Det skal vidare leggjast vekt på fokusområda i statlege retningslinjer, særleg område som gjeld fortetting og sikring av allmenne behov. Det vil vera viktig å få konkretisert korleis retningslinjene skal forståast ved planlegging i kommunane.

I planarbeidet har ein valt ei temainndeling som tar opp i seg alle tema og problemstillingar som er nemnde i planprogrammet. Innhaldet i kapittel 4 og 5 har derfor fått denne inndelinga i forhold til hovudtema nemnde under prikkpunkta ovanfor:

1. Næringsliv og busetting.
 - Næringsliv
 - Busetting
 - Fritidsbustader
 - Naust

2. Allmenne interesser
 - Naturmangfald
 - Friluftsliv
 - Kulturminne
 - Landskap
3. Naturressursar
 - Landbruk
 - Fiske

Kapitel 4 omtaler dagens situasjon, kunnskapsgrunnlaget for planarbeidet.

I kapitel 5 vert det gjort greie for planforslaget under desse hovudpunkta som omhandlar arealdisponering:

- Målsetting
- Interkommunale føringar for arealdisponering
- Forslag til aktuelle arealføremål og korleis dess bør brukast.

Prøveprosjekt

I planprogrammet er pilotstatusen, som sunnhordlandskommunane har, omtalt slik:

Den interkommunale strandsoneplanen inngår som ein viktig del av pilotprosjektet om "Differensiert strandsoneforvaltning i Sunnhordland" og skal i tillegg inngå som ein del av det grunnlaget som Miljøverndepartementet skal nytta, når det skal vurderast kva kategori kommunane Austevoll, Bømlo, Fitjar, Stord, Sveio og Tysnes skal plasserast i, etter at prøveperioden som pilotregion er avslutta i 2014, jamfør "Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen". I planarbeidet vil ein sjå på korleis retningslinjene skal følgjast opp ved vurdering av utbygging i 100-metersbeltet .

Kommunal og moderniseringsdepartementet har i brev av 2.07.2014 med fire år til 2018

I forlenging av pilotregionstatusen har Samarbeidsrådet sendt søknad om å eit prøveprosjekt som handlar om to hovudtema:

1. Større grad av lokalt eigarskap til planane og der i gjennom styrking av lokaldemokratiet ved større grad av lokalt sjølvstyre i strandsoneforvaltninga i Sunnhordland
2. Forenkling av lovverk/regelverk tilpassa planutfordringane i kystområda, med fokus på at lokaldemokratiet får eit større ansvar for å utvikle denne delen av arealet i kommunane.

Tanken er å prøve ut forslaget til strandsoneforvaltning som vert presentert i den interkommunale strandsoneplanen for Sunnhordland over ein periode, med etterfølgjande evaluering.

1.5 Mål og strategiar for planarbeidet

I vedteken strandsonestrategi for Sunnhordland (frå 2008) er det ført opp følgjande hovudmålsetting.

- *Bli pilotregion for differensiert strandsonepolitikk*
- *Ha større sjølvråderett lokalt i arealpolitikken*
- *Fortetta allereie utbygd strandsone*
- *Bruka strandsona aktivt for å sikra busetjing og næringsliv*
- *Sikra urørt og eigna strandsone for allmenta og friluftsliv*
- *Leggja strandsonestrategi for Sunnhordland til grunn i sakshandsaminga i kommunane*

Desse målsettingane er utgangspunktet for utvikling av strategiar og plantiltak for arbeidet med den interkommunale strandsoneplanen for Sunnhordland

I tabellen nedanfor er hovudpunkta i strandsonestrategi for Sunnhordland vist. Kolonna til venstre inneheld måla frå strandsonestrategien vedteken i Samarbeidsrådet i 2008. Kollonne nummer to har forslag til hovudstrategiar. Kolonne tre viser overskriftene for hovudtiltaka for å gjennomføre strandsonestrategien for Sunnhordland. Tiltaka er vist og omtalt i kapitel 5.


Hovudmål:	Strandsonestrategi for Sunnhordland:	Plantiltak :
1. Bli pilotregion for differensiert strandsonepolitikk	1. Pilotstatusen må evaluerast, i tråd med punkt 7.1 i Statlige planretningslinjer for diff forvaltning av strandsonen langs sjøen.	1. Kontakt med departementet
2. Ha større sjølvråderett lokalt i arealpolitikken.	2. Utarbeida ein Interkommunal strandsoneplan for SHL og Fusa som gjev kommunane lokalt handlingsrom til å gjennomføra ei differensiert og tipassa planlegging, forvaltning og utbygging av strandsona. Arbeida for at kommunane i planområdet vert plassert i hovudområde 3, område med mindre areapress.	2. Vurdere utbyggingspress.
3. Fortetta allereie utbygd strandsone.	3. Fortetting i strandsona. a) Definere fortettingsstrategiar for ulike sonar av utbygde område. Når kan utbygging skje som føresegner til LNF b) område i strandsona og når må ein bruke plankrav. b) Fortetting/utbygging skal skje etter kvalitetskriteria for tilgjenge til strandsona for allmenta, omsyn til allmenne interesser, veg og infrastruktur (inkl stiar og kaiar), heiseltiltak, god estetikk og universell utforming.	3. Fortetting, tiltak i utbygde område.
4. Bruka strandsona aktivt for å sikra busetjing og næringsliv	4. Fokus på næringsinteresser. Felles verdiklassifisering for tema næringsareal og naturressursar, (landbruk og fiske) for sikring av regionalt og kommunalt viktige område.	4. Verdikart for næringsinteresser
5. Sikra urørt og eigna strandsone for allmenta og friluftsliv	5. Fokus på allmenne interesser. Felles verdiklassifisering for tema naturmiljø, landskap, friluftsliv og kulturmiljø for sikring av regionalt og kommunalt viktige område.	5. Verdikart for allmenne interesser
6. Leggja strandsonestrategi for Sunnhordland til grunn i sakshandsaming i kommunane	6. Fokus på strandsoneplanlegging: a) Som tek omsyn til felles interesser i regionen. b) Som tar i bruk effektive planverktøy for styring av fortetting i strandsona. c) Som har eit felles regionalt, datagrunnlag for utarbeiding av planstrategi, kommuneplanar, KU og ROS	6. Planarbeid i den interkommunale strandsoneplanen:

Figur 3. Strandsonestrategi for Sunnhordland.

1.6 Den interkommunale planen og kommune(del)planane

I planprogrammet står det om planarbeidet: «Det interkommunale plansamarbeidet vert gjennomført på eit overordna, kommunalt plannivå. I samsvar med tilrådd mandat frå Samarbeidsrådet i Sunnhordland og vedtak i dei deltakande kommunane, skal planen etter vedtak i den einskilde kommune vera ein del av kommuneplanen. Den interkommunale planen skal tilpassast behova og planstatus i den einskilde kommune.»

Den interkommunale strandsoneplanen for Sunnhordland har to hovuddeler:



Fellesdelen av den interkommunale strandsoneplanen for Sunnhordland skal skape ein felles plattform for arbeidet i den enkelte kommune med planarbeidet med kommune(del)planane. Fellesdelen skal klaregjera framtidig strandsoneforvaltning i Sunnhordland i tråd med målsettingane i den vedtekne strandsonestrategien for Sunnhordland frå 2008.

Fellesdelen skal gjere greie for og innehalde:

- Bakgrunn og formålet med planarbeidet.
- Gjere greie for felles problemstillingar i regionen innafor dei tema som er omtalt.
- Utarbeide eit felles kunnskapsgrunnlag for tema som inneheld allmenne interesser av nasjonal og regional verdi og avklare verdisetting og avgrensing av desse i forhold til regionale mynde.
- Utarbeide felle kunnskapsgrunnlag knytt til busetnad og næringsutvikling for Sunnhordlandsregionen.
- Utarbeide eit felles kunnskapsgrunnlag for allmenne interesser av lokal verdi som kommunane ser som viktige for utvikling av regionen.
- Utarbeide forslag til mest mogeleg felles forvaltning i forhold til plan og bygningslova, basert på retningslinene for hovudområde 3 i dei statlege planretningslinene, og avklare denne med regionale mynde.
- Utarbeide forslag til felles føresegner for forvaltningsprinsippa nemnde ovanfor og avklare desse med regionale mynde.

Materialet skal samlast i ein rapport og visast på digitale kart i større format enn det som vert vist i rapporten. Datasettet kan nyttast som direkte grunnlag for planarbeid i kommunane og representerer eit heil nytt datasett basert på kommuneplandata frå kommunane i Sunnhordland. Fellesrapporten kan nyttast inn i planomtalen for kommunedelplanen i den enkelte kommune og på den måte verte eit juridisk bindande plandokument etter PBL.

I planprogrammet er det framheva som ei målsetting at kommunane som deltek i prosjektet skal få auka kompetanse når det gjeld planlegging og forvaltning av strandsona etter Plan- og bygningslova, og at kommunane i løpet av planprosessen i dialog med regionale mynde og ulike aktørar skal finna gode, lokaltilpassa løysingar.

1.6.1 Status for planarbeidet i kommunane

Arbeidet med kommunedelplanane er noko ulikt prioritert i kommunane. Gjennomgang av status i arbeidet er vist i tabellen nedanfor.

Kommune	Status i planarbeidet i kommunane
Austevoll	<i>KPA vedteken: 18.06.2013</i> <i>Funksjonell strandsonekartlegging.</i> Kommuneplanen har vedtak om 25 m byggegrense til sjø inntil funksjonell strandsonekartlegging er gjennomført. <i>Kommunedelplan for strandsona:</i> Viser her til referat frå møtet med Austevoll kommune den 29.11.2013
Bømlo	<i>KPA vedteken: 18.03.2013</i> <i>Funksjonell strandsonekartlegging.</i> Funksjonell strandsone er kartlagt for aktuelle strekningar og handsaming av innspel til strandsoneplanen er komme godt i gang med politisk sak til planutvalet. <i>Kommunedelplan for strandsona:</i> Bømlo har komme godt i gang med arbeidet med kommunedelplanen.
Etne	<i>KPA vedteken: Desember 2003.</i> <i>Kommunedelplan for Etnesjøen frå 2012.</i> <i>Funksjonell strandsonekartlegging.</i> Utført i KDP Etnesjøen og forsøksområde på Skånevikstranda (Akvator 2011). Resterande tas i samband med rullering av KPA. <i>Kommunedelplan for strandsona:</i> Rullering av kommuneplanen er starta opp.
Fitjar	<i>KPA vedteken: 20.06.2012</i> <i>Funksjonell strandsonekartlegging.</i> Er utført for dei aktuelle strekningane. Fitjar har slått saman arbeidet med kommunedelplan for Fitjarøyane med kommunedelplan for strandsona. Plan
Fusa	<i>KPA vedteken: 23.05.2006</i> <i>Funksjonell strandsonekartlegging.</i> Gjennomført kartlegging av funksjonell strandsone for dei aktuelle strekningane <i>Kommunedelplan for strandsona:</i> Fusa har til no gjennomført ein parallell prosess med kommuneplanarbeid og kommunedelplan for strandsona. Planprogram vart vedteke i 2013
Kvinnherad	<i>KPA vedteken: Seks KDP med vedtaksdatoar frå 2003 til 2013</i> <i>Funksjonell strandsonekartlegging:</i> Utført i eigen regi <i>Kommunedelplan for strandsona:</i> Kvinnherad har starta arbeidet med ei teknisk rullering som skal enda i ein ny samla arealdel til kommuneplanen. Det er samla inn innspel til strandsoneplanen, og sjølve planarbeidet vert sett i gong så snart det er ressursar til det.
Stord	<i>KPA vedteken: 15.12.2011</i> <i>Funksjonell strandsonekartlegging gjennomført i deler av kommunen og ligg som omsynssone på plankartet. Skal starta revisjon av kommuneplanen i 2015 og vil då m.a. ha fokus på strandsona og leggja retningslinene og føresegnene frå strandsoneplanen til grunn.</i>
Sveio	<i>KPA vedteken: 3.10.2011</i> <i>Funksjonell strandsonekartlegging.</i> Det er utført for aktuelle strekningar <i>Kommunedelplan for strandsona:</i> Sveio har starta planarbeidet.
Tysnes	<i>KPA vedteken: 1.06.2012</i> <i>Funksjonell strandsonekartlegging.</i> Utført for aktuelle strekningar Tysnes Kommune v/kommunestyre har gjort vedtak om utsetjing av oppstart av rullering av kommuneplan, samfunnsdelen (oppstart 2014)og arealdelen (oppstart 2015).Oppstart av rullering av kommuneplan vert avklara av nytt kommunestyre i samband med deira vurdering av kommunen sin planstrategi.

2 OVERORDNA FØRINGAR

2.1 Nasjonale føringar

Plan og bygningslova av 2008 har krav om samordning av statlege, regionale og kommunale oppgåver for å gje eit betre grunnlag for bruk og vern av ressursar. Det er eit overordna mål å leggje til rette for ei langsiktig samfunnsutvikling som dekker dagens behov utan å svekke framtidsutsiktene for kommande generasjonar. Ei berekraftig utvikling står som eit sentralt mål i den nye lova.

§ 1-1 Lovens formål

Loven skal fremme bærekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar. Planlegging etter loven skal bidra til å samordne statlige, regionale og kommunale oppgaver og gi grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressursar.

Planlegging og vedtak skal sikre åpenhet, forutsigbarhet og medvirkning for alle berørte interesser og myndigheter. Det skal legges vekt på langsiktige løysningar, og konsekvenser for miljø og samfunn skal beskrives.

Prinsippet om universell utforming skal ivaretas i planleggingen og kravene til det enkelte byggetiltak. Det samme gjelder hensynet til barn og unges oppvekstvilkår og estetisk utforming av omgivelsene.

Som ein lekk i samordning av statleg, regional og kommunal planlegginga har den nye plan og bygningslova krav om at Kongen (kongen i statsråd, les; regjeringa) kvart fjerde år skal utarbeide eit dokument med nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. Dette skal nå utarbeidast som ein formell del av plansystemet.

Overordna føringar for kommuneplanarbeidet:



Plan og bygningslova, §7-1 og §7-2 stiller og krav om at det skal utarbeidast ein regional planstrategi i samarbeid med kommunane. Denne skal leggjast til grunn for planarbeidet i regionen og omfattar både kommunane og regionale/statlege styresmakter.

Plan og bygningslova stiller krav om at kommuneplanarbeidet skal vera forankra i overordna planar og føringar. Det treng ikkje bety at lokale behov og forventningar skal setjast til side.

Samfunnsutviklinga lokalt må vera det styrande for kommunal planlegging. Plan og bygningslova stiller krav om avklaring og utgreiing av konsekvensar i høve til nasjonale og regionale føringar.

Overordna føringar er gjeve i stortingsmeldingar, statlege retningslinjer og rundskriv/brev frå departement som gjev nasjonale føringar for planarbeidet.


Nasjonale føringar som er retta direkte mot planarbeid etter plan og bygningslova finn ein i dokumentet: **«Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. Vedtatt ved kongelig resolusjon 24. juni 2011»**. Her er regjeringa sine forventningar til kva som skal følgjast opp av statlege organ i deira medverknad i planleggingsarbeid etter plan og bygningslova. Forventningane er retta mot regional og kommunal planlegging og er ganske detaljert innafor desse hovudområda:

- Klima og energi
- By og tettstadutvikling
- Samferdsel og infrastruktur
- Verdiskaping og næringsutvikling
- Natur, kulturmiljø og landskap
- Helse livskvalitet og oppvekstmiljø

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging fastsett ved kongeleg resolusjon av 24.06.2011. Dei nasjonale forventningane peikar på oppgåver og interesser som regjeringa ser som viktig at fylka og kommunane tek med i planlegginga etter Plan- og bygningslova i komande periode for å medverka til gjennomføring av nasjonal politikk.

Det vert vist til Kap 7. Natur, kulturmiljø og landskap der det står:

"Regjeringen forventer at: - kommunene vurderer arealbruken i strandsonen langs sjøen i et helhetlig og langsiktig perspektiv, og at det tas særlig hensyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen legges til grunn for planleggingen. "



Ein interkommunal strandsoneplan for Sunnhordland og Fusa må ha som hovudmål å ta utgangspunkt i samfunnsutviklinga lokalt i kommunane, definere flest mogeleg av felles interesser på tvers av kommunane, og avklare mest mogeleg av desse i høve til overordna føringar. Dette vil sikre ei berekraftig utvikling i Sunnhordland og Fusa, basert på lokale forhold.

Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen.
Fastsatt ved kgl. res. Av 25. mars 2011, jf. plan- og bygningsloven av 27. juni 2008 § 6-2.

Sunnhordlandsregionen er plassert i hovudområde 3, dvs. "Områder med mindre press på arealene", i ein prøveperiode pga. status som pilotregion. Men i 2018 skal plassering av kommunane Austevoll, Bømlo, Fitjar, Stord, Sveio og Tysnes vurderast på nytt, jamfør brev frå Kommunal og moderniseringsdepartementet av 2.07.2014.

Retningslinjene skal tydeleggjera nasjonal arealpolitikk i 100-metersbeltet langs sjøen, ivareta allmenne interesser og unngå uheldig utbygging langs sjøen. Kommunane skal leggja retningslinjene til grunn i den kommunale planlegginga, planbehandling og ved behandling av dispensasjonssøknader.

Dette er eit sentralt dokument for arbeidet med interkommunal strandsoneplan for Sunnhordland. I arbeidet er den interkommunale planen har ein lagt til grunn for planarbeidet ei tolking av retningslinjene for hovudområde 3, basert på lokale forhold.

Kva som vert vektlagt, lagt til grunn for å forme strandsoneforvaltning i Sunnhordland er vist i kolumna til høgre i tabellen nedanfor. Dei statlege retningslinjene for område 3 er vist i vestre kolumne.

Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen. (sitat)	VEKTLEGGING I SUNNHORDLAND
<p>1. Formål (utdrag): Formålet med disse retningslinjene er å tydeliggjøre nasjonal arealpolitikk i 100-metersbeltet langs sjøen. (.....)</p> <p>I plan- og bygningsloven av 27. juni 2008 er bestemmelsen om forbud mot bygging og andre tiltak i 100-metersbeltet langs sjøen klargjort og strammet inn. I § 1-8 første ledd framgår uttrykkelig at det i 100-metersbeltet skal tas særlig hensyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser.</p> <p>2. Virkeområde (.....)</p> <p>Forbudet i 100-metersbeltet gjelder ikke der annen byggegrensning er fastsatt i kommuneplanens arealdel eller reguleringsplan. Forbudet gjelder heller ikke der kommunen har gitt bestemmelser etter loven § 11-11 nr. 4 om oppføring av nødvendige bygninger, mindre anlegg og opplag som skal tjene til landbruk, reindrift, fiske, akvakultur eller ferdsel til sjøs. (.....)</p> <p>3. Offentlige myndigheters oppgaver og ansvar (.....)</p> <p>I utgangspunktet er det kommunene som ut fra en helhetsvurdering bestemmer hvordan arealene skal nyttes. (.....)</p>	<p>Dei statlege planretningslinjene gjeld for 100-metersbeltet langs sjøen, med rekkevidda fastsett i plan- og bygningslova §1-8.</p> <p>Målet er:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ta vare på allmenne interesser • Unngå uheldig bygging langs sjøen • Gjennomføre ein sterkare geografisk differensiering, der vernet vert gjort strengast i sentrale områder der presset på areala er stort. <p>Gjennom arealdelen til kommuneplanen (og reguleringsplan) kan det fastsetjast andre byggegrensingar til sjø enn 100-metersbeltet.</p> <p>Kommunane vert pålagt forvaltningsansvaret for både kommunale, regionale og nasjonale mål og interesser i sin planlegging.</p>

Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen. Hovudområde 3 Kommunar med mindre arealpress.
Punkt 7.2 For disse områdene gjelder følgende retningslinjer (sitat):

Byggeforbudet i 100-metersbeltet langs sjøen i § 1-8 i plan- og bygningsloven av 27. juni 2008 gjelder generelt. I den nye loven er forbudet og bestemmelsene om dispensasjon i kapittel 19 strammet inn. 100-metersbeltet er av nasjonal interesse, og bygging her i de nevnte kommunene skal bare tillates etter en konkret vurdering ut fra lokale forhold.

I områder uten press vil det være enklere for kommunene å gi tillatelse til å bygge enn i områder der presset er stort. Det vil gi kommunene utenfor pressområdene mulighet til å inkludere 100-metersbeltet langs sjøen i sine helhetlige utviklingsstrategier. Dette innebærer at kommunene kan vedta planer som innebærer utbygging til ulike formål også i 100-metersbeltet.

Kommuneplanen skal legges til grunn for eventuell utarbeiding av reguleringsplan (områderegulering eller detaljregulering). Byggegrense skal angis i planene, jfr. plan- og bygningsloven § 1-8 tredje ledd. Eldre planer som gir mulighet for utbygging i strid med retningslinjene, bør revideres eller oppheves.

Ved større byggetiltak skal det kreves reguleringsplan, jfr. plan- og bygningsloven § 12-1. Kravet om at det skal foreligge reguleringsplan før det kan gis tillatelse til gjennomføring av større bygge- og anleggsarbeider er videreført fra plan- og bygningsloven av 1985. Ved utbyggingstiltak som ikke er særlig omfattende bør arealutnyttingen styres gjennom bestemmelser til kommuneplan. For mindre tiltak kan det gis dispensasjon etter en konkret vurdering, på bakgrunn av kapittel 19.

I 100-metersbeltet langs sjøen skal følgende retningslinjer legges til grunn:

- Utbygging bør så langt som mulig lokaliseres til områder som er bebygd fra før, slik at utbyggingen skjer mest mulig konsentrert. Utbygging i urørte områder med spesielle friluftsinnteresser, natur- og landskapskvaliteter eller kulturminneinteresser skal unngås. Det gjelder for eksempel utbygging i kyst- og fjordlandskaper med spesielle kvaliteter.

VEKTLEGGING I SUNNHORDLAND

For planarbeidet med den interkommunale strandsoneplanen for Sunnhordland kan dei viktigaste føringane for **Hovudområde 3**, gjeve i punkt 7.2 i *Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen*, oppsummerast i følgjande punkt:

- Tiltak eller bygging i 100-meters beltet kan berre tillatast etter ei konkret vurdering ut frå lokale forhold.
- Område i strandsona, 100 metersbeltet, kan inngå i heilskaplege utbyggingsstrategiar for kommunen.
- Bygging i strandsona i område utan press vil vera enklare enn der det er byggepress.
- Kommuneplanen er sentralt planverktøy som gjev avklaring i forhold til overordna føringar og set rammene for:
- Ny byggegrense etter plan- og bygningsloven § 1-8 tredje ledd
- Reguleringsplanar for større tiltak
- Mindre utbyggingstiltak som kan styrast gjennom føresegner
- I følgje dei statlege retningslinjene skal følgjande leggjast til grunn for tiltak i 100-metersbeltet langs sjøen:
 - Utbygging vert lokalisert til områder som er utbygd frå før

<ul style="list-style-type: none"> • Spørsmålet om <u>bygging skal vurderes i forhold til andre allmenne interesser</u>. Det bør ikke tillates utbygging i områder som har spesiell verdi i forbindelse med <u>friluftsliv og allmenn ferdsel, naturkvaliteter, naturmangfold, kulturminner, kulturmiljøer og landskap</u>. Forholdet til andre interesser, som for eksempel <u>landbruk, fiske, oppdrett og reindrift</u> må også vurderes. Der det tillates bygging, bør hensynet til andre interesser ivaretas best mulig. • <u>Alternative plasseringer</u> bør vurderes og velges dersom det er mulig. Det bør også vurderes om tiltaket kan trekkes vekk fra sjøen. Tiltak som tillates må tilpasses omgivelsene best mulig. • I områder hvor <u>alt tilgjengelig utbyggingsareal ligger innenfor 100-metersbeltet</u>, og alternativ plassering av tiltak dermed ikke er mulig, vil kommunen ha videre adgang til å tillate tiltak for å ivareta hensynet til en fornuftig samfunnsutvikling. Ved vurdering av om tiltak skal tillates skal det legges vekt på om hensynet til tilgjengelighet for allmennheten kan ivaretas ved at det eksempelvis avsettes areal til kyststi, friluftsområde eller liknende. • Behovet for <u>næringsutvikling</u> og arbeidsplasser, for eksempel satsing på reiseliv og turisme, skal tillegges vekt i vurderingen av tiltak i 100-metersbeltet. Disse hensynene må veies opp mot hensynet til de allmenne interesser som er angitt foran. • Vurderingen vil være avhengig av hva slags <u>type tiltak</u> det gjelder. Det kan være grunnlag for å tillate visse tiltak nær sjøen, som for eksempel brygger, naust, næringstiltak og sjørettede reiselivsanlegg. • Muligheten for <u>fritidsfiske</u> gjennom å tillate oppføring av naust og brygge skal også tillegges vekt i vurderingen av tiltak i 100-metersbeltet. Disse hensynene må veies opp mot hensynet til de allmenne interesser som er angitt foran, og mulighetene for felles brygger og naust bør også vurderes. <p>Retningslinjene gjelder også for <u>by- og tettstedsområder</u>. I disse områdene skal behovet for fortetting og byutvikling tillegges vekt. Arealer til bolig-, sentrums- og næringsutvikling bør som et utgangspunkt prioriteres foran arealer til fritidsboliger.</p>	<ul style="list-style-type: none"> ○ Bygging skal vurderast i forhold til andre allmenne interesser. ○ Det bør ikkje tillatast utbygging i område som har spesiell verdi i for friluftsliv og allmenn ferdsel, naturkvalitetar, naturmangfald, kulturminne, kulturmiljø og landskap. ○ Alternative plasseringar bør vurderast ○ Der det er knapt med areal, vil det vera aktuelt med tiltak som kyststi, strandpromenade eller liknande for å leggje til rette for tilgjenge for allmenta. ○ Behovet for næringsutvikling og arbeidsplassar bør prioriterast. Type tiltak som kan tillatast vil vera for eksempel brygger, naust, næringstiltak og sjøretta reiselivsanlegg. ○ Mulegheit for fritidsfiske gjennom å tillate oppføring av naust og brygge skal også vektleggjast i vurdering av tiltak i 100-metersbeltet. Disse omsyna må vegast opp mot omsynet til dei allmenne interessene ○ mulegheitene for felles brygger og naust bør og vurderast. <ul style="list-style-type: none"> • Retningslinjene gjeld og for by- og tettstadsområde, der det skal leggjast vekt på fortetting og byutvikling • For mindre tiltak kan det gis dispensasjon etter en konkret vurdering, på bakgrunn av kapittel 19.
--	--

Tabellen viser punkt 7.2 i Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen. Understrekingene er lagt til for å illustrere det som er viktig for Sunnhordland, som er kommentert i kolonnen til høyre.

Andre dokument med nasjonale føringar:

- St.meld. nr. 26 (2006-2007) Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand
- St. meld. nr. 34(2006 – 2007) om norsk klimapolitikk
- St.meld. nr. 21(2005-2006)“ Hjarte for heile landet” - Om distrikts- og regionalpolitikken
- Statlege planretningsliner om klima- og energiplanlegging
- Brev 06.10.2011 frå Miljøverndepartementet om naturmangfaldlova og plan- og bygningslova - krav til saksbehandling, dokumentasjon og vurderingar i plansaker og andre enkeltsaker
- Rikspolitiske retningsliner om barn og planlegging
- Rikspolitiske retningsliner for universell utforming
- RPR samordna areal- og transportplanlegging
- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. Vedtatt ved kongelig resolusjon 24. juni 2011

2.2 Regionale føringar

Regionale planar skal leggjast til grunn for regionale organ si verksemd og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i regionen.

Gjeldande regionale planar:

- Fylkesplan for Hordaland 2005 - 2008 (forlenga inntil vidare)
- Klimaplan for Hordaland 2010-2020
- Forvaltingsplan for vassregion Hordaland 2010-15
- Fylkesdelplan for Sunnhordland (vedteken 20.10.2005)
- Fylkesdelplan Hamn (ny planprosess er starta)
- Fylkesdelplan Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2008-2012
- Fylkesdelplan for areal og transport på Haugalandet (ny regional plan starta opp)
- Fylkesdelplan Deltaking for alle - universell utforming 2006 - 2009
- Fylkesdelplan for senterstruktur og lokalisering av service og handel (2002)
- Fylkesdelplan for kulturminne 1998-2010
- Fylkesdelplan for kystsona 2001-2004
- Fylkesdelplan for helse. 2013
- Forslag til ny strandsonerettleiar for Hordaland 2013
- Arealstrategi for Fylkesmannen si landbruksavdeling, 2010
- Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger. 2013 -

For den interkommunale strandsoneplanen er den regionale planstrategien og strandsonerettleiaren særleg viktige førande dokument. Det parallelle planarbeidet med Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger har eit nært grensesnitt til den interkommunale strandsoneplanen, og er såleis særleg viktig for arbeidet med strandsoneplanen. Desse dokumenta er omtalt nedanfor.

Hordaland fylkeskommune har starta arbeidet med **Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger**. Føremålet med planarbeidet er å sikre ei berekraftig forvaltning av sjøareal og strandsone i Sunnhordlandsregionen og utvikle eit langsiktig samferdselsnett med trygge farleier, gode ferje- og hamneområde og eit tenleg vegtransportnett. Planen er ein delrevisjon av Fylkesdelplan for Sunnhordland. Kontaktperson: Eva Katrine Taule, tlf. 55 23 92 89 <http://www.hordaland.no/Hordaland-fylkeskommune/planlegging/Regional-planlegging/Planar-under-arbeid/Regional-plan-for-Sunnhordland/>

Den regionale kystsoneplanen har eit grensesnitt i til den interkommunale strandsoneplanen når det gjeld strandsona. Bruken av strandsona er eit overlappende tema for dei to planane. Når det gjeld arbeidet med tema kulturminne og næring så har det vore eit samarbeid mellom dei to prosjekta i utarbeiding av grunnlagsmaterialet.

Den parallelle planprosessane er utnytta gjennom samarbeid på tema og i felles prosessmøte.

Hordaland fylkeskommune har utarbeida ein **Rettleiar for råd om planlegging og forvaltning av strandsona**. Rettleiaren vart revidert i 2013. Forslag er sendt ut på høyring men er ikkje vedteken. Rettleiaren inneheld ei nærare utdjuing av plan- og bygningslova av 2008 og *Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen* som verktøy for strandsoneforvaltning. Retningslinene for forvaltning av strandsona nedfelt i Fylkesplan for Hordaland, som er ei vidareføring av retningslinene i Fylkesdelplan for kystsona i Hordaland (2001-2004) vert og utdjupa.

Rettleiaren peikar på innskjerping av byggjeforbodet som ligg i den nye plan- og bygningslova av 2008, og som er nedfelt i dei statlege planretningslinene. Kommunane i Sunnhordland ligg i hovudområde tre, som er område med minst press på arealet, slik det er definert i retningslinene.

Vidare peikar rettleiaren på at uavhengig av kva kategori den einkilde kommune er plassert i, legg retningslinene opp til at den differensierte forvaltninga av strandsona primært skal skje gjennom planlegging og då først og fremst kommuneplanen.


Kartlegging av «funksjonell» strandsona er eit element som er vektlagt i rettleiaren. Hordaland fylkeskommune har også som eit planleggingsmål i fylkesplanen å gjennomføre funksjonell strandsonekartlegging i heile fylket. Tanken er at den funksjonelle strandsona kan leggja grunnlag for å fastsetja ei ny juridisk bindande byggegrense mot sjø som er meir i tråd med topografiske forhold i Hordaland enn 100 metersbeltet. Den nye plan og bygningslova stiller krav om at det skal fastsetjast byggjegrense dersom det vert opna for bygging i 100-metersbeltet.

Strandsonerettleiaren gjev ei grundig skildring av korleis planlegging i strandsona kan skje i samsvar med dei statlege retningslinene og plan og bygningslova for å oppfylle måla i fylkesplanen.


Hordaland Fylkeskommune har utarbeida Regional planstrategi for Hordaland 2012 - 2016.

Planstrategien peikar på dei generelle utviklingstrekk i fylket og forskjellar mellom utviklinga i dei ulike regionane:

- *Befolkningsstrukturen endrar seg i retning av fleire eldre og fleire med innvandrarbakgrunn*
- *Ei asymmetrisk utvikling med kraftig vekst mot sentra og langsetter kysten, særleg i Bergensområdet, medan andre område berre opplever svak vekst eller stagnasjon.*
- *Auka utdanningsnivå i befolkninga*
- *Eit næringsliv som må leggjast om frå tradisjonell industri til meir kompetansekravjande næringsstruktur og sysselsetting*
- *Stor trong for kompetanse og høg etterspurnad etter arbeidskraft både i næringsliv og offentleg sektor*
- *Framleis rask teknologisk utvikling, særleg innan kommunikasjonsteknologi*
- *Aukande globalisering, blant anna i form av auka internasjonal handel, samarbeid og oppdeling av verdikjeder*
- *Befolkninga vert stadig mindre fysisk aktive*
- *Det er høgt fråfall i vidaregåande utdanning og for mange unge uføretrygda*
- *Ulikskapar blant distriktsområda kan auke, avhengig av kor godt dei vert integrert i robuste regionar*
- *Trafikkveksten held fram, mest med bil og fly*
- *Bu- og arbeidsregionar vert utvida hovudsakleg grunna betra kommunikasjonar*
- *Aukande utfordringar knytt til klimautslepp, noko som merkast tydeleg med omsyn til klimatilpassing og beredskap.*
- *Urørt natur forsvinn og artar og naturtypar truast av utbygging*
- *Aukande fritidsforbruk og fokus på stadkvalitetar*
- *Strandsona er under press og mykje dyrka mark vert framleis omdisponert*



Befolkningsutviklinga er eit viktig grunnlag for planlegging. Folketalet er forventa å auke sterkt dei neste 50 åra. Den positive utviklinga gir store moglegheiter for fylket. Samstundes ser vi at veksten ikkje er lik, den er sterkest langs kysten og rundt Bergen. Sentraliseringstendensane forsterkar asymmetrien i fylket. Middels nasjonal vekst SSB 2011. (Linja for Bergen refererer til verdiane på høgre akse.)



Kvart år vert det skapt ca. 10 – 15 prosent nye arbeidsplassar, og nesten like mange forsvinn. Dei nye jobbane er gjennomgåande meir kunnskapsorienterte enn dei som forsvinn. Tradisjonelle arbeidsintensive industribedrifter nedbemannast, medan nye arbeidsplassar som kjem til føreset høgare utdanning. Det har vore vekst i talet på kompetansearbeidsplassar i alle regionar i Hordaland. Totalt har talet på kompetansearbeidsplassar auka med meir enn 50 % frå 1999 til 2009. Utdanningsnivå og tal på kompetansearbeidsplassar er noko høgare enn det nasjonale gjennomsnittet. For kjelder og nærare forklaring av figuren sjå vedlagte dokument Utfordringar for Hordaland 2012- 2016.

I strategidokumentet vert det peika på følgjande utfordringar som dei viktigaste for Hordland i perioden 2012 – 2016:

- Skape vekst – i dei områda som har lite vekst
- Handtere veksten – i dei store sentra i fylket
- Klimautfordringa
- Kompetanse og arbeidskraft
- Kystsona og marine næringar

I omtalen av tema kystsona og marine næringar er det særleg peika på utfordringane med å sikra gode næringsareal for marin sektor:

«Hordaland har ein spreidd næringsstruktur med omfattande produksjon og eksport av fisk og marine produkt. Desse næringane er basert på verksemd som har trong for areal og transport i grensa mellom hav og land. Det er ei utfordring å sikre tilgang på gode næringsareal med nærleik til veg eller hamn, spesielt syner dette seg vanskeleg for havbruksnæringa. Det er press på desse areala langs kysten og i strandsona. Gode planar for lokalisering må sjå over kommunegrensene. I Sunnhordland er det i gang planprosjekt som ser på strand- og kystsoneproblematikk. Når dette arbeidet er slutført, vil det vere naudsynt å vurdere om det er trong for å gripe fatt i desse utfordringane også elles i fylket.»

I den interkommunale strandsoneplanen er næringsareal i strandsona eit hovudtema. Regionen har ei utfordring i å sikre tilstrekkeleg næringsareal i framtida. Utfordringa er todelt:

1. Sikre tilstrekkeleg areal for framtidig næringsutvikling.
2. Hindre at eigna areal vert omdisponert til andre utbyggingsføremål.

I framlegg til regionale planoppgåver for perioden fram til 2016 er det særleg desse planarbeida som den interkommunale strandsoneplanen vil kunne ha innverknad på:

- Landskap, grønstruktur, og regionalt viktige friluftsområde
- Regional plan for ferjefri E39 Aksdal-Bergen
- Utviklingsplan for indre Hordaland
- Klimaplanen - skal del-rullerast med hovudvekt på energi og klimatilpassing
- Kystsoneplanen

2.3 Interkommunale føringar


- Planprogram for interkommunal strandsoneplan for Sunnhordland. Mai 2012
- Strandsonestrategi for Sunnhordland, vedteken av kommunane i 2008
- Søknad av 17. februar 2010 frå Samarbeidsrådet til Kommunal- og regionaldepartementet om å verta pilotregion
- Differensiert strandsoneforvaltning i Sunnhordland. Forstudie 22.11.10. Dette var eit samarbeidsprosjekt mellom kommunane i Sunnhordland, Fylkesmannen, Hordaland fylkeskommune og Samarbeidsrådet. Omtalt nedanfor.

2.3.1 Planprogram for interkommunal strandsoneplan for Sunnhordland.


Planprogrammet for den interkommunale strandsoneplanen vart vedteken mai 2012. Det legg føringane for innhald og arbeidsopplegg for planarbeidet. Derfor er det referert til planprogrammet gjennom heile rapporten. Programmet vert ikkje omtalt særskilt utover dette.

2.3.2 Forstudien, arealressursar for tilgjengeleg og urørt strandsone

Som grunnlag for den interkommunale strandsoneplanen for Sunnhordland og Fusa vart det i 2010 utarbeida ein forstudie. Dette var eit samarbeidsprosjekt mellom kommunane i Sunnhordland, Fylkesmannen, Hordaland fylkeskommune og Samarbeidsrådet.



Kartet viser kvadratmeter tilgjengeleg strandsone pr. innbyggjar i Sunnhordland slik det er registrert i forstudien om differensiert strandsone-forvaltning.



Kartet viser kvadratmeter inngrepsfri strandsone pr. innbyggjar i Sunnhordland slik det er registrert i forstudien om differensiert strandsone-forvaltning.

Gjennom dette arbeidet er det utvikla metode med kriterium for kartlegging av status for strandsona i 100-metersbeltet med omsyn til kva som er utbygd, tilgjengeleg, utilgjengeleg m.m. Det er gjennomført slik kartlegging av 100-metersbeltet i alle Sunnhordlandskommunane og seinare og i Fusa kommune.

Forstudien viser at i Sunnhordland er om lag 50 % av strandsona tilgjengeleg når ein legg til grunn ei helling på 25 % og ikkje 10 % som SSB har gjort i sin analyse. SSB kjem fram til at 25 % av strandlina er tilgjengeleg, men har då berre med øyane som er tilgjengeleg med ferje- eller brusamband. Alle andre øyar er ikkje med. Fusa kommune er ikkje med i denne forstudien. I forstudien vart det og vidareutvikla metode med kriterium for kartlegging av funksjonell strandsone. Analysemetoden og bruken av den er omtalt i kapittel 5.

Registreringane frå forstudien viser at Sunnhordland har ein stor ressurs i tilgjengeleg, urørt strandline. Det er eit stort potensial for å kunne tilby innbyggjarane i denne regionen lett tilgang til urørt strandsone. Utfordringa ligg i å definere det som ein ressurs som skal vera tilgjengeleg for alle. Det er lett å tenkje som så at når ein har så mykje av ei gode, så er det lett å sjå vekk frå at ein må ha fokus på å opprettehalde tilgang til strandsona ved alle tiltak. Lokalt kan det fort føre til at tilgjengeleg strandsone vert redusert for eksisterande busetnad ved nye utbyggingstiltak.

2.3.3 Kartlegging av funksjonell strandsone


Som del av arbeidet med interkommunal strandsoneplan for Sunnhordland, vil kommunane utføre kartlegging av funksjonell strandsone for område der utbygging vil vera aktuell.

Funksjonell strandsonekartlegging er ein analysemetode som skaffar oversyn over utbygde område, verneinteresser og allmenne interesser. Detter gjev eit solid grunnlagsmateriale for forvaltning av strandsona.

Analysen er utarbeidd etter metode skildra i forstudien «*Differensiert strandsoneforvaltning i Sunnhordaland*», 2010 av Akvator som implementerer viktige prinsipp frå strandsonerettleiaren for Hordaland, utarbeidd av fylkesmannen i Hordaland og fylkeskommunen. Dei konkrete råda i rettleiaren er basert på nasjonal strandsonepolitikk og arealpolitiske mål og retningslinjer frå Fylkesplan for Hordaland 2005-2008.

Bakgrunnen for utvikling av metoden med kartlegging av funksjonell strandsone var at ein såg på 100-metersbelet som ein firkanta og unyansert avgrensing av strandsona. Funksjonell strandsone er definert på følgjande måte: *Den strandsona som står i innbyrdes direkte samspel med sjøen både økologisk, topografisk og/eller bruksmessig. Kan vera smalare eller breiare enn 100-metersbeltet.* (Strandsonerettleiaren 2007). Med det varierte kystland og fjordlandskapet ein har på Vestlandet, gjev analysemetoden eit meir korrekt bilete av strandsona og den nasjonale interessene ein finn her enn 100-metersbeltet gjer.

Analysemetoden er mest eigna i utbyggingsområde der den f eks kan brukast til å fastsetje ny byggegrensing til sjø, jf. § 1.8 i plan og bygningslova. Men analysemetoden gjev mest av alt eit solid grunnlagsmateriale for planlegging i strandsona av både utbyggingsområde, fortettingsområde, verneområde eller område med allmenne interesser.



Kartlegginga av FS har følgjande 7 kartleggingskriteria som underlag for fastlegginga av funksjonell strandsone. 1. Biologisk mangfald, 2. Landskap 3. Kulturminne/ kulturmiljø, 4. Friluftsliv 5. Landbruk 6. Eksisterande infrastruktur 7. Eksisterande planar

2.4 Lokale føringar

Arealdelen av kommuneplanane i den enkelte kommune er utarbeida med bakgrunn i samfunnsdelen. Ein del kommunar har i tillegg strategidokument med uttalte arealstrategiar som er utarbeida som egne dokument eller som del av kommuneplanarbeidet.

Kommuneplanane er derfor det plandokumentet som best gjev uttrykk for dei kommunale føringane for arealbruken i strandsona.

Det er få kommunar i Sunnhordland som har jobba med overordna kommunale arealstrategiar, slik det er omtalt i den nye rettleiaren til ny revidert plan og bygningslov og det er vel ingen som har formulert ein arealstrategi som gjev klare føringar for arealbruk i strandsona.

Kommunane i regionen er ganske ulike og har ulike utfordringar og når det gjeld strandsona. Dei har løyst arealbruk knytt til strandsona på ulike måtar. Bømlo har mange naustområde og har i sin kommuneplan vist ein måte å løyse dette på. I tillegg har kommunen store sjørelaterte næringsområde. Dei har og eit stort trykk på hyttebygging Austevoll har brukt arealføremålet fritids- og næringsføremål i ganske stort omfang og har ein ganske klar arealstrategi i høve til bustadbygging og næringsareal. Sveio har vist måtar å løyse småbåthamner på og har eksempel og gjort erfaringar med større, sjønære bustadområde. Stord har mange tettstadområde og store næringsareal i strandsona. I arbeidet med felles løysingar på felles problem er det viktig å ha eksempel på ulike måtar å løyse utfordringane på.

Gjennomgang av kommuneplanane viser at Sunnhordland med Fusa er eit samansett område med stor ulikskap mellom kommunane. Det er likevel nokre tema som kan peikast på som kommuneovergripande:

- Sjørelatert næringsareal og infrastruktur
- Bustader og fritidsbustader.
- Kystkultur som del av oppvekstmiljøet.

2.4.1 Sjørelatert næringsareal og infrastruktur

I Sunnhordland er det lange tradisjonar for maritime og marine næringar. Sjørelatert verksemd er utvikla over mange generasjonar, så regionen har mange næringsbygg og næringsareal med tilhøyrande infrastruktur i strandsona. Dette er produksjonsareal som har potensiale for framtida. Regionen har vist stor evne til omstilling. Ein kan berre sjå på strukturendringane som har skjedd frå skottehandelen med tømmer, via sildeeventyr, motorfabrikkar, skipsbygging til dagens offshorenæring. Med norsk kontinentalsokkel som nærmaste nabo, er det all grunn til å vera optimist med tanke på utvikling av nye næringsområde, etter oljeaktiviteten. Produksjonsareal og god infrastruktur er viktig for å kunne ta ut dette potensialet i framtida.

2.4.2 Bustader og fritidsbustader

Sunnhordland har ein spreidd busetnad. Dersom ein legg SSB sin definisjon til grunn for å definere tettstadene, så vert om lag halvparten av nye bustader er bygd innafør tettstadorråda. Dette varierer mykje frå kommune til kommune. Fusa har berre 10 % av bustadene innafør tettstadorråde, medan Stord har berre 15 % utanfor tettstadorråde. Dei andre kommunane ligg ein stad mitt i mellom.

Når det gjeld fritidsbustader er det stor variasjon frå kommune til kommune. Medan Tysnes har 80 % fritidsbustader i høve til bustader er det same forholdet på Stord nede i 5 %.

Hovudsinntrykket i regionen når det gjeld busetnad er:

- Om lag halvparten av bustadene i regionen ligg utanfor tettstadene
- Om lag halvparten av alle husvære er fritidsbustader.
- Gjennomgangen i kapitel 4 viser at ein stor prosentdel av bygga ligg nær sjøen.

2.4.3 Kystkultur som del av oppvekstmiljøet

I framtidsbiletet for næringsaktiviteten i Sunnhordland er innbyggjarane den viktigaste ressursen. Den maritime kulturen, som alle sunnhordlendingar får inn gjennom oppveksten, er ein viktig føresetnad for å lykkast med eit maritimt og marint næringsliv og i framtida. For å oppretthalde og styrkje kystkulturen blant innbyggjarane, er nærkontakt med sjøen, strandsona og båtliv eit svært viktig element som må vera del av nærmiljøet og i framtida.

Lokale føringar er utgangspunktet for utforming av den interkommunale strandsoneplanen.

Planen må gjera greie for korleis kommunedelplanane for kvar kommune kan oppfylle avklaringsbehovet i forhold til regionale og nasjonale føringar.

Forslag til korleis dette kan gjerast, er vist i kapitel 5.

3 PROBLEMSTILLINGAR OG UTFORDRINGAR

Strandsona er gjenstand for mange ulike interesser, både når det gjeld ulik bruk og ulike verneomsyn. Slik er det over heile landet og er grunnen til at strandsona, 100-metersbeltet, har hatt eit spesielt vern gjennom Strandplanlova og seinare plan og bygningslova.

Utbyggingspress på strandsona finn ein i ulik grad langs kysten. Forvaltningsansvaret ligg i hos kommunane, Jf. punktet om nasjonale føringar ovanfor. I Sunnhordland har ein teke utfordringa med dette ansvaret ved blant anna å utarbeide ein interkommunal strandsoneplan i dei åtte kommunane i regionen, samt Fusa.

Hovudutfordringane for kommunane er å balansera mellom bruk og vern av areala basert på nasjonale og regionale føringar, samstundes som ein skal gje grunnlag for lokal samfunnsutvikling med trong for areal til bustadbygging, næringsaktivitet, offentleg service, fritidsaktivitetar mm i kystområda. Kommunane ser og tilgangen til strandsona som ein viktig positiv ressurs som gjer det attraktivt å busetja seg og å driva næringsutvikling i regionen.

Hovudutfordringane kan oppsummerast i desse hovudpunkta:

1. Avklare det interkommunale behovet for utviklingsareal i strandsona for å sikre lokal samfunnsutvikling for bustadbygging, næringsaktivitet, offentleg service, fritidsaktivitetar m.m.
2. Avgrensing og avklaring av verdisetting og forvaltning av nasjonale, regionale og kommunale allmenne interesser i strandsona knytt til tema naturmiljø, friluftsliv, landskap og kulturminne .
3. Utarbeiding av ein felles interkommunal strandsoneplan for dei 9 kommunane som deltek i strandsoneprosjektet, som gjev kommunane lokalt handlingsrom til å gjennomføra ei differensiert og tilpassa planlegging, forvaltning og utbygging av strandsona. Arbeida for at kommunane i planområdet vert plassert i hovudområde 3, område med mindre arealpress.

Gjennom dialog med kommunane i separate møter og ressursutvalsmøter har vi valt å dele hovudutfordringane i tre kategoriar, med underinndeling:

1. Utfordringar knytt til hovudtema som planen tar opp:
 - a. Næringsliv og busetting
 - b. Allmenninteresser i strandsona
 - c. Naturressursar og strandsona
2. Utfordringar knytt til strandsoneforvaltning.
 - a. Styring av arealbruk til nye tiltak i strandsona
 - b. Sikring av allmenne interesser i strandsona
 - c. Sikring av naturressursar
3. Utfordringar knytt til ein planprosess som omfattar ein region med 9 kommunar.
 - a. Ulike utfordringar og interesser
 - b. Variasjon når det gjeld alle tema
 - c. Fellesinteresser
 - d. Koordinering av felles interesser

3.1 Utfordringar for næringsliv og busetting

Historisk sett har det vore nær samanheng mellom næringsliv og busetting i Sunnhordland. Næringsaktivitet oppstod i fjøra nedanfor busetnaden. Dette er det mange eksempel på opp gjennom tidene. Sagbruksverksemda knytt til skottehandelen med tømmer, skipsbygging, sildefabrikkane, motorfabrikkane er alle eksempel på dette. Rikeleg tilgang på sjørelatert næringsareal har vore viktig for utvikling av næringslivet i Sunnhordland saman med eit godt ressursgrunnlag lokalt i regionen eller i havet i vest, representert ved norske maritime sjøområde.

Sunnhordland og Fusa har ein spreidd næringsstruktur men med nokre tydelege konsentrasjonar av næringsklynger innanfor sektorane maritim, marin og offshore. Næringslivet er ikkje berre spreidd men og variert og samansett. Regionen har stor produksjon og eksport av fisk og marine produkt og har stor aktivitet innafor offshoreverksemd. Desse næringane har behov for areal i strandsona og transport både på kjøll og veg. Det er ei utfordring å sikre tilgang på gode næringsareal med nærleik til veg eller hamn, spesielt syner dette seg vanskeleg for havbruksnæringa. Det er press på desse areala langs kysten og i strandsona, slik at det ved planar for lokalisering er naudsynt å sjå over kommunegrensene.

Sunnhordland skil seg ut frå resten av Hordaland ved at regionen har kvar femte arbeidsplass innafor industri, noko som er høgare enn resten av fylket og landsgjennomsnittet. Industriverksemda i Sunnhordland er levedyktig fordi den er bygd på lokal spisskompetanse og viser stor omstillingsevne. Når produkt og tenester vert fasa ut, klarer verksemdene å fornya og leggje om verksemda i takt med nye behov. Dette viser at kompetansen er den viktigaste ressursen for utvikling i regionen.

I den interkommunale strandsoneplanen er næringsareal i strandsona eit hovudtema. Regionen har ei utfordring i å sikre tilstrekkeleg og eigna næringsareal i framtida. Utfordringa er tredelt:

1. Sikre tilstrekkeleg areal for framtidig næringsutvikling innan marin og maritim sektor.
2. Hindre at eigna areal vert omdisponert til andre utbyggingsføre mål.
3. Sikre infrastruktur for transport på sjø og land til sentrale næringsareal.

Eksisterande busetnad i Sunnhordland er spreidd og mange bygg ligg i strandsona, slik det er vist på kart i kapittel 4. Fram til slutten av 1800- talet var busetjinga knytt til innmarka på garden medan strandsona og nauset var for sjørelatert verksemd som fiske og fangst og sjøbua var for pakking av frukt, bøtkerverksemd o l. Industrialiseringa førte med seg ny aktivitet i strandsona, som og førte til etablering av nye busetjingsformer som tettstadene, som gjerne låg ved sjøen. Det er viktig å huske på at landbruksbusetnaden før dei store utskiftingane rundt 1900 var for det meste organisert i klyngjetun (Eks i dag er Agatunet og Havråtunet). Mange av tettstadene som vaks fram på før og rundt 1900 er bygd på same måte, med klyngjetun struktur. Som eksempel kan nemnast Moster, den eldste delen av Leirvik, Førde, Etnesjøen, Skånevik og Sunde.

Med fabrikkarbeid og fast arbeidstid kom og fritid og ferie inn som eit element i tilværet med industrialiseringa. Fritidsbusetnad var eit kjent fenomen for dei øvre lag av folket langt tilbake i tid (f eks som lysthusa i Bergen). Med velstandsauken på siste halvdel av 1900-talet, vart

hytte ein oppnåeleg draum for dei fleste. Den skulle helst liggje nær sjøen eller på fjellet. Dette skapte byggjepress i strandsona.



Figur 5. Dei norske maritime områda.

Kartet viser dei norske maritime områda som representerer store ressursar og eit stort potensiale for næringsutvikling. I dag er det stor merksemd knytt til offshoreverdsemd, men dei marine ressursane har vore og vil i framtida ha stor verdi for kysten av Noreg.

Landbruksutskiftinga førte til at tuna vart splitta opp i enkeltgardar. Ny bustadbygging utanfor tettstadane skjedde no hovudsakleg på utskilte tomter frå gardsbruka. Samla førte dette til ei sterk forvandling frå ein klyngjebusetnad til eit busetnadsmønster med enkeltstående bygg i landskapet. Det er berre nokre få stader at ein kan sjå konturane av dei gamle tunskipnadane i landskapet i dag. Det spreidde busetnadsmønsteret pregar landskapsbiletet ein ser frå sjøen i Sunnhordland.

Med strandlova (mellombels i 1965 og vedteken i 1971 som strandplanlova) kom byggjeforbodet i 100-metersbeltet som skulle sikra allmenne interesser og ferdsel i strandsona. Byggjeforbodet vart med ny plan og bygningslov i 2008, teke inn i § 1-8 og kva tiltak som kan tillatast vart innskjerpa i høve til tidlegare regelverk. No er § 1-8 førande for all arealforvaltning langs sjø og vassdrag.

Sidan ein stor del av bygningsmassen i Sunnhordland ligg i 100-metersbeltet, er det vanskeleg å få ei god forvaltning av eksisterande bygningsmiljø innafor den restriktive haldninga som er skissert i gjeldande plan og bygningslov. For utvikling og fortetting av eksisterande bygningsmasse er det unntaksreglane i plan- og bygningslova som gjeld. I strandsona skal det eigentleg ikkje byggjast noko, derfor er det vanskeleg å stille gode kvalitetskrav til nye bygg og anlegg. Fokus vert på kva ein kan byggje innafor lova og føresegnene i staden for å få fokus på korleis ein kan skape ei godt bumiljø. Det er vanskeleg å få til ei samordna planlegging når utviklinga skjer med enkelttiltak. Det går ofte ut over fellesareal og tilrettelegging av tilstrekkelig infrastruktur.

Slik lova er utforma i dag, vil ein reguleringsplan for busetjing i strandsona kunne setje rammevilkår for utbygging som sikrar utvikling av eksisterande og nye bygg, samt gode bumiljø kvalitetar. For tettstadene og mange område i Sunnhordland med utbyggingspress, vil dette vera løysinga, når reguleringsplan er i tråd med overordna plan. Men for område med lite utbyggingspress vil eit plankrav stoppe utviklinga og dispensasjon etter § 19 i plan- og bygningslova vert einaste løysinga. For små reguleringsplanar er heller ikkje eigna til å sikre ei god samordna planlegging for større område. Det bør vurderast i kva grad kommuneplanen kan ta denne rolla.

Utfordringa når det gjeld busetnad vert difor:

- **Korleis kan ein sikra kvalitativ god utvikling av allereie utbygde område i strandsona, både når det gjeld heilårshus og fritidsbustader, i område utan utbyggingspress.**
- **Korleis kan ein sikra kvalitativ god utvikling av strandsona/sjøfronten i tettstedområda.**

Naturressursane er knytt til fiskeområde (fiskeområde og gyteområde) og oppdrettsanlegg i sjøen og til landbruksarealet på land. Ein god del stader går viktige jordbruksområde heilt i strandkanten, slik at landbruksområda er ein del av strandsona som strekkjer seg lenger innover land enn 100 metersbeltet. I desse områda er viktig å ikkje bryte den naturlege samanhengen til sjøen.

Oppdrettsanlegg var tidlegare anlegg som ofte var attåttnæring til landbruksdrifta og slik knytt til gardsdrifta og hadde gjerne ein base knytt til strandsona på garden. Dette har endra seg. Oppdrett er blitt ei næring som er uavhengig av landbruket. Anlegga er for det meste sjøbasert, bortsett frå smoltanlegg og slakteri. Drifta treng berre tilkomst frå landsida via kai, som kan liggje i industriområde eller vera eit offentleg kaianlegg. Strandsoneplanen har derfor stort sett berre kontaktflate mot oppdrettsanlegg med å sikre god nok avstand frå stranda til anlegget og å sikre areal for tilkomst via sjøvegen.

3.2 Allmenne interesser

Dei allmenne interessene er knytt til verdi for friluftsliv og allmenn ferdsel, naturkvalitetar/ naturmangfald, kulturminne/kulturmiljø og landskap. Kommunane har ansvar for ei arealforvaltning som tek vare på desse verdiane ved at ein hindrar utbygging/nedbygging.

Sunnhordland er eit område med relativt låg folketettleik over det meste av regionen samanlikna med dei nærmaste byregionane. Forstudien om differensiert strandsoneforvaltning dokumenterer at det er store arealressursar for tilgjengeleg strandsone rekna pr. innbyggjar. Det er lett å tenkje at det er rikeleg areal å ta av til fri ferdsel og friluftsområde. Denne tenkemåten har størst konsekvens for dei lokale friluftinteressene

som gjerne ikkje er godt registrert og sikra. Friluftslivsinteresser på regionalt og nasjonalt nivå har ei god forvaltning og er rimeleg godt sikra i lovverket.

Friluftslivsinteressene og fri ferdsel i strandsona på lokalt nivå må ha eit særskilt fokus i den interkommunale strandsoneplanen. Her ligg nøkkelen til å kunne sikre bukvalitet lokalt i Sunnhordland. Som for andre tema i denne planen er det store lokale variasjonar frå dei mest tettfolka områda til områdemed lite busetnad. Men det er behov for rekreasjonsområde nær bustaden enten ein bur i område som har tett busetnad eller i strøk med spreidd busettingsmønster.

Problemstillingar som naturleg høyrer heime i planen er korleis ein skal sikre allmenn ferdsel der det vert opna for utbygging. Er det mogeleg å sikre tilstrekkeleg avstand mellom nybygg og strandsonen til å oppretthalde fri ferdsel slik den er definert i friluftslova, eller må det gjerast tiltak som kyststi, strandpromenade, kaifront, brygge som sikrar fri ferdsel.

Naturmiljøet og kulturminne er rimeleg godt dokumentert i regionen. Ny innsikt og nye nasjonale og regionale føringar for korleis desse verdiane skal forvaltast, medfører at registreringar og verdivurderingar må reviderast for å vera heilt oppdatert. Vurdering av verneverdi er ein dynamisk prosess Veldig store endringar i vurdering av kva som er viktige område, område med verneverdi, vil ein nok ikkje sjå innan kort som f eks ein planperiode på fire år.

3.3 Utfordringar knytt til ein planprosess som omfattar ein region med 9 kommunar.

Ein planprosess som omfattar ni kommunar over ein stor region medfører i seg sjølv mange utfordringar. Kommunane har i sin planlegging fokus på ulike problemstillingar, og har derfor noko ulikt syn på kor hovudfokus bør leggjast i planarbeidet. Dei viktigaste momenta i denne samanheng er:

- Kommunane er på ulike stadium i arbeidet med kommuneplanen, noko som kan vera ei utfordring i implementering av kommunedelplanen og kor interessert kommunane er i å gå i gang med kommuneplanarbeidet på nytt.
- Dei kommunane som er oppstartsfasen av KPA har allereie utarbeida kommunal planstrategi og planprogram som ikkje har inkludert strandsoneplanen.
- Kommunane har alle eit trykk på utbygging i strandsona. Her er det forskjell på kva utbyggingspress det gjeld. I Sunnhordland er det generelt fire typar utbyggingspress i strandsona; bygg og anlegg for næringsverksemd, bustadbygging, fritidsbustader og naust. Trykket varierer veldig lokalt veldig, både i omfang og i type utbygging.
- Kommunane har ulike utfordringar i høve til strandsona som er løyst på ulik måte. Dette representerer eit mangfald av forslag til løysingar som er nyttige i plandiskusjonen og optimalisering av løysingar.
- I kommuneplanane er arealbruken vist på noko ulik måte. Dette skuldast dels at planane er forankra i ulike planlover og dels at kommunane har ulik tilnærming til styring av arealbruken. Dette er ei utfordring når det skal lagast eit saumlaust datasett

for alle kommunane basert på kommuneplandata. For eksempel er det stor forskjell på korleis næringsareal og friluftsliv er vist i planen.

- Planområdet er stort og det er ei utfordring å handtere og avgrense data- og informasjonsmengder til det som er viktig og relevant for planarbeidet.
- Arbeidsdeling mellom prosjektet og kommunane. Kommunedelplanar for 9 kommunar parallelt er eit omfattande planarbeid. Kommunane ønskjer sjølvstøtt mest mogeleg draghjelp frå fellesprosjektet. Kommunane har derfor trykt på for at mest mogeleg av arbeidet skal inngå i fellesdelen. Grensoppgangen av arbeidsfordelinga er ei utfordring i eit slikt prosjekt,
- Arbeidsopplegg og planprosess er ei utfordring. Ein kan sei at fellesdelen av planarbeidet skjer som eit interkommunalt planarbeid, slik det er omtalt i plan og bygningslova, men avslutninga med vedtak av kommunedelplanar i kvar kommune går etter reglane for kommuneplanlegging §11 i PBL. Den viktigaste utfordringa er derfor ikkje at ein samordna plan skal godkjennast og vedtakast i alle 9 kommunane, men at den kommuneplanen som vert vedteken i kvar kommune er i tråd med fellesdelen av prosjektet. Kommunane vil sjølve stå ansvarleg for det som vert vedteke. Dei vil dermed og ha fridom til å gjera endringar i sluttdokumentet. Vert endringane for store kan det slå beina under den felles forvaltningsstrategien som er vedteken. Fordelen med ein felles plan kan dermed bli svekka.

Samordning av ni kommunar fram til felles planprodukt medfører ein del utfordringar når det gjeld:

- Vektlegging av tema som skal ha hovudfokus i planen.
- Finne fram til hovudtrekk i arealbruk og forvaltningsprinsipp for arealbruk i strandsona som representerer ei forbetring og plussverdi for alle kommunane. Dette gjeld både bruken av temakart, arealføremål og innhaldet i føresegnene.
- Framdrifta for ein felles planprosess er ei utfordring når planprosessen for alle dei ni kommunane skal gå parallelt. Kommunane vil, naturleg nok, prøve å samkjøre mest mogeleg av kommunedelplanarbeidet med eige planarbeidet med rullering av kommuneplanen.

4 STRANDSONA – KUNNSKAPSGRUNNLAG OG SÆRTREKK

4.1 Generelt

Sunnhordland er ein region med lang strandline på grunn av eit oppdelt landskap med fjordar, sund og mange øyar. Tilknytning til fjorden og havet er ein del av folkesjela og ein ressurs for busetjing og næringsliv. Historisk var sjøen ein viktig del av livsgrunnlaget, fordi fisket gav eit heilt naudsynt tilskot til eit heller marginalt jordbruk med mange små einingar. Næringsverksemdar med sjøtilkomst vart tidleg etablert i området. Ein kan nemne båtbyggjeri, sildefabrikkar, tønnefabrikkar og motorfabrikkar. Næringsverksemd la grunnlaget for framvekst av dei mange tettstadane i Sunnhordland som ligg til fjorden. Dette er eit tydeleg særtrekk i regionen.

4.2 Næringsliv og busetting – forholdet til strandsona

4.2.1 Kva kjenneteiknar næringslivet i Sunnhordland

Dei viktigaste næringane i Sunnhordland er offshore, maritim, fiskeri og havbruk, går fram av nettstaden www.buisunnhordland.no, som regionrådet for Sunnhordland står bak. Desse næringstypene er alle basert på bruk av ressursar i sjøen, eller sjøen som transportveg.

Det mest slående med næringslivet i Sunnhordland sett under eitt, er følgjande:

- Regionen har eit **spesielt høgt innslag av industri**¹. Nesten kvar femte arbeidstakar jobbar i denne næringa. I Norge totalt jobbar færre enn kvar tiande i industrien. Ser en nærare på tala er det Bømlo og Stord som har størst del av sysselsette i industrien og som bidrar mest. Og når det gjeld industri-arbeidsplassane, så er desse knytt til maritim- og offshore-relaterte verksemdar, går det fram av teksten nedanfor.
- Næringslivet i Sunnhordland er **meir eksportretta enn landet elles**. Både industriklyngene på Stord, Bømlo og Kvinnherad og oppdrettsnæringa med sentrum på Austevoll og Bømlo er i stor grad integrert i den globale økonomien.
- På grunnlag av denne statistikken kan ein hevde at regionen har eit einsidig og sårbart næringsliv², men historia har vist at regionen har utvikla eit næringsliv som har ein **sterk omstillingsevne**. Dette er ein viktig eigenskap, som byggjer på dei marine og maritime ressursane i regionen.

Dei største utfordringane for næringslivet er elles at talet på kompetanse- og kulturarbeidsplassar er lågt, og at regionen treng meir urbanitet og tiltrekkingskraft³.

¹ Kjelde: Scenario Hordaland, COWI for Samarbeidsrådet i Sunnhordland, febr. 2014

² Kjelde: Næringsbarometeret for Hordaland og Sogn og Fjordane 2011.

³ Kjelde: Fortrinn og utfordringar for kommunane og regionane. Forarbeid til regional planstrategi. AUD – rapport nr 4 2012.

Dei viktigaste næringane i Sunnhordland

MARITIM SEKTOR:	OFFSHORE SEKTOR	HAVBRUK OG FISKERI
<ul style="list-style-type: none"> • Bygging, reparasjon og vedlikehald av båtar og skip. • Innrednings- og installasjonsarbeid på båtar. • Produksjon/bearbeiding av metallkonst. og delar, knytt til skipsindustri • Underleverandørar til båtindustri og annan sjøbasert aktivitet • Agentur og Engroshandel med skipsutstyr og fiskereiskap • Rekruttering og formidling av arbeidskraft • Transporttenester på sjøen • Shipping 	<ul style="list-style-type: none"> • Produksjon/ bearbeiding av metallkonstruksjonar og delar. • Utstyr til offshoreindustrien, herunder kranar, ventilar og pumper • Elektrisk arbeid til offshore installasjonar • Handel med maskiner/utstyr til offshore bruk • Anna teknisk verksemd knytt til offshoreindustrien 	<ul style="list-style-type: none"> • Landbaserte anlegg • Bygg tilknytning til sjøbaserte anlegg • Fiskemottak • Fiskeslakteri • Utstysleverandørar til akvakulturnæringa • Reiarlag

Maritim næring

Dei kraftigaste industrilokomotiva i Sunnhordland er store leverandørar til maritim industri. Tal frå Statistisk Sentralbyrå/BRB viser at heile 317 bedrifter i Sunnhordland opererer innan den maritime næringa. Samla omsetnad i 2009 var på nær 16,7 milliardar kroner, og næringa skaffa arbeid til 6170 personar i regionen. Tala samla av Business Region Bergen (BRB) viser at Sunnhordland i 2008 hadde like mange bedrifter innan verft som Bergen/Askøy, 107 i talet. Det viser tydeleg kor sterk denne næringa er i Sunnhordland.

I regionen ligg det fleire skipsbyggeri, og mange utstys- og tenesteleverandørar til båt- og motor marknaden.

Offshore-næringa

Frå tidlegare Stord verft, no Kværner Stord, har det i ei årrekkje blitt levert plattformar og produksjonsskip som haustar olje- og gassrikdomane til havs. Også mange bustadmodular som dei tilsette bur på medan dei arbeider offshore, er bygd på Stord.

Offshorenæringa har gitt grunnlag for ein underskog av mindre verksemder som i større og mindre grad byggjer sin eksistens som underleverandørar til dei industrielle tungvektarane.

Fiskeri og Havbruk⁴

Havbruk og det å hausta frå havet har alltid vore viktig for sunnhordlendingane. I dag har Austevoll ein av dei største og mest moderne havfiskeflåtane i landet. Her finst og kystfiskarar, men dei mange sildolje- og sardinfabrikkane er for lengst historie. I staden har ein teke til å hausta havet i svært så kontrollerte former. Folk frå denne regionen var pionerar i oppdrettsnæringa, og i dag er mange hundre sysselsett i havbruk i Sunnhordland.

Her er yngelproduksjon og oppdrettsanlegg, her er slakteri og foredlingsbedrifter. Laks og aure dominerer, men og andre fiskeslag vert prøvd å få rekningsssvarande i havbruksnæringa. Ulike skjelsortar vert og testa ut for kommersiell drift.

⁴ Kjelde: www.buisunnhordland.no


Fleire av dei store aktørane i næringa har utspring frå dei lokale gründarmiljøa. Men også tunge investorar utanfrå har kjøpt seg inn i næringa og er med på å utvikla denne i Sunnhordland. Eksempel på store aktørar i dag, er Alsaker Fjordbruk, Bremnes Seashore, Marine Harvest, Sjøtroll.

Underleverandørar til offshore, maritim, fiskeri- og havbruksindustrien⁵


I tillegg til dei nemnde storbedriftene i regionen, finst det ein underskog av livskraftige småbedrifter som leverer utstyr og tenester til dei store. Verksemder som er godt representert blant desse gruppene er:

Elektroinstallasjonsbedrifter, produksjon av elektrisk utstyr og instrument, maskinering og metallbearbeiding, metallkonstruksjon, bygging av plattformer og modular, skipsbygging og renovering, motor og framdriftssystem, vedlikehald og skipsdesign. Vidare er andre produksjonsbaserte næringar som høyrer til under hovudkategorien av industri også representert. Dette er produksjon av maskinar og utstyr til industri, næringsmiddelindustri og prosessindustri, aluminiumsproduksjon, og produksjon innan fiskerisektoren som t.d. slakteri.

⁵ Kjelde: [Atheno-rapporten 2011](#)



Figur 6. Kartet viser korleis samla golvareal i næringsbygg fordeler seg på ulike kategoriar, og kor dei største næringsstadene er. Utgangspunktet er bygningsdata frå matrikkelen. Metoden for kartlegging er nærare forklart i vedlegg 1.




Figur 7. Planstatus på næringsareal i Sunnhordland. Henta frå arealdelen til kommuneplan og enkelte reguleringsplanar der kommuneplanen ikkje er dekkande. Kartet er også tilgjengeleg i eit meir detaljert utgåve i større format (A1-vedlegg).

4.2.2 Kor stor er sjøbasert næring i Sunnhordland?


Sunnhordland har lange tradisjonar for næringsverksemd med hovudvekt på offshore, fiskeri og maritime næringar. Dette har prega den lokale kulturen og har vore ein viktig faktor i utviklinga av Sunnhordlandsidentiteten.

Ei undersøking gjort av Atheno AS syner at "Industriregionen Sunnhordland" er av ein betydeleg storleik, ikkje berre i høve til resten av fylket, men også i høve til Vestlandet og heile Norge:

Omsetning i Sunnhordland i forhold til resten av vestlandet



Omsetning i Sunnhordland i forhold til resten av Hordaland



Kjelde:

[Atheno-rapporten 2011](#)

I denne framstillinga er det fokusert på verksemdar innan kategorien "industri", det vil seie i all hovudsak gjelde arbeidsplassar innan offshore og maritim bransje. Og andre næringar vil hamne inn under omgrepet "sjøbasert næring", går det fram av tabellen nedanfor, slik at **talet på sjørelaterte arbeidsplassar vil vera opp imot 8000, med ein omsetning på ca. 20 mrd.**


NÆRING	ANTAL BEDRIFTER	OMSETNING*	ANTAL ANSATTE
Industri	162	12 089 145	5 607
Fiske, fangst og akvakultur	141	4 941 508	962
Sjøfart	96	3 816 400	1 480
Informasjon og kommunikasjon	40	311 572	285
Energi	36	1 399 995	169
Bygg og anlegg	358	2 624 637	1 828
Transport	53	468 131	210
TOTALT	886	25 651 388	10 541

* Tall i heile 1000 og NOK.

Kjelde: [Atheno-rapporten 2011](#) (oversikta inkluderer ikkje handel- og service eller hotellnæringa)

4.2.3 Næringslokalisering i forhold til kystlinja

Ein svært stor del av næringsområda i regionen er i lokalisert til kystlinja. Bygningsstatistikk frå Matrikkelen viser at 45% av næringsbygga i Sunnhordland er lokalisert 0-100 meter frå kystlinja, og så godt som ingen næringsbygg lengre enn 1,5 km frå kystlinja. Dette skuldast både dei topografiske tilhøva men og at næringa i Sunnhordland har historiske røter knytt til verksemdar ved sjøen. Dette er også omtalt under kulturminnetemaet – kapittel 4.2.4.




Også i dag er sjøen viktig som transportveg for næringslivet. Kartet i Figur 9 viser den maritime infrastrukturen – det vil seie transportårene på sjø og land, saman med industrikanalar og andre hamner.

Behovet for sjøtilgang

- **Maritim industri:** Store delar av næringsgrunnlaget i regionen er knytt til strandsona og sjøen, og slik har det òg vore bakover i tid. Nye tider har gjeve endringar i type aktivitet og utnytting av ressursane i havet. I dag er aktiviteten prega av industri i samband med offshore, bygging av plattformer og skip, samt akvakultur av nasjonal tyding.
- **Reiseliv:** I Sunnhordland er kystsona ein viktig ressurs i eit reiselivsperspektiv, og mange av dei viktige reisemåla har tilrettelagte gjestehamn og ulike service-tilbod ved sjøen.
- **Fiskeri:** Kystsona er og ein grunnleggjande føresetnad for utvikling av moderne fiske og havbruksnærings.

Det er utfordrande for kommunane å balansera mellom bruk og vern av areala basert på nasjonale og regionale føringar, samstundes som ein skal gje lokal næringsaktivitet i kystområda grobotn for vidare utvikling.

4.2.4 Hamner / infrastruktur



Figur 8. Viktig hamneinfrastruktur i Sunnhordland. Sjå også kart med forslag til regional viktige sjørelaterte næringsområde (Figur 51).

Det er ei rekke ulike hamnefunksjonar som er dekkja gjennom eit mylder av små og store hamner:

- Fiskerihamner (både statlege og private)
- Industri kaiar (både offentlege og private)
- Kaiar til bruk for havbruksnæringa
- Kommunekaiar
- Gjestehamner
- Småbåthamner

Dei viktige fiskerihamnene ligg ytst ved kysten, medan industri kaiar og havbruksanlegg er representert i heile regionen.


Forslaget til regionalt viktige sjørelaterte næringsområde (sjå Figur 51) tek utgangspunkt i tilbodet av kaiar som finst. Gode kai tilhøve er ein av føresetnadane for at eit næringsområde skal bli klassifisert som regionalt viktig.

Kystverket og Fiskeridirektoratet har hatt ein gjennomgang av status på fiskerikaiar i statleg eige. Det er viktig at kai områda som her blir prioriterte, blir sikra i kommuneplanane.

Den maritime infrastrukturen

Sjøen er viktig som transportveg for næringslivet. Kartet nedanfor viser at viktige industrihamner ligg lokalisert langs hovudlei eller sekundærlei. Næringslivet treng hamner som har god tilkomst både frå sjøside og landsida. For store verksemder betyr det:

- På land: Kort avstand til Europaveg/ Riksveg/ Fylkesveg
- På sjøen: Kort avstand til hovudlei eller sekundærlei



Figur 9. Kart som viser den maritime infrastrukturen (fjorleier og kaiar) i forhold til lokalisering av næringsområde i Sunnhordland

Potensialet i nedlagde ferjekaiar

Dei siste tiåra er det mange ferjekaiar som er nedlagt eller flytta i regionen. Mange av kaiane er framleis intakte, og nokre av dei har ein funksjon som reservekai. Det kan likevel vere av interesse å ta ein systematisk gjennomgang av denne type kaiar, for å avdekke stader med potensial som næringsområde for sjøretta verksemd.

Hamne-infrastrukturen har ulike brukarinteresser

Kaiane har ein viktig funksjon som infrastruktur for næringslivet, men fleire av lokalitetane kan i tillegg vere utgangspunkt for andre interessegrupper:

- Kulturminne interesser.
Det kan dreie seg om historisk bakgrunn som dampskipskai, og det kan vere

verneverdige sjøbruksmiljø som ligg tett på moderne funksjonar. Dette er nærare omtalt i kulturminnekapitlet 0 og kulturminnedelen av planforslaget i kapittel 0.


- Gjestehamn-funksjon.

Nokre av gjestehamnene har høg grad av service, og er eit trekkplaster for båtfolk på heile Vestlandet. Andre gjestehamner er meir lokale, men representerer uansett eit viktig element for næringslivet på staden.

- Maritime opplevingar.

Enkelte kai område fungerer som utgangspunkt/møteplass for fastbuande og tilreisande som driv eit aktivt friluftsliv eller vassport. Kaiane er i slike tilfelle del av ein felles, maritim infrastruktur – som også er omtalt i kapittel 0 (Fjord-LYST).

Mange hamner har ei blanding av desse funksjonane innanfor eit avgrensa område. Ei slik funksjonsblanding kan vere ei utfordring i forvaltninga, men kan og vera ein styrke for hamna sin posisjon i regional samanheng.



Figur 10. Kart som viser ulike brukarinteresser knytt til hamnene i Sunnhordland. Dei stadene som har fleire brukarinteresser innanfor eit avgrensa område, er markert med stadnamn. Ei slik funksjonsblanding kan vere ei utfordring i forvaltinga på sikt, men kan og vere ein styrke for hamna sin posisjon i regional samanheng.


4.2.5 Busettingsmønster – særlig fokus på bustader og fritidshus i strandsona

Folketalsutviklinga for Hordaland viser ei litt ulik folketalsutvikling i Sunnhordland. Kvinnherad og Tysnes har nedgang i folketalet i 2012. Sveio var den einast kommunen i Sunnhordland med vekst over nasjonalt snitt i 2012. Resten av regionen har ein vekst i folketalet som ligg under det som er gjennomsnittet for Noreg.

Sunnhordland har ei desentralisert busetjing og næringsliv. Internt i regionen skjer det ein sakte flyttestraum frå utkantane og inn mot tettstadene. Det desentraliserte busetjingsmønsteret er under press.


Utvikling av betre transport og vegar vil endre busetnadsmønsteret og folketalsutviklinga. Det vil føre til auka folketalsvekst enkelte stader og nedgang i folketalet andre stader. Ny E39 i bru over Bjørnefjorden til Rekstern vil trekkje arbeidsmarknaden rund Bergen lenger sørover. Ein kan vente at det vil føre til auka busetjing i Tysnes, Fitjar og til dels Stord, Desse områda vil komme innafor pendleavstand til arbeidsplasskonsentrasjonar i Os og Bergen.

Bygging av E39 vil få innverknad på marknaden for fritidshus i Sunnhordland. Etterspørselen av fritidshus er i endring og er vanskeleg å sei noko sikkert om. Men det er rimeleg å rekne med at med ferjefri E39 vil det verte meir attraktivt å ha sekundærbustad i Sunnhordland for dei som bur i Bergen og i Stavanger.



Det desentraliserte utbyggingsmønsteret i Sunnhordland har utvikla seg frå dei naturgjevne føresetnadene for busetnad i dette området. Ein tenkjer då særleg på landbruksdrift i regionen og på fiske og fangst både i og utanfor regionen. I tillegg har ein tradisjonsrik båtbyggjartradisjon saman med naturressursar som skog og fisk gjeve grunnlag for næringar og handel som strekkjer seg langt ut over regionen. Handelsverksemda gav tidleg eit internasjonalt kontaktnett for verksemdar i Sunnhordland. Ein kan sei at globalisering var eit kjent fenomen her, som mange andre stader langs kysten, før omgrepet vart allment kjent.


Sunnhordland har både eit desentralisert busetjingsmønster og eit desentralisert næringsliv. Dette heng saman og har utvikla seg over lang tid. Den desentraliserte næringsstrukturen heng saman med dei tradisjonelle primærnæringsane som er stadbundne i den forstand at dei er kytt til ressursgrunnlaget lokalt. Det marginale landbruket har skapt eit behov for attåttnæring.



Figur 12. Viser folketalsutviklinga i grunnkretsane frå 2000 - 2014.


Som det går fram av kartet ovafor er folketalsutviklinga i Sunnhordland ujamn. Alle kommunane har grunnkretsar som har hatt ein folkevekst med meir enn 50 personar, det ein her halt kalla for sterk vekst. Regionen har mange grunnkretsar med forsiktig vekst, 4 – 20 innbyggjarar og stabilt folketal. Område med mindre vekst enn 4 personar eller lågare har vi definert som område med stabilt folketal og eller tilbakegang. Kartet viser at dette er ganske store område men det er viktig å hugse på at et meste av busetjinga skjer i strandsona i denne regionen og at det er stor fjellområde i kartet utan busetjing.

Som det går fram av karta nedanfor, er det spreidd busetjing som er hovudregelen i Sunnhordland og Fusa. Konsentrert busetjing finn ein i nokre by- og tettstadsområde.




Figur 13. Busetjingsmønster. Det spreidd busetjingsmønsteret er vist på kartet til venstre.

Kartet viser tettleik av bustader pr. km²



Figur 14. Kartet til venstre viser alle fritidsbustader i regionen. Som det går fram av kartet, er hytter fordelt ganske jamt utover. Konsentrasjonane er mindre enn for busetnad og ligg andre stader. Men hytter og bustader ligg ganske integrert i regionen.

I motsetnad til typiske hyttelandsbyar på fjellet, ligg hyttene i Sunnhordland meir spreidd. Som det går fram av kartet ovanfor, er det relativt få innslag av konsentrerte hytteområde. Store, tette hyttefelt er det få av, med unntak av rorbu-konseptet – der fritidsbustadene er plassert i sjølve sjølinja.




Figur 15. Kartet viser talet på nybygg av fritidsbustader frå 2000 til 2014 fordelt på grunnkrinsane i Sunnhordland.

Hyttebygging representerer eit utbyggingspress i store deler av Sunnhordland. Det varierer over regionen. Variasjonen heng saman med reiseavstand frå Bergen og Stavanger og med kor attraktive områda er for fritidsbustad. Område med press på hyttebygging er til dels overlappande med bygging av bustader men det er stort sett andre område som er attraktive for hyttebygging enn for bustadbygging.

Kommune	Hyttefaktor (Ant.hytter/ant. Bustader)
Stord	5 %
Bømlo	18 %
Kvinnherad	31 %
Fitjar	50 %
Etne	52 %
Fusa	54 %
Austevoll	55 %
Sveio	55 %
Tysnes	80 %


Eit anna særtrekk ved Sunnhordland er at det er populært område for fritidsbusetnad. I nokre av kommunane utgjer hyttene ein svært stor del av den totale busetnaden, slik tabellen nedanfor viser. Stord kommune har berre 5% hytter, medan Tysnes toppar lista med 80 %

Det er og eit tydeleg karaktertrekk at busetnaden mange stader er konsentrert til eit smalt belte langs sjøen. Dette er eit bilete som varierer frå kommune til kommune, og viser at busetjingsmønsteret er nært knytt til landskap, naturressursar og kommunikasjonslinjer. Kommunar med høgt folketal ser i større grad ut til å ha teke i bruk innlandet til bustadføremål, men det er også topografien som kan vere avgjerande faktor til dette.



Diagrammet ovanfor viser korleis busetnadsmønsteret varierer i forhold til strandsona frå kommune til kommune. Dei tre kommunane Stord, Etne og Sveio har ikkje så stor del bustader nær sjøen, noko som betyr at det eksisterer mange andre busetningsalternativ i innlandet. Trass i at det samla talet på bustader nær sjøen er høgt, kan det likevel tyde på at presset på strandsona ikkje er størst i desse kommunane. Kurvene for dei 6 andre kommunane viser at her er det «mest vanleg» å bu nær sjøen – noko som gjev utslag i stort byggepress på strandsona her.

Det er ikkje nødvendigvis slik at presset er størst der talet på bustader er høgast, ein må sjå det i forhold til korleis busetnadsmønsteret er vidare innover land.



Figur 16. Tettstader i Sunnhordland og Fusa

Tettstadsområde etter SSB sin definisjon er vist på kartet til venstre. Dei aller fleste av tettstadene har sjøfront. Leivik er det einaste byområdet i regionen. I dei andre kommunane er kommunesenteret den største tettstaden, eller det er 2-4 tettstadsområde som konkurrerer om å vera størst og viktigast.

Næringsverksemd la grunnlaget for framvekst av dei mange tettstadane i Sunnhordland som ligg til fjorden. Dette er eit tydeleg særtrekk i regionen.

Tettstadane i Sunnhordland er viktige for å oppretthalde busetnaden i regionen. I tillegg til å ha bu kvalitetar, har tettstadene mange viktige funksjonar for sitt omland:

- Servicetilbod innafor offentleg og privat sektor.
- Tilbod innafor handel og tenesteyting.
- Transportknutepunkt, særleg innafor kollektivreiser.
- Kulturtilbod og kulturaktivitetar, innafor eit breitt kulturomgrep
- Attraksjonar av mange slag, skapt av historiske bygg eller hendingar eller reine opplevingstilbod.
- Urbane kvalitetar som særleg er etterspurt av ungdom, dei eldre og innflyttarar.



Figur 17. Høvringevik i Bømlo.

4.2.6 Naust

Naust vert ofte brukt som synonym for sjøbu og sjøhus i daglegtalen, men alle desse tre bygningstypane har sin eigen funksjon.

Naustet er definert som: «Bygningar i strandsona som vert nytta til oppbevaring av reiskapar, utstyr, båtar og anna.» Fylkesdelplan for kystsona i Hordaland.



Figur 18. Det tradisjonelle naustet har ei naturleg og karakteristisk plassering i sjøkanten. Forma er og gjerne karakteristisk og henta frå de tradisjonelle, enkle vestnorske grindbygget med gavlen vendt mot sjøen. Naustet er derfor ein velkjent bygningstypologi som er bygd for lagring av båt og fiskereiskap.



Figur 19. I dette sjøbruksmiljøet frå Stolmen, ser ein dei klassiske sjøhusa som ikkje var bygde for å huse båten men for lasting og lossing av varer og reisskap. Desse sjøhusa har utstikkande gavl med vindehjul for lossing og lasting.

Sjøbuene var små lagringshus ved sjøen, bygd både som grindbygg eller som tømra hus. Dei hadde ikkje rom for båt men hadde lagringsfunksjon.

Før industrialiseringa delte arbeidstakarane si tid inn i arbeid og fritid, var naustet eit uthus å ta inn båten og ordne med fangstreiskap. Fiske og fangst var viktig for å skaffe levebrød til alle. Naustet låg ved sjøen medan bustadhuset låg ved innmarka, saman med fjøset. Denne organiseringa av naust og sjøhus i tilknytning til garden var vanleg langs kysten og ein ser det mange stader i kulturlandskapet framleis i dag og.

I den tradisjonell utforminga med støe med lunnar der båten vart drege opp på land, låg naustet trekt litt tilbake frå sjøkanten og ga rom for fri passasje framfor naustet, i båtstøa. Bruken av naustet var knytt til fiske og fangst eller arbeidsoperasjonar for vedlikehald av båt eller utstyr. Dette er arbeidsoppgåver som ein ikkje definerer som private, og som dermed heller ikkje er med å definerer området rundt naustet som ein privat sone. Naust som uthus er ikkje i konflikt med fri ferdsel i strandsona. Det er dette som er utgangspunktet for den status naustet har hatt som uthus i plan og bygningslova. Som uthus kan det vera del av strandsona og inngå som vanlege bygg i LNF(R) – område.

Men det er litt forvirring ute og går når det gjeld omgrepet naust. Det vert brukt om meir enn uthus for båt og fiskereiskap. Det verkar i dag som om alle bygg som ligg vent mot sjøen med gavlsida, kan kallast for naust, enten dei vert brukt for pakkhus, feriebusad eller som båthus. Vi prøver i dette planarbeidet å halde på definisjonen om at naustet er eit hus for båt og fiskereiskap. Dermed kan ikkje sjøbuer gå inn under denne kategorien.

Med fritid og ferie kom og fritidsbruken av nausta. Når Strandplanlova vart vedteken i 1971 med byggeforbod i strandsona, vart det skapt ein del kreative løysingar for innreining av nausta til fritidsbruk. Nausta var bygningar som allereie låg i strandsona som dermed vart gjenstand for ombygging. Andre høgda i naustet vart gjerne innreia med bueining for fritidsbruk eller utleige. Innhaldet var avhengig av storleiken på naustet, men kjøkken og bad vart gjerne installert. Stakittgjerde og blomar, grillplass med utemøblar og tak over. Etter kvart er signala på at dette er ein privat sone svært tydelege. Skal naustet oppfattast som uthus eller hytte ved sjøen. Med bruk som hytte ved sjøen vert den fri ferdsel ikkje lenger mogeleg. Denne privatiserings prosessen har skjedd og skjer mange stader, der mange naustområde er blitt hytteområde og fri ferdsel i strandsona ikkje lenger er mogeleg.

Når bruken vert endra til fritidsbusad, bryt naustet med byggjeforbodet i strandsona. Som fritidsbusad vil naustet verke privatiserande på arealet rundt og vil hindre den allmenne ferdsel i større grad enn eit naust. Derfor er det bruken av naustet som i plan- og bygningslova si forstand skil mellom kva som skal vera arealføremålet. Blir naustet brukt til fritidsføremål skal det i arealplanen visast som område til fritidsbusad. Dette er eit diskusjonstema som går igjen i mange kommuneplanar. Kor langt kan ein gå i tilrettelegging med kjøken, innlagt vatn, grillplass og stakittgjerde og så vidare før naustet må reknast som fritidsbusad?

Er det mogeleg å definere fritidsaktivitet til eit naust utan at det vert definert som fritidsbusad? Det er i dag ikkje noko til hinder for å sole seg og grille ved naustet. Så fritidsaktivitet føregår ved naust som og vert brukt som uthus, slik den tradisjonelle bruken er. Dette vil heller ikkje vera i strid med arealføremålet. I planen har vi definert dette som maritime oppleveringar og rekreasjon. Denne formuleringa er brukt med denne tydinga i føresegnene. Skiljelinene går når naustet og området rundt må oppfattast som privat område

og den frie ferdsel ikkje kan utøvast på normalt vis. I nye naustområde skjer dette ofte ved at tomtene vert utnytta fullt ut til grensemerkene, slik at det ikkje er igjen areal til fri ferdsel.

På Osterøy er det prøvd ut eit felt med naust der nausta står inne på land. Eit opptrekk på skinner tar båtane inn til naustet. Dette reduser nedbygd areal langs sjøen og det opnar for fri ferdsel i strandsona.

Plan og bygningslova definerer bygningar etter den faktiske bruken. Naust som er innreia som bueining og vert nytta til overnatting, er fritidsbustad, slik lova definerer det. Hyttenaust må, derfor i plansamanheng, reknast som fritidsbustad. I ein del tilfelle blir turistanlegg med utleigeeiningar bygde som naustrekke eller det ein kallar rorbuer. Så lenge desse vert bygd og drifta som turistanlegg og ikkje parsellert ut som private parsellar, vert områda å rekna inn under arealføremål *Fritids- og turistføremål* i kommuneplanen. Dersom det er sjølveigande einingar vert det rekna som fritidsbustad.

I Etne er det i eit planområde gjort framlegg om ei naustrekke kan ha delt føremål når situasjonen ligg til rette for det. Her er det føreslått båt plass i underetasjen og fritidsbustad i andre høgda. Dette er ei naustrekke som ligg avskjerma til utan at det er naturleg med stor ferdsel forbi nausta. Det er ikkje avklart om dette er ein modell som regionale mynde kan akseptere i spesielle tilfelle. Lovverket skil på bruken av naustet, så dette er ein spesiell modell. Er det mogeleg å ha kombinerte føremål med naust og fritidsbustad?

I diskusjonen om naust går det ei vanskeleg skiljeline mellom fritidsbustad og fritidsnaust. Er det mogeleg å ha fritidsnaust som ikkje vert oppfatta som fritidsbustad og som opnar for fri ferdsel i strandsona? Det er dette spørsmålet planarbeidet bør finne ut av. Fritidsnaustet vert rekna å vera eit viktig utgangspunkt for maritime opplevingar i strandsona i Sunnhordland. Planarbeidet og forslaga til løysingar for denne naustbruken bør prøve å finne ut om dette kan kombinerast eller om fritidsnaust er noko ein bør gå bort i frå. Det kan vera nyttig å peike ut nokre område som kan vera prøveprosjekt for å teste ut om fritidsnaustet kan kombinerast med fri ferdsel i strandsona eller dette berre fører til nedbygging, privatisering og hindring av fri ferdsel. Planarbeidet bør peike på 2-5 prøveområde for fritidsnaust.

Ut frå drøftingane ovanfor er naust inn i fire typar.

1. Det tradisjonelle naustet som husar båt og reiskap, samt er stad for maritime opplevingar og rekreasjon, jf. definisjonen ovanfor.
2. Fritidsnaustet (som dekker «kolonihagefunksjonen» for sjøbruk, ikkje fritidsbustad.)
3. Felles naust
4. Naustboder

Det tradisjonelle naustet, har ei naturleg og karakteristisk plassering i sjøkanten. Forma er og gjerne karakteristisk og henta frå det tradisjonelle, enkle vestnorske grindbygget med gavlen vendt mot sjøen. Naustet er derfor ein velkjent bygningstypologi som dei aller fleste assosierer med lagring av båt. Formuttrykket til naustet er kopiert og brukt i mange samanhengar for bygg som blir plassert i sjøkanten.

Naustet har vore og er lærestad for opplæring av kommande generasjonar i sjømannskap og fangstmetodar. Det har derfor ein symbolverdi for det næringslivet som er skapt i Sunnhordland innafor maritim og marin sektor. Ein skal ikkje undervurdere verdien av å ha

gode kontaktpunkt til sjøen for framtidige generasjonar som skal bera vidare næringstradisjonane i regionen.

Naust som vert brukt i tråd med tradisjonen, som lager for båt og reiskap, har fått eit eige føremål i plan og bygningslova. Dette er bygningar som høyrer naturleg heime i strandsona. Det omfattar både lagring av fritidsbåtar og kan vera utgangspunktet for eit fiskebruk. Dersom næringsverksemd er den mest fram herskande bruken, er det eit spørsmål om arealet er næringsareal og det bør visast med dette føremål kommuneplanen.

Fritidsnaustet, som lagringsstad for båt og reiskap for hobbyfiskaren eller for utstyr som vert nytta til anna fritidsaktivitet knytt til sjøen, som padling, vasski, kiting o.l. Det er ein del som samanliknar fritidsnaustet med kolonihagane. Ei samanlikning som står seg på mange måtar når naustet er grunnlag og utgangspunkt for sjøretta aktivitet som bringer vidare kunnskap og forståing av fangstmetodar og maritimt handverk. Men dette er ikkje alltid tilfellet.

Fritidsnaustet har ein glidande overgang til hyttenaust og fritidsbustad. Ofte vert fritidsnaustet innreia både inne og utvendig slik at det har alle fasilitetar for å vera ein fritidsbustad, og det vert brukt som ein fritidsbustad. Dette er kjenneteikna utvendig av bygging av terrasse og grillplass og andre element for tilrettelegging av privatisert sone rundt bygget for privat opphald. Slik innreiing fjernar preget av at naustet er eit uthus, det viser ei privatisering som i ofte vil hindre fri ferdsel i strandsona. Spørsmålet er om det er mogeleg å finne løysingar og definisjonar på fritidsnaust som opnar for allmenn fri ferdsel i strandsona. Det bør gjennomførast prøveprosjekt på løysingar på dette før det vert konkludert med om fritidsnaust kan akseptast som ein eigen kategori naust.

Felles naust, som gjev plass til lagring av småbåtar eller anna utstyr for sjøaktivitet for fleire (mange) brukarar. Dette er ofte ei god løysing for mange når det er snakk om fritidsbruk. Skal ein lagre kajakk eller liknande mindre utstyr til bruk i sjøen vil behovet kunne dekkast gjennom eit mindre areal i eit større felles bygg. Særleg store gamle naust eller sjøbruk er veileigna for dette føremålet. Felles naust er kanskje meir vanleg i tettbygde strøk enn i utkantområde. Det har utfordringar i organisering og vedlikehald men har og føremoner ved det sosiale aspektet, som er viktigare ved fellesnaust enn enkeltstående naust.

Naustbod, er ein lagringsstad for utstyr til båt og sjøbruk for ein brukar. Det kan samanliknast med dei tradisjonelle sjøbuene. Med dagens bruk så er det kanskje meir nærliggjande å samanlikne dei med ei utebod. Dei vert ofte etablert ved båthamner og er ikkje avhengig av å vera lokalisert til sjøkanten, men må liggje praktisk til for båtbrukarane. Bod kan byggjast som frittstående men det vanlegaste er å byggje fleire inn i eit felles bygg.

Konklusjon: Når uttrykket naust er brukt i forslag til felles føresegner (kap 5.5), så er det den definisjonen omtalt under det tradisjonelle naustet ovanfor ein refererer til.



Figur 20. Naust med båtstøa. Fritidsbruken tek meir og meir over for bruken av naustet som ein del av landbruksdrifta. Kai og flytebrygge vert ofte sett som naudsynt for å få tilstrekkeleg plass til fritidsbåten.



Figur 21. Sjøhus med fiskebruk. Bygget er konstruert for lagring av utstyr og reisskap og for greiing av garn og arbeid knytt til fisket. Er dette eit naust eller eit næringsbygg?



Figur 22. Fritidsbustad (rorbuer) ved sjøen, Grunnavåg, Moster, utforma med alle dei karakteristiske trekka som



Figur 23. Sjøhus for fiskebruk, Rolfsnes.

4.2.7 Småbåthammer


I arbeidet med den interkommunale strandsoneplanen er det gjort ei kartlegging av småbåthamnene i regionen. Det er gjort registreringar med utgangspunkt i ortofoto. Det vil seie at kartlegginga har fokusert på korleis den faktiske organiseringa båtane er, og ikkje korleis planstatusen er ved dei ulike kaiane.

Totalt i Sunnhordland og Fusa finst det ca. 24.000 småbåtar, fordelt på 330-400 småbåthammer, avhengig av kva definisjon ein legg til grunn. Det eksakte talet på småbåthammer er vanskeleg å fastslå. Det heng saman med at det fleire stader er større samanhengande område med småbåtar som ikkje utgjer definerte småbåthammer, men rekker med enkeltbåtar fortøyd i land.


*Definisjon: Som småbåthamn reknar ein i denne samanheng ei samling av 10 småbåtar eller meir. Også båtar som ikkje ligg ved eit definert kaianlegg, men som ligg i umiddelbar nærleik til ei definert småbåthamn eller som på annan måte utgjer eit **funksjonelt småbåtområde** (ei større samling av småbåt i eit avgrensa område) blir kategorisert som småbåthamn (småbåtområde).*

Det er mange båtar som ligg fortøyd enkeltvis, eller ved små hamneanlegg, som ikkje er omfatta av definisjonen av ei småbåthamn (min. 10 båtar ved eit anlegg). Dei fleste av desse båtane er likevel talt med i statistikken, for å synleggjere korleis det er vanleg å organisere båtane i dei ulike kommunane. Ser ein Sunnhordland under eitt, er det ca. 12.000 av småbåtane som ligg i småbåtområde, og omtrent like mange som ikkje ligg i organiserte hamner. Fordelinga i regionen går fram av kartet på Figur 25.


Registreringa er basert på nyaste ortofoto som var tilgjengelege i februar 2014. Nokre av kommunane hadde forholdsvis gamle ortofoto, men her vart det supplert med detaljerte kartdata og godkjente byggesaker, der nye flytebrygger er teikna inn.



Figur 24. Diagram som viser talet på båtar som er registrert, samt talet på funksjonelle småbåtområde i den enkelte kommune



Figur 25. Kartlegging som viser korleis småbåtane i Sunnhordland er organisert – i tette småbåtområde (lilla), eller meir spreidd (oransje).



Figur 26. Diagram som viser kor stor del av småbåtane som er lokalisert i funksjonelle småbåtområde i den enkelte kommune

Tabellen ovafor viser at Stord er den kommunen som har den høgaste delen av båtar som ligg i tette småbåtområde. Her er båtane svært godt organisert, slik at flest mogleg av innbyggjarane kan få eit tilbod om båtplass.

Tabellen nedanfor fortel noko om etterspørsel og dekningsgrad, dvs. talet på båtplassar i forhold busetnad. Tysnes har høgast tal på båtar i forhold til innbyggjartalet, men det kan i stor grad forklarast ut frå alle hyttene i kommunen (80% hytter i høve til hus). Når ein måler talet på båtar i forhold til bustader (inkludert fritidsbustader), så er det Austevoll som har høgast score (0,91). Det er også Austevoll som har det beste tilbodet om båtplass i tette småbåtområde, i forhold til talet på innbyggjarar (0,37) og i forhold til talet på bustader (0,53).

Kommune	Båtplass pr. innbyggjar	Båtplass pr bustad (hytte+hus)	Tette småbåtområde: Båtplassar pr. innbyggjar	Tette småbåtområde: Båtplassar pr. bustad (hytte+ hus)
Austevoll	0.64	0.91	0.37	0.53
Bømlo	0.39	0.68	0.19	0.32
Etne	0.32	0.41	0.16	0.20
Fitjar	0.60	0.89	0.29	0.44
Fusa	0.41	0.56	0.15	0.21
Kvinnherad	0.34	0.56	0.16	0.27
Stord	0.15	0.37	0.12	0.29
Sveio	0.44	0.59	0.16	0.21
Tysnes	0.79	0.81	0.25	0.26

4.3 Allmenne interesser

4.3.1 Naturmiljø

Det er eit rikt naturmiljø med stort mangfald i Sunnhordland. Den viktigaste datakjelda i arbeidet er naturbase. Verdivurderinga av naturtypar og funksjonsområde som er gjort i dette planarbeidet er henta frå naturbase. Andre datakjelder er: miljostatus.no og skogoglandskap.no, kort omtalt nedanfor.

- **Naturbase** er etablert for å gi avgjerdsstøtte til miljøforvaltning i stat og fylke, til kommuneplanlegging og til anna arealforvaltning. Naturbase gir deg den offisielle oversikta over verneområde, statleg sikra friluftslivsområde og kartlagde område med utvalde naturtypar og økologiske funksjonsområde for prioriterte artar. Naturbase viser data frå fleire kjelder, mellom anna Miljødirektoratet, Artsdatabanken, Norsk polarinstitutt og Skog og landskap. Fylkesmennene, fylkeskommunane og kommunane er krumtappar i arbeidet med å samle inn og halde Miljødirektoratet sine data i Naturbase ved like.
- **Miljøstatus i Hordaland.** Miljøvernpolitikken er delt inn i elleve resultatområde. For kvart område er det eitt eller fleire nasjonale miljømål. Måla blir følgde opp gjennom indikatorar, som gir grunnlag for å vurdere utviklinga i forhold til måla. Dei nasjonale resultatområda, måla og indikatorane er det gjort greie for i Prop. 1 S (2013–2014). Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak) frå Klima- og miljødepartementet. Her viser vi miljømåla med indikatorene fordelt anten etter resultatområde eller etter temainndelinga på Miljøstatus.
- **Skog og landskap** (Norsk institutt for skog og landskap) er et nasjonalt institutt for kunnskap om arealressurser. Instituttet formidler kunnskap til myndigheter, næringsliv og allmennhet for å sikre bærekraftig forvaltning og verdiskapning knyttet til arealressursene. Skog og landskap er organisert under Landbruks- og matdepartementet, og har ca 220 ansatte. Instituttet har hovedkontor på Ås i Akershus, og regionkontorer i Nord-Norge, Midt-Norge og Vest-Norge. Et nasjonalt fagbibliotek, åpent for allmennheten, er lokalisert ved hovedkontoret. Skog og landskap ble etablert i 2006 etter sammenslåing av Skogforsk og Norsk institutt for jord- og skogkartlegging. Samtidig ble Norsk genressurscenter opprettet som en avdeling ved instituttet.


I kommunane er det utført naturtypekartlegging og kartlegging av biologisk mangfald. Datagrunnlaget for arbeid med naturmiljøtemaet for Sunnhordland er derfor heildekkande for heile regionen og relativt likeverdig for alle kommunane.

Ved naturtypekartlegging er utgangspunktet ei inndelt i sju hovudnaturtypar:

1. Myr
2. Rasmark, berg og kantkratt (under skoggrensa)
3. Fjell
4. Kulturlandskap
5. Ferskvann/våtmark
6. Skog
7. Havstrand/ kyst

Kartet nedafor viser spesielle naturkvaliteter i regionen, som er:

- Verna område, alle kategoriar
- Nasjonalt viktig naturlandskap
- Område med naturtypar som er klassifisert som svært viktige og viktige.
- Utvalde naturtypar og prioriterte artar:



Figur 27. Kart som viser spesielle naturkvaliteter

Prioriterte artar er eit av dei nye, viktige verkemidla i naturmangfaldlova. Målet er at å medverke til at artane vert tekne vare på i eit langsiktig perspektiv og at dei førekjem i levedyktig bestand i sine naturlege område. I strandsona i Sunnhordland førekjem tre av dei prioriterte naturtypepane.

- Slåttemark:
- Slåttemyr:
- Hole eiker:

Naturmangfaldslova:

Kommunane i Sunnhordland har utført registrering av biologisk mangfald osv. Samla er dette kunnskapsgrunnlaget for dette temaet i planarbeidet.

Slik ein vurderer materialet som er utarbeida, så er planarbeidet basert på eit tilfredsstillande kunnskapsgrunnlag, slik at kunnskapsprinsippet i §8 i naturmangfaldslova er oppfylt. Ei god framstilling av materialet er tilgjengeleg bør vera eit tilfredsstillande grunnlag for å vurdere eventuell bruk av føre-var-prinsippet i Naturmangfaldslova §9. Om registreringsarbeidet som er utført er godt nok for planarbeid på eit meir detaljert nivå kan

Når det gjeld naturmangfaldslova §11, Prinsippet om at tiltakshavar skal bera kostnader med tiltak som reduserer miljøkvalitet, skal det stillast krav i føresegnene til kommuneplanen. Det skal og stillast krav om avbøtande tiltak som skal hindre at dette skjer. Desse finn ein i forslag til felles føresegner.

Når det gjeld Naturmangfaldslova §12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar, så er det stilt krav om dette i forslag til felles føresegner.



Strandflora i Bømlo kommune. (Foto: Eli Serine Sønstebø)

4.3.2 Landskap

Verdivurdering av landskapsområde i Hordaland vart gjennomført i 2011 av Aurland Naturverkstad, på oppdrag frå Hordaland fylkeskommune. Tidlegare er det gjennomført kartlegging av landskapstypar langs kyst og fjord (NIJOS, rapport 10/04), og landskapstypar i innland (Aurland Naturverkstad rapport 02-2009).


Den fylkesdekkande kartlegginga er gjennomført etter metodikk frå Nasjonalt referansesystem for landskap. I kartlegginga er heile Hordaland delt inn i 975 landskapsområde som er skildra og verdisett. Målet er at materialet skal nyttast som kunnskapsgrunnlag i lokal og regional planlegging.

Nasjonalt referansesystem for landskap byggjer på metodikk for landskapskartlegging utvikla av NIJOS på 90-talet (Norsk institutt for jord- og skogforskning, i dag Skog og landskap). Metodikken er basert på romleg-visuell landskapskartlegging, der landskapet vert skildra i forhold til dei seks hovudkomponentane landskapsform, vegetasjon, vatn og vassdrag, jordbruksmark og bygnad/tekniske anlegg. I den fylkesdekkande kartlegginga er komponentane kartlagt i målestokk 1:50 000 og lagt til grunn for områdeinndeling og skildring av landskapskarakter for det enkelte området.


Grunnlaget for identifisering og verdisetting av landskapsområde byggjer på at landskapet kan bli systematisert og avgrensa i høve til eit sett av landskapstypar. Kvar landskapstype representerer eit sett av hovudtrekk eller karakteristika i innhald og utforming. Ein landskapstype er såleis ei gruppe landskapsområde med fellestrekk i innhald, samansetting og form. I Hordaland er det definert 26 unike landskapstypar:

1 Ytre skjergard mot ope hav	14 Kystfjell
2 Indre øy-, holme og skjergardslandskap	15 Elvedalar
3 Våg og smalsundlandskap	16 Elvegjel og elvegjuv
4 Småfjord- og storsundlandskap	17 Botndalar
5 Middels breie fjordløp	18 Fjorddalar og fjordvende U-dalar
6 Breie fjordløp, fjordmøte og opne fjordmunningar	19 Lågfjellsdalar
7 Tronge, djuptskorne fjordarmar	20 Lågfjellsdalar over tregrensa
8 Kystheiene	21 Store innsjøar i fjellet
9 Kystmyrene	22 Lågfjellet
10 Vågsvatn	23 Storforma innlandsdalar
11 Åslandskap og skogsåsar	24 Storkupert hei
12 Sprekkedalar	25 Vidde
13 Kystfjelldalar	26 Storforma og alpine fjellmassiv

Kartet på neste side viser dei 10 landskapstypane som er identifisert i strandsona langs kyst og fjord i Sunnhordland. Landskapstypane fordeler seg på i alt 110 landskapsområde av ulik storleik som fordeler seg frå ytre skjergard til indre fjordarmar.



Figur 28 Landskapstypar langs kyst og fjord i Sunnhordland



Figur 29 Landskapsverdi langs kyst og fjord i Sunnhordland

Landskapstype	Landskaps- område, mengde stk.	Areal km2	% av totalt ANTAL landskapsom- råde mot sjø i SHL	% av totalt AREAL landskapsr- om mot sjø i SHL	% av totalt AREAL landskapsr- om i SHL
Landskapsrom mot sjø i Sunnhordland					
Brede fjordløp og åpne fjordmunninger	15	1 204	13,6 %	43,3 %	25,5 %
Indre øy-, holme- og skjærgårdslandskap	11	200	10,0 %	7,2 %	4,2 %
Kystheiene	6	36	5,5 %	1,3 %	4,2 %
Middels brede fjordløp	24	834	21,8 %	30,0 %	17,6 %
Småfjord- og storsundlandskap	13	133	11,8 %	4,8 %	2,8 %
Småvåg- og smalsundlandskap	3	7	2,7 %	0,3 %	0,1 %
Storforma U-daler	1	12	0,9 %	0,4 %	2,0 %
Storkupert hei	1	32	0,9 %	1,1 %	5,5 %
Trange og dyptskårne fjordarmer	2	13	1,8 %	0,5 %	0,3 %
Våg- og smalsundlandskap	24	131	21,8 %	4,7 %	2,8 %
Ytre skjærgård	10	181	9,1 %	6,5 %	3,8 %
SUM	110		100,0 %	100,0 %	

Figur 30 Fordeling av landskapstypar i Sunnhordland⁶

Tabellen over viser at Sunnhordland har størst mengde landskapsområde av landskapstypene *våg og smalsundlandskap* og *middels breie fjordløp*. I areal dominerer naturleg nok dei meir storskala landskapstypene *breie fjordløp og åpne fjordmunningar/fjordmøte* saman med dei middels breie fjordløpa. Fordelinga av landskapstypene seier noko om kva som er karakteristisk for kystlandskapet i Sunnhordlandland.

Alle landskapsområda er verdivurdert. Verdisettinga av landskapsområda byggjer på kriterier for kor representative/typiske eller sjeldsynte landskapsområda er innafør Hordaland som regional kontekst.

Representativitet som kriterium er med på å løfte fram landskapsområde i sin regionale samanheng. Vanleg førekomande landskap i Hordaland er gitt verdien 3, middels verdi. *Sjeldsyn* vert nytta som kriterium for å framheve landskapsverdi som løftar opp og skil eit område frå andre av same landskapstype, i same region, eller nasjonalt.

Det er brukt ein femdelt skala der 5 er høgaste verdi: 1=landskap med få verdiar, 2=vanleg førekomande landskap i lokal samanheng, 3=*middels verdi – vanleg i regional samanheng* og/eller over snittet lokalt, 4=stor verdi – landskap med verdi over snittet i regional samanheng, 5=svært stor verdi - landskap med nasjonal verdi.

⁶ Med atterhald om feil i databasen frå kartlegginga i 2011.

I Sunnhordland er det berre 2 landskapsområde som er trekt fram med særst stor verdi, Rosendal og Muradalen med Baroniet, og Sunndalen med Bondhusdalen opp mot Bondhusbreen. Begge er klassifiserte som storforma fjorddalar og fjordvendte U-dalar. Landskapsområda er ikkje trekt heilt ned til fjorden. Landskapet dalføra vender mot høyrer til middels breie fjordløp klassifisert med stor verdi.

Fleire av dei mest karakteristiske landskapstypene for Sunnhordland har landskapsområde som er gitt stor verdi, som for eksempel heile det store fjordlandskapet Husnesfjorden / Kvinnheradsfjorden og Bjørnafjorden. I alt er 21 landskapsområde i Sunnhordland gitt stor verdi. Dei fleste av desse er knytt til større fjordlandskap, men også den ytste kysten i Austevoll, Fitjar og Bømlo har område med stor landskapsverdi.

I tillegg til fylkeskartlegginga er det utarbeidd landskapsanalysar for enkelte delområde i fleire kommunar. Desse er ikkje innarbeidd i det interkommunale plangrunnlaget, men er viktig kunnskapsgrunnlag for kommuneplanane.

4.3.3 Friluftsliv

Kartlegging og verdisetting av regionalt viktige område med friluftsinnteresser i Hordaland vart sist gjennomført i 2006-2007 med planrapport datert i 2008.

Kartlegging og verdisettingsarbeidet er basert på metode utvikla av Direktoratet for naturforvaltning (Handbok 25-2004 Kartlegging og verdsetting av friluftsområder) men er tilpassa regionalt nivå. Arbeidsprosessen er gjennomført i fire fasar:

1. Avgrensing av kartleggingsområde
2. Kartlegging / typekategorisering
3. Verdisetting / verdivurdering
4. Kartpresentasjon og tilrettelegging for internett

Dei regionale og nasjonale områda ligg hovudsakleg i LNF-område. Det som karakteriserer **regionale friluftsområde** er at dei har stort nedslagsfelt og mange brukarar, enten totalt eller i høve til folkemengda i regionen. Brukarane kan komme frå fleire kommunar. Det dreier seg hovudsakleg om større, samanhengande tur- og naturområde langs kysten, i skogen eller i fjellet. Det kan og vera mindre område med spesielle kvalitetar som gjer at dei har regional verdi. Fleire av områda med regional verdi har òg nasjonal verdi.


I arbeidet med kategorisering av regionale friluftsområde i Hordaland har ein nytta desse områdetypene, med naturkode i parentes:

1. Grøntkorridor (GK)
2. Marka (MA)
3. Strandsone (SS)
4. Utfartsområde (UO)
5. Store turområde utan tilrettelegging (TU)
6. Særlege kvalitetsområde (SK)

Verdisetting er gjort ut frå følgjande kriteria: Bruksintensitet, Nasjonale / regionale brukarar, Opplevingskvalitetar, Symbolverdi, Eigna for spesiell bruk, Inngrep, Potensiell bruk, Tilrettelegging og Tilgjengelegheit, med ein graderingskala frå 1 – 5.

Etter verddivurderinga har alle friluftsområda fått ein totalverdi som er utgangspunkt for ei gradering i: **A = Svært viktig**, **B = Viktig** og **C = Registrert**

Kartet på neste side viser regionale strandsoneområde med verdi A og B. I tillegg viser kartet sikra friluftsområda som vert drifta av Friluftsrådet Vest eller Bergen om omland friluftsråd.



Figur 31. Kart som viser friluftssinteresser

I rapporten for regionalt viktige friluftsområde for Hordaland vert det peika på ein del moment som er viktige å ha med i arbeidet med den interkommunale strandsoneplanen for Sunnhordland:

- Mindre, tettstadnære område som grøntstruktur og andre område som ofte er viktige for barn og unge vart haldne utenom, sjølv om slike areal har spesiell fokus i den nasjonale areal- og friluftspolitikken.
- Avgrensing av friluftsområda var ei utfordring med tanke på annan arealbruk og særleg i avgrensing til utbygde område.
- Det har vore ei utfordring å få til ein regional standard på verdisetting på grunn av ulikskapane i fylket.

Inntrykket ved gjennomgang av kommuneplanane i Sunnhordland er at nasjonale og regionale friluftsjnteresser er sikra ved kjøp av areal, inngåtte avtalar med grunneigarane og sikring gjennom vedtekne arealplanar. Lokalt friluftsliv har ikkje same status. Det er få kommunar som har jobba systematisk og heilskapleg for å sikra det lokale friluftslivet. I eit helseperspektiv er friområde og friluftsområde lokalt, som er tilgjengeleg utanfor døra, det som har størst verdi i det daglege. Det å kunne utøva friluftsliv utan å kjøre bil eller bruke transportmiddel av noko slag for å komme til friluftsområdet, har gevinst i forhold til helse, til bukvalitet og klima.

I distrikt med spreidd utbygging tar ein gjerne denne typen kvalitetar for gitt og dei vert ikkje sikra gjennom arealplanane. Særleg i strandsona forsvinn tilgjengeleg og urørt areal gradvis. Enkelttiltak deler opp og privatiserer strandsona og dette er prosessar ein ser med større eller mindre styrke dei fleste stader. Gradvis forsvinn allmenta sin tilkomst til sjøen. Det er dei som ikkje har bygd i strandsona som vert skadelidande. Dei mister gradvis sin allmenne rett til å ferdast i strandsona. Derfor er ei stykkevis utbygging i strandsona ofte ei forfordeling av alle dei som ikkje har bygd i strandsona, dersom ikkje tilkomst og rekreasjonsareal er sikra gjennom arealplan eller på annan måte. Det er då viktig at det vert sikra areal i nærområdet som har ein storleik som er tilstrekkeleg for alle innafor eit naturleg lokalt nedslagsfelt.

Skal ein lokke til seg nye innbyggjarar med utsikter til å få tilgang til sjøen og strandsona er det viktig at desse verdiane er føreseielege og ikkje forvitrar med ei stykkevis og delt utbygging. For dei som byggjer hus treng tryggleik for at desse verdiane er tilgjengeleg i alle fall i eit 20 års perspektiv.



Figur 32. Friluftsområdet Gunnarsvikjo på Tysnes.

For kommunane manglar det eit lokalt kartleggingsarbeid for lokalt friluftsliv. Dette bør vurderast der det skal opnast for utbygging. Det er og viktig for å kunne drive eit systematisk arbeid med å sikre den lokale friluftsverdiane for innbyggjarane. I 2015 vert det friluftslivets år. Det vil verta tilgjengeleg ekstra midlar til sikring av areal. I Sunnhordland bør ein nytte høvet til å gjera ein ekstra innsats i den interkommunale planen til å sikre friluftsjnteressene.

Metodikken finst i DN Handbok 25. I den interkommunale strandsoneplanen for Sunnhordland er det i arbeidet med funksjonell strandsonkartlegging avdekka kor det er verdifull strandsona eigna for friluftsliv.

4.3.4 Kulturminne

Formålet med kulturminnetema i Strandsoneplanen er å synleggjere den historiske bruken av strandsona, og vise korleis sjø- og strandsone har vore heilt sentral for næring og leveveg så lenge det har budd menneske i Sunnhordland. Målet er å vise det kulturhistoriske særpreget i regionen, men også å synleggjere variasjonen og mangfaldet ein finn frå den øyrike ytterkysten i vest til det bratte fjordlandskapet i aust.

Generelt er Sunnhordland og Ytre Hardanger område som er svært kulturminnerike. Det er derfor viktig å få kartfesta og omtalt dei kulturminna som er av særleg høg verdi (regional og nasjonal interesse), og som i tillegg kan seiast å vere ein viktig del av Sunnhordland si historie og forhistorie. Såleis er på langt nær alle kulturminne som er kjende tekne med i karta, eller blitt omtalt. Det finst til eksempel mange automatisk freda kulturminne med nasjonal verdi som ikkje vert nemnde. Grunnen er at det er heilt naudsynt at strandsoneplanen avgrensar fagtemaet til ein storleik som er handterbar i analysen, og som er av relevans for strandsoneplanen på eit overordna nivå. Kulturminne og kulturmiljø som ikkje er avmerkt eller omtalt i strandsoneplanen må likevel takast omsyn til i handsaminga av enkeltsaker. Samtidig bør forvaltninga legge vekt på at dei kulturminna og kulturmiljøa som er peika ut som viktige på overordna nivå skal ha ei prioritering og vektlegging som vert vidareført på lågare plannivå.

Sunnhordland si strandsone fortel om busetnad frå dei eldste tidene i steinalder heilt til vår tids bruk av kysten med hamner, naust og fritidshus. Generelt er det småskalabonden, eller fiskarbonden sine spor som dominerer. Her finn ein ikkje prangande storgardar eller nasjonale monument, men derimot eit kulturlandskap og ein gardsstruktur som kjenneteiknar den tradisjonelle vestlandsgarden der jordbruket aleine ikkje alltid var nok til å brødfø heile familien. I dei mange vikene og gode hamnene finn ein bygningsmiljø som vitnar om kor viktig sjøen var som ressurs, ferdslø og handel.

Følgjande kulturminnegrupper og undertema er valt ut:


- 1) *Steinalderlandskapet*
- 2) *Bergkunst (malingar og helleristningar)*
- 3) *Kystrøysene (gravrøyser)*
- 4) *Førhistoriske nausttuffer*
- 5) *Kyrkje - kloster- kongemakt – adelsskap og overklasse*
- 6) *Sjøbruksmiljø og handel (bygningmiljø, fyr, handelsstader)*
- 7) *Kolerakyrkjegardar*
- 8) *Fiskarbonden (naust og sjøbruksmiljø)*
- 9) *Utnytting av råstoff i berg og fjell (gruver og uttak)*



Figur 33. Frå Økland, Stord. Foto: A. Jenssen.


Det er utarbeidd eit samlekart som viser «kulturminnerik strandsone». I samlekartet er berre kulturminne i 100-metersbeltet vist. På grunn av målestokken i samlekartet, og at objekta er svært små, er det laga polygon rundt samlingar med tre eller fleire objekt som ligg nærare enn 500 meter i avstand frå kvarandre. Dei aggregerte polygona (via arc-gis) er tilpassa målestokken, og vil ikkje gje eit godt bilete ved ein større målestokk. Polygona med «kulturminnerik strandsone» illustrerer område i Sunnhordland der kulturminne ligg tett –

utan at kulturhistorisk verdi er teke omsyn til. Avmerkingane er for generelle til at dei kan nyttast som grunnlag for å definere eventuelle omsynssoner i arealplanar. Steinalderbuplasser er *ikkje* teke med som grunnlag i aggregering av «kulturminnerik strandsoner», men er illustrert i kartet. Årsaka til dette er at dei har ei vid utbreiing i dei ytste kommunane kan seiast å vere del av det generelle kulturhistoriske biletet i denne delen av Sunnhordland. For å kunne utkrystallisere eit særskilt mønster, eller særleg kulturminnetette område, vart det valt å halde dei utanfor aggregeringa.



Figur 34. Kulturminnegruppene som er trekt fram i strandsoneplanen er vist i kulturminnekartet. Berre objekt i 100-metersbeltet er vist. Område der kulturminne ligg tett er framheva særskilt som kulturminnerik strandsone. Desse områda kan ha større samanhengande kulturmiljø med verdiar.

4.4 Naturressursar



Figur 35. Naturressursar i Sunnhordland. (Manglar kjerneområde landbruk for enkelte kommunar). Kartet er også tilgjengeleg i eit meir detaljert utgåve i større format (A1-vedlegg)

4.4.1 Landbruk.

I registrering av landbruksinteressene er det valt å vise kjerneområde for landbruk. Utveljing av desse viktige arealressursane er omtalt i: *Kjerneområde landbruk. Veileder for registrering og prioritering av viktige områder for jordbruk og kulturlandskap. Landbruk og matdepartementet 2005.*

Rettleiaren definerer kva kriteria som skal leggjast til grunn for utpeiking av kjerneområda, areal godt eigna for matproduksjon, det vert peika på desse faktorane:

Et områdes egnethet for matproduksjon avhenger av blant annet:

- *Jordsmonnets innhold og sammensetning, alder, struktur og dybde*
- *Klima, med vekt på temperatur og nedbør*
- *Terrengets hellingsgrad (lite helling er viktig for store arealer som høstes maskinelt, men en viss helling kan være gunstig ved produksjon av frukt og grønnsaker)*
- *Arealets størrelse og arrondering*

Områder som har både godt klima og god jordkvalitet, og som er av en viss størrelse og sammenheng, er det viktig å gi en langsiktig forvaltning. Også gode arealer for dyrking av fôrkorn og gras kan inngå i kjerneområdene.

Kriteria som er valt er ganske runde og må tilpassast lokale forhold og produksjonstype. Kjøttproduksjon stiller andre krav til arealet enn kornproduksjon. Hellingsgrad og soleksponering er viktig ved frukt og grønnsakproduksjon men ikkje ved kornproduksjon f eks. Dette medfører at det ikkje er brukt same kriteria frå kommune til kommune. Areala kan ha ulik karakter.

På kartet som viser naturressursar har vi i tillegg derfor vist fulldyrka mark henta frå markslagsklassifikasjon AR5.

4.4.2 Fiske

Areal til fiske er henta frå kommuneplanane og viser gyteområde, tråleområde osv.

I tillegg er alle lokalitetar for fiskeoppdrettanlegg vist på kartet. Desse ligg stort sett utanfor planområdet for denne planen, som ikkje stekker seg lenger frå land enn 50 meter, men alle anlegg har eit knutepunkt til strandsonen. Desse areala er del av planen.

Kartet, Figur 35, viser og prioriterte fiskerikaiar.

5 PLANFORSLAG

Slik målsettinga med planarbeidet er formulert, vil det vera eit overordna mål for kommunane i Sunnhordland å vera tydelegare på arealbruken i strandsona både når det gjeld areal til allmenne interesser og til utbygging. Skal ein kunne opne opp for meir utbygging i strandsona må ein vera tydeleg på korleis ein skal ta vare på dei nasjonale interessene i 100-meters beltet. Større handlingsrom for kommunane til sjølve å styre utbyggingstiltak i strandsona krev at dei tar eit større ansvar for verneinteressene og allmenne interesser i det same området.

Sjølv om Sunnhordlandskommunane har fått status som pilotregion for differensiert strandsoneforvaltning, lyt gjeldande Plan- og bygningslov med tilhøyrande regelverk leggjast til grunn for planarbeidet.

I planar vert det lagt vekt på å få fram det handlingsrommet som dagens lovverk gjev høve til for å tilpassa planarbeidet til lokale behov og få til størst mogeleg grad av lokalt sjølvstyre. Dette meiner kommunane best kan oppnåast ved at kommunane vert plassert i hovudområde 3, jamfør «Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen. Ei viktig målsetting med planarbeidet er difor å

Utarbeida ein interkommunal plan (kommunedelplan) som gjev kommunane lokalt handlingsrom til å gjennomføra ei differensiert og tilpassa planlegging, forvaltning og utbygging av strandsona. Og samstundes arbeida for at kommunane i planområdet vert plassert i hovudområde 3, område med mindre arealpress.

Gjennom planarbeidet er det viktig å få tydeleg fram:

- Kor det ikkje skal byggjast for å ta omsyn til verneinteresser og allmenne interesser?
- Kor det skal byggjast for å utvikla kommunen i ønskjeleg retning?
- Eksisterande utbygde område (fortettingsområde) som kan byggjast vidare ut.
- Korleis skal det byggjast ut for å få inn ønskjelege kvalitetar i dei utbygde miljøa og ta vare på allmenne interesser og landskap (føresegner og retningslinjer).

Slik kan ein skissera hovudpunkta i ei rasjonell samfunnsplanlegging basert på definerte behov og korleis desse vil utvikla seg i framtida. I dag er private initiativ ein stadig viktigare faktor i utvikling av næringsliv og busetnadsmønster. Reguleringsplanlegginga går i større grad føre seg i privat regi og ikkje som ein del av kommunen sine oppgåver. Det er difor viktig at kommunen har oppdatert kommuneplan som gjev tydelege rammer for den utviklinga som kommunen ønskjer. Kommuneplanprosessen må difor leggja til rette for dialog både med private aktørar og overordna mynde. På den måten kan kommunepolitikarane utvikla kommuneplanen til eit godt styringsverktøy.

Ei utfordring i Sunnhordland er arealomfanget. Kommunane har store areal i høve til folketalet. Planarbeidet og ressursinnsatsen må difor prioriterast til områda i kommunen der behovet og utbyggingspresset er størst, t.d. kartlegging av funksjonell strandsona. Ei slik prioritering vert difor eit viktig verkemiddel i planlegginga av differensiert strandsonoplanlegging.

5.1 Interkommunal strandsonestrategi for Sunnhordland:

Sunnhordland har ein vedteken strandsonestrategi frå 2008. Målsettinga for denne, er lagt til grunn for den interkommunale strandsonerplanen for Sunnhordland. Dette planarbeidet skal utdjupa og definere ein meir detaljert strandsonestrategi for Sunnhordland. Viser her til planprogrammet. I tabellen nedanfor er strategien oppsummert. Hovudmåla til venstre er henta frå vedteken strandsonestrategi. I kolumnen to er dei viktigaste strategiane for ein differensiert strandsonestrategi for Sunnhordland lista opp. Desse er omtalt nedanfor, men i noko anna rekkjefølgje enn det dei står i tabellen.

Hovudmål:	Strandsonestrategi for Sunnhordland:	Plantiltak:
1. Bli pilotregion for differensiert strandsonerpolitikk	1. Pilotstatusen må evaluerast, i tråd med punkt 7.1 i Statlige planretningslinjer for diff forvaltning av strandsonen langs sjøen.	1. Kontakt med departementet, opplegg for evaluering.
2. Ha større sjølvråderett lokalt i arealpolitikken.	2. Utarbeida ein Interkommunal strandsonerplan for SHL og Fusa som gjev kommunane lokalt handlingsrom til å gjennomføra ei differensiert og tilpassa planlegging, forvaltning og utbygging av strandsona. Arbeida for at kommunane i planområdet vert plassert i hovudområde 3, område med mindre arealpress.	2. Vurdere utbyggingspress i Sunnhordland i forhold til kommunar som ligg i hovudområde 2 etter pkt 4.1 Statlige planretningslinjer for diff forvaltning av strandsonen langs sjøen.
3. Fortetta allerede utbygd strandsoner.	3. Fortetting i strandsona. a) Definere fortettingsstrategiar for ulike sonar av utbygde område. Når kan utbygging skje som føresegner til LNF b) område i strandsona og når må ein bruke plankrav. b) Fortetting/utbygging skal skje etter kvalitetskriteria for tilgjenge til strandsona for allmenta, omsyn til allmenne interesser, veg og infrastruktur (inkl stiar og kaiar), helseiltak, god estetikk og universell utforming.	3. Fortetting, tiltak i utbygde område. a) Kartlegging av funksjonell strandsoner i alle kommunane. b) Lage kriteria for ulike fortettingsstrategiar, frå område som ikkje skal ha utbygging til område med stor grad av utbygging, og definere planheimel/planverktøy. c) Utarbeide kvalitetskriteria for kvar fortettingsstrategi.
4. Bruka strandsona aktivt for å sikra busetjing og næringsliv	4. Fokus på næringsinteresser. Felles verdiklassifisering for tema næringsareal og naturressursar, (landbruk og fiske) for sikring av regionalt og kommunalt viktige område.	4. Utarbeide verdikart for næringsinteressene i Sunnhordland og Fusa for følgjande tema: Næringsareal og naturressursar
5. Sikra urørt og eigna strandsoner for allmenta og friluftsliv	5. Fokus på allmenne interesser. Felles verdiklassifisering for tema naturmiljø, landskap, friluftsliv og kulturmiljø for sikring av regionalt og kommunalt viktige område.	5. Utarbeide verdikart for allmenne interesser i Sunnhordland og Fusa: naturmiljø, landskap, friluftsliv og kulturmiljø
6. Leggja strandsonestrategi for Sunnhordland til grunn i sakshandsaming i kommunane	6. Fokus på strandsonerplanlegging: a) Som tek omsyn til felles interesser i regionen. b) Som tar i bruk effektive planverktøy for styring av fortetting i strandsona. c) Som har eit felles regionalt, datagrunnlag for utarbeiding av planstrategi, kommuneplanar, KU og ROS	6. Planarbeid i den interkommunale strandsonerplanen: a. Utarbeid planomtale (fellesdel) for interkommunal strandsonerplan for SHL og Fusa, med føringar for planarbeidet i kommunane. b. Utarbeide temakart for Sunnhordland og Fusa for følgjande tema: næringsareal, naturressursar og allmenne interesser. c. Utarbeide forslag til felles føresegner. d. Implementere konklusjonane frå verdikarta i kommune(del)planane e. Utarbeide plankarta digitalt for alle kommunane. f. Utarbeide planskildring og føresegner for kvar kommune. g. Utarbeide KU for nye område og ROS – analyse. h. Høyring av planforslag.

Figur 36. Tabellen oppsummerer strandsonestrategi for Sunnhordland. Kolonna til venstre inneheld måla frå strandsonerstrategien vedteken i Samarbeidsrådet i 2008. Kolumnen to har forslag til hovudstrategiar. Kolumnen tre har hovudtiltaka for å gjennomføra strandsonerstrategien for Sunnhordland.

5.1.1 Sunnhordland i hovudområde 3 - område utan press


Hovudgrunnar til at Sunnhordland framleis bør vera plassert i hovudområde 3 (*Jf. pkt. 4.2 Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen*) i høve til utbyggingspress:

1. Regionen har folketalsutvikling i underkant av nasjonalt gjennomsnitt.
2. Generelt vesentleg lågare utbyggingspress enn i område med press på arealet, som er naturleg å samanlikne seg med. F eks Bergensregionen.
3. Næringsinteressene og næringsutviklinga står sterkt i regionen.
4. Forstudien viser at regionen har klart å ta vare på tilgjengeleg og urørt strandsone.

Når ein samanliknar Sunnhordland med Bergensregionen får ein klare indikasjonar på ulikskapen mellom ein region som i dei statlege planretningslinjene er plassert i hovudområde 2. *Andre område der presset på areala er stort* og hovudområde 3. *Område med mindre press på areala*. I figurane nedanfor er Sunnhordland samanlikna med Bergens området, som er plassert i Hovudområde 2. Samanlikninga er gjort med nye bygg totalt og ny bustader som indikatorar. Karta viser nye bygg delt på kilometer strandsone i kommunen. Som tala viser er trykket på nybygg, ikkje uventa, mykje lågare rundt i Sunnhordland enn i Bergensområdet.


Spørsmålet om plassering av Sunnhordland i hovudområde 3 vart drøfta med Samarbeidsrådet 28.11.2013 i samband med orientering om prosjektet. Samarbeidsrådet gav klar tilbakemelding om at kommunane i prosjektet måtte plasserast i område 3. På denne bakgrunn har denne formuleringa vert lagt til grunn for planarbeidet: «**Utarbeida ein interkommunal plan** (kommunedelplan) som gjev kommunane lokalt handlingsrom til å gjennomføra differensiert og tilpassa planlegging, forvaltning og utbygging av strandsona, og samstundes arbeida for at kommunane i planområdet vert plassert i hovudområde 3, jamfør «Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen».

Kommunane i Sunnhordland har gjennom denne tilbakemeldinga klargjort at ei forvaltning i tråd med det som er omtalt for hovudområde 3 i dei statlege planretningslinjene bør leggjast til grunn for planforvaltning av strandsona i Sunnhordland. Ut frå gjennomgangen ovanfor om utbyggingspress er det liten grunn til ikkje å plassere Sunnhordland i dette hovudområde. Føresetnaden er at ein klarer å etablere ei forvaltning av strandsona som tek vare på både nasjonale, regionale og kommunale interesser. Dette må kommunane gjera i si kommuneplanlegging, der handlingsrommet som retningslinjene gjeve i kapitel 5 må brukast så langt det er mogeleg.



Figur 37. Nye bygg i alle kategoriar delt på kilometer strandsone i kvar kommune.

Detter talet varierer stort mellom kommunane. Variasjon er det og internt i kommunane, men denne går ikkje fram av desse tala. Hovudinntrykket er likevel at det er tydeleg nivåforskjell på presset rundt Bergen samanlikna med det i Sunnhordland.



Figur 38. Nye bustader delt på kilometer strandsone i kvar kommune.


Detter talet varierer mellom kommunane. Variasjon er det og internt i kommunane, men denne variasjonen går ikkje fram av desse tala. Hovudinntrykket er likevel at det er tydeleg nivåforskjell på presset rundt Bergen samanlikna med det i Sunnhordland.

Utbyggingspresset i strandsona i Sunnhordland varierer ganske mykje over geografiske område og vert skapt av ulike interesser, som i hovudsak kan delast inn i 5:


1. Bustadbygging, som er relatert til folkevekst,
2. Næringsbygg og anlegg
3. Fritidsbustader
4. Naust
5. Anlegg i strandsona, som småbåthammer og andre kaiar og anlegg

Utbyggingspresset er illustrert i karta nedanfor ved hjelp av folketalsutvikling på grunnkrinsnivå og utbygging av fritidsbustader. Grunnkrinsar med stabilt folketal eller tilbakegang er vist med grå farge. Raud farge viser sterk auke i folketalet

Kartet nedanfor viser kor det i perioden 2000-2014 har vore størst folkevekst og kor det har er bygd flest fritidsbustader.



Figur 39. Utbyggingspress vist ved hjelp av vekst i folketalet og bygging av årlege tal for bygging av fritidsbustader.




Figur 40. Underlagskart for ei differensiert strandsoneforvaltning i områdekategoriar.

5.1.2 Strandsoneplanlegging i Sunnhordland


Med konklusjonen ovanfor vert kommuneplanlegginga plattformen i strandsoneforvaltninga i Sunnhordland. Hovudgrepa for korleis dette kan gjennomførast er:

1. Allmenne interesser av lokal, regional og nasjonal verdi vert gjort synlege. Verdisetting og avgrensing vert avklart i planprosessen.
2. Pressområde for utbygging vert definert ved vekst i folketal/bustadbygging og område med press på hyttebygging. Jf. Gjennomgangen ovanfor.
3. Differensiert forvaltning av strandsona vert gjennomført med underlag i funksjonell strandsonekartlegging og inndeling i strandsone kategoriar for å fastsetje utbyggingsføremål i utbygde område.
4. Allmenne interesser vert teke vare på ved bruk av formål innafor grønstruktur, omsynssonar og føresegner til § 11-9, 10 og 11
5. Kommuneplanen vert utarbeida slik at det vert kort veg frå plan til gjennomføring der det er ønskeleg med utvikling sett frå kommunen si sida.

MODELL FOR KOMMUNE(DEL)PLANLEGGING ETTER STRANDSONESTRATEGI FOR SUNNHORDLAND OG FUSA



Figur 41. Kommuneplanlegging etter strandsonestrategi for Sunnhordland og Fusa



Kommuneplanen er ein overordna plan til forskjell frå reguleringsplanen som er ein detaljplan. Kommuneplanen som styringsverktøy har færre verkemiddel til å styra arealutviklinga enn ein reguleringsplan har. Ved større utbyggingstiltak skal det krevjast reguleringsplan, jamfør Plan – Bygningslova § 12-1.

I plan og føresegner er et ikkje lagt opp til eit generelt plankrav. Krav til reguleringsplan skal berre gjerast gjeldande når det går fram av plankartet, jamfør PBL § 11-9, nr 1. Men det er likevel føresett at når utbyggingstiltak som ikkje er særleg omfattande, kan arealutnyttinga styrast gjennom føresegner til kommuneplanen. Føresetnadene for tiltaket lyt då vera rimeleg avklart i kommuneplanen. Ei slik styring av bygge- og frådelingssaker vil forenkla og gje ei raskare sakshandsaming enn å utarbeida ein reguleringsplan før utbyggingstiltaket kan handsamast.

Dette gjeld og mindre utbyggingstiltak i område med krav til reguleringsplan som då kan godkjennast og styrast direkte gjennom føresegnene til kommuneplan eller kommunedelplan utan utarbeiding av reguleringsplan, jamfør §11-10, nr.1 og §11-11, nr 2.

Slike unntak frå plankravet går fram av føresegnene for dei enkelte bygge- og anleggsområda, føresegnene for LNF-spreidd og må listast opp av vedkomande kommune.

Kommunen kan elles krevja reguleringsplan for gjennomføring av større bygge- og anleggstiltak som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn, jamfør § 12-1.

5.1.3 Bruk av funksjonell strandsone-kartlegging

I arbeidet med interkommunal strandsoneplan for Sunnhordland er det gjennomført kartlegging av funksjonell strandsone (FS) i alle kommunane forutan Austevoll. Metodikk for kartlegging av FS er utvikla og skildra i forstudie for differensiert strandsoneforvaltning i Sunnhordland (2010). Analysemetodikken er kort omtalt i kapitel 2.3.3. i gjeldande dokument.

Kartlegging av FS inneber ei detaljert analyse av landskap og landskapselement, og vil mellom anna krevja synfaringar og flyfotostudiar. Gjennom ei slik kartlegging kan ein differensiera strandsoneverdiene basert på fastsette kriterium, og slik definera område som bør vernast og område som kan vidareutviklast med ny utbygging eller fortetting. Kvalitetar knytt til biologisk mangfald, landskap, kulturminne, bygningsmiljø og tilgjenge for ålmenta står i fokus.

Kartlegginga kan nyttast som:

- Grunnlag for fastsetjing av juridisk bindande byggjegrænse. Bygging i 100-metersbeltet langs sjø er i dag regulert i PBL paragraf 1-8, bygge- og delingsforbodet i 100-metersbeltet. I §1-8, 3.ledd går det fram at byggjeforbodet gjeld "*så langt ikke annen byggegrense er fastsatt i kommuneplanens arealdel eller reguleringsplan*".
- Grunnlag for fastsetjing av omsynssoner. I dette tilhøve vil 100-metersbeltet gjennom § 1-8 2.ledd gjerast gjeldande.
- Ein «skyggeplan» for vidare arealforvaltning og planrevisjon

Vidare gjev analysemetoden

- Godt grunnlag for alle grensesetjingar som må gjerast i planlegging av strandsona.
- Grunnlag til å fastsetja kva som kan definerast som utbygde område i strandsona (jf. hovudområde 3 i statelege planretningsliner for differensiert strandsoneforvaltning. (Omtalt i kapitel 2)

I strandsoneplanlegging for Sunnhordland er det ein føresetnad at dei deltakande kommunane skal nytta analysemetoden for *funksjonell strandsone kartlegging* som grunnlag for utarbeiding av den interkommunale strandsoneplanen.


Den funksjonelle strandsonekartlegginga gjev i neste omgang grunnlag for at kommunane kan vurdere ei områdekategorisering med fastsetting av ulike sonar for arealforvaltninga i strandsona med omsyn til fortetting, utbygging og vern. Metoden for områdekategorisering og korleis desse kan brukast saman er omtalt i etterfølgjande kapittel.

Område som er avsett til byggeområde i kommuneplanen, regulerte eller uregulerte, har ofte ikkje fastsett byggjegrænse mot sjø. I slike område kan ei kartlegging av strandsoneverdiene vera viktig informasjon for å sikra ein miljørevisjon av planane. Det vil i enkelte område likevel vere naudsynt å setja ei anna byggjegrænse enn den funksjonelle strandsona, for slik å leggja til rette for at eksisterande eigedomar kan vidareutviklast innanfor fastsette rammer. Nye tiltak skal som hovudregel plasserast vekk frå sjø. Denne tilnærminga gjer det mogleg å leggja til rette for nye tiltak der dette etter nærare vurderingar ikkje forringar strandsoneverdiene i område. Samstundes gir det kommunen høve til å avgrensa og sikra restar av friområde og viktige ferdselskorridorar i strandsona.


Følgjande figurar tydeleggjer prinsippet med kartlegging av funksjonell strandsone i høve definering av ny byggjegrænse:




100-metersbeltet er avgrensa med svart strek. Byggeforbodet i 100-metersbeltet er gjeldande innanfor eksisterande byggeområde, både regulerte og uregulerte, dersom ikkje anna byggjegrænse er avsett i plan.



Steg 1
Funksjonell strandsone er kartlagt og avgrensa med blå strek. Kartlegging av funksjonell strandsone er ei kartlegging av område med strandsoneverdiar.



Steg 2
Innanfor eksisterande byggeområde er ny byggjegrænse vurdert basert på planstatus og eksisterande utbygde eigedomar. Ny byggjegrænse mot sjø er avgrensa med raud strek.



Steg 3
I område der det er vesentleg avvik mellom funksjonell strandsone og ny byggjegrænse, kan det leggjast ei omsynssone med føringar for å ivareta strandsoneverdiane innanfor området.

Figur 43. Illustrasjonar for prinsipp for funksjonell strandsonekartlegging.

5.1.4 Områdekategorisering som grunnlag for ei differensiert strandsoneforvaltning

I prosjektet er *funksjonell strandsonekartlegging* framheva som eit nyttig verktøy i fastsetjing av den verkelege strandsona. Funksjonell strandsone er definert på følgjande måte: *Den strandsona som står i innbyrdes direkte samspel med sjøen både økologisk, topografisk og/eller bruksmessig. Kan vera smalare eller breiare enn 100-metersbeltet.*

(Strandsonerettleiaren 2007). Ein detaljert gjennomgang av standsona etter denne metoden er eit viktig underlagsmaterialet for ei god strandsoneforvaltning.

Når ein skal utarbeide kommuneplan eller reguleringsplan bør ein ved vurdering av kor ein kan akseptere nye tiltak eller leggja nye framtidige byggeområde i standsona, i tillegg til funksjonell strandsonekartlegging, òg vurdere strandsona etter i kor stor grad området er utbygd og privatisert frå før. Gjennom ein slik kategorisering av strandsona vil ein ta stilling til om eit område bør liggja utan nye tiltak eller om eksisterande utbygde område kan fortettast og vidareutviklast, slik det er gjeve opning for i hovudområde 3 i *Statlige planretningslinjer for differensiert strandsoneforvaltning*.

Det er mange grunnar til at kommunane i Sunnhordland og Fusa bør utarbeide ein felles definisjon av den funksjonelle strandsona og utarbeida eit sett med felles kriteria for å kategorisere utbyggingsgraden i strandsona?

- Kommunane i Sunnhordland og dei overordna mynde som skal forvalte og sikre god bruk av strandsona skal ha ein felles plattform som grunnlag for vurdering av planar og tiltak. Dette skapar ein føreseieleg arealbruk i regionen og kommunane vil vera tryggare i sin arealpolitikk og ved vurdering av einskilde tiltak.
- Med ei felles forståing av korleis strandsona skal forvaltast, vil ein kunne styre utbygging til der det er mogeleg og ta vare på det som er verdfullt i strandsona.
- Ved vurdering av dispensasjonssaker vil kommunen og overordna mynde ha ein felle kunnskapsbase og ein felles plattform til å forstå og vurdere tilhøva i det spesifikke området som skal vurderast.
- Gjennom å bruke desse metodane vil kommunen kunne differensiere arealbruken i den enkelte kommune, slik at område som har stor press og som vert påverka negativt av nye tiltak ikkje vert utsett for vidare nedbygging. Samstundes vil kommunane ha meir handlingsrom i dei områda i kommunen som framleis har areal som kan takast i bruk og der dei allmenne interessa ikkje vert råka negativt.
- Kommunane i Sunnhordland og Fusa vil kunne leggja til rette for vidare folkeauke og halda på busetnaden i bygdene som ligg i og langs strandsona. Dette hindrar landsbygda frå å avfolkast med tilhøyrande forfall av eksisterande bygningsmasse.
- Ein vil kunne oppretthalde eit levande landskap i og rundt dei delane av strandsona som allereie er teke i bruk, gjennom at områda kan haldast i hevd og bygningsmasse oppgraderast i takt med utviklinga i samfunnet.
- Det opprettheld grunnlaget for å drive landbruk, gjennom å opna for nye tiltak som gjer at bygdene ikkje vert avfolka.

I ei differensiert strandsoneforvaltning i Sunnhordland og Fusa er det ønskjeleg å ta omsyn til dei lokale forholda på staden. Der det ligg til rette for det, skal ein gje løyve til tiltak. Ei differensiert forvaltning har ei klar utfordring i å skape lik handsaming for alle typar tiltak.

Differensiert strandsoneforvaltning medfører i praksis at ulike område må handterast ulikt, fordi tilhøva på staden krev ulike forvaltningspraksis. For eksempel har allmenne interesser ulik verdi og bør sikrast på ulik måte, område med ulikt utbyggingspress bør ha ulike plankrav og område som er sårbare for inngrep må sikrast mot tiltak som ikkje er ønskjelege.

For å få lage kommune(del)planar, som i plankart og føresegner inneheld ei differensiert strandsoneforvaltning, har ein i strandsoneplanen for Sunnhordland og Fusa teke i bruk tre verkemiddel:

1. **Funksjonell strandsonekartlegging** er omtalt tidlegare i rapporten. Dette er ein viktig, fagleg analysemetode til å definere kva som er den faktiske strandsonen, slik at planlegging og dialog med styresmaktene kan skje med bakgrunn i tilhøva på staden og ikkje etter ei teoretisk 100 m grense.
2. Forslag til **felles føresegner** som tek høgde for ei differensiert strandsoneforvaltning.
3. **Områdekategorisering** av strandsona for å fastlegge kor ein skal bruke dei ulike verkemidla i føresegner og arealføremål til å fremje ei **differensiert strandsoneforvaltning**.

Funksjonell strandsonekartlegging er det faglege analyseverktøyet for å definere strandsona meir presist enn som 100-metersbeltet. Funksjonell strandsone, (definert strandsone) har særlege verdiar knytt til dei allmenne interessene; landbruk, natur, friluftsliv, landskap og kulturminne. Desse interessene kan sikrast gjennom arealføremål som LNF og grønstruktur eller som omsynssonar i plankartet.

For å få ei **differensiert strandsoneforvaltning** i Sunnhordland og Fusa, har ein valt å dele strandsona inn i **5 strandsonekategoriar**. Kategoriane er grunnlag for å definere **forvaltningsstrategiar** innafor kvart område. For å oppfylle forvaltningsstrategiane brukar ein dei verkemidla som finst i plan og bygningslova.

Inndeling i strandsonekategoriar vil vera ein del av planprosessen og bør nedfellast i eit temakart som vert politisk vedteke som underlag for utarbeiding av plankartet. Temakartet vert utgangspunktet for kva omsynssonar og arealføremål som skal nyttast i arealplankaret og kor det skal nyttast spesielle føresegner til arealføremåla etter PBL §§ 11-10 og 11-11.



Figur 44. Eksempel på temakart som viser strandsonekategoriar. Illustrasjon: Kjartan Toresen, Kvinnherad kommune

Fem strandsonekategoriar

Det er definert fem strandsone kategoriar, som ein meiner vil vera tenlege i arbeidet:

1. Strandsone kategori A1 – særlig verdifulle inngrepsfrie område innafor natur, friluftsliv, landskap og kultur.
2. Strandsone kategori A2 – vanleg LNF – område.
3. Strandsone kategori B1 – område med spreidd busetnad.
4. Strandsone kategori B2 – blanding av spreidd og tett busetnad.
5. Strandsone kategori C – utbygde område (inkludert tettstader og grendasenter)

Områdekategoriane, med forvaltningsstrategiar, er omtalt på den neste sidene.

Strandsone kategori A1 – med verdier innafor natur, friluftsliv, landskap og kultur.

Figur 45. Urørt strandsone (Foto: Peter B Andersen)

Karakteristika for denne områdekategorien:

- Urørt strandsone med særlig verdifulle område innafor natur, friluftsliv, landskap og kultur.
- Det er ikkje køyrbar tilkomst til området. Opparbeiding av tilkomst vil medføre store inngrep ikkje berre i strandsona men òg i område lenger opp på land (vegtilkomst frå eksisterande veg)
- Det ligg ikkje andre tiltak i direkte nærleik, innan- eller utanfor 100-metersgrensa, som kan dra nytte av nye tiltak til sjøen – samordning (eks. bustadfelt – båthamn)
- Avstand til dette område frå andre føremål/byggjeområde vert for lange til å argumentere for å samordne føremåla. Tiltak her vil medføre auka bilbruk.

Dette er naturmiljø, friluftsområde, kulturmiljø, landbruksområde og landskapsområde med høg eller særst høg verdi som skal haldast fri for utbygging. Det kan og vera område som ut frå lokal verdi er svært viktige for lokal busetting.

Det viktigaste for desse områda er å ta vare på verdiane områda representerer. Det betyr ikkje at dette er område som ikkje kan brukast. Sentrale friluftsområde er ofte landbruksområde med skogsmark eller naturområde, som og har naturmiljø med høg verdi. Det kan likevel i stor grad brukast i friluftssamanheng.

Forvaltningsstrategi:

- Halde områda fri for inngrep og utbygging som reduserer verdien.
- Tilrettelegging i desse område bør avgrensast til tiltak som fremjar brukskvaliteten for dei allmenne interessene.

Strandsone kategori A2 – vanlege LNF - område.



Figur 46. Fusa, eksempel på landbruksområde med direkte tilknytning til sjø.

Karakteristika for denne områdekategorien:

- Område prega av landbruksinteresser mot strandsona.
- Det er ikkje køyrbar tilkomst til området utanom driftsveggar i landbruket.
- Bygningar og tiltak er i hovudsak knytt til landbruksdrifta.

Dette er område med stor verdi for landbruket. Det er landbruksinteressene som vil styre utviklinga av området.

Det viktigaste i denne strandsonekategorien er å sikra landbrukets interesser for framtida. Med innmarka heilt i sjøkanten er det avgrensa kva området kan brukast til.

Forvaltningsstrategi:

- Halde områda fri for inngrep og utbygging som reduserer landbruksverdien.
- Tilrettelegging i desse område bør avgrensast til tiltak som fremjar landbruket og her bør ein vera meir restriktiv på strandsida enn på landsida.

Strandsone kategori B1 – område med spreidd busetnad.



Figur 47. Åkra i Kvinnherad er typisk for strandsone kategori B1, med spreidd busetnad i eit jordbrukslandskap.

Karakteristika for denne områdekategorien:

- Få/enkle bygg eller klynger av bygningar innanfor eit avgrensa, utbygd område (mindre naust- og byggjeområde) med mykje ope landskap rundt.
- Er ofte eldre bygg og anlegg som ligg på eksisterande eigedomar.
- Bygningane og landskapet rundt er som regel knytt til sjøen gjennom bruken og er definert som strandsone gjennom funksjonell strandsonekartlegging.
- Har som regel ikkje særleg god kjørebar tilkomst
- Strandsona har store kvalitetar for friluftsliv og andre aktivitetar fordi ho er tilgjengeleg gjennom veg frå landsida og har mogleg tilkomst med båt frå sjøsida.

Dette er område som vanlegvis ligg i kommuneplanen som LNF-område.

Forvaltningsstrategi:

- Her skal gjerast minst mogleg av nye tiltak. Dei skal avgrensast til fortetting i allereie utbygde område.
- Tiltak på eksisterande bygg og anlegg som har som siktemål å oppretthalde same bruk som i dag bør det gjevast løyve til. Førsegnene til planen må styre kva tiltak det kan opnast for i kvart enkelt område ut frå tilhøva på staden.
- Område som har viktige allmenne interesser, samt tilkomst til desse, bør sikrast før det eventuelt vert gjeve løyve til tiltak. Dette gjeld òg for område som ikkje er vist med omsynssone eller som grønstruktur i kommuneplan, kommunedelplan eller reguleringsplan. Dette kan omfatte mellom anna viktige friluftsområde, stignett, badeplassar og andre viktige areal og område for utomhusaktivitet. I område med utbyggingspress og stort bakland med busetnad er det særleg viktig å sikre dei allmenne interessene og tilkomst til desse. Viktige område for allmenne interesser vert sikra i planen med formål grønstruktur eller omsynssone.

Strandsone kategori B2 – blanding av spreidd og tett busetnad.

Figur 48. Kyrping-området er eit døme på ei blanding av spreidd og tett utbygging, strandsone kategori B2



Figur 49. Eksempel frå Fusa, typisk område som høyrer heim i strandsone kategori B2, Blanding av område med spreidd busetnad og mindre område med tett busetnad.

Karakteristika for denne områdekategorien:

- Denne kategorien inneheld både spreidd busetnad og mindre område som er tett utbygd. Enkeltbygg eller klynger med bygningar som gjer at strandsona vert i stor grad meir eller mindre oppfatta som utbygd og privatisert.
- Enkelte bygg, naust, sjøhus og andre enkelte bygg vil inngå som del av funksjonell strandsone.
- Teknisk infrastruktur er stort sett bygd ut men har varierende standard.
- Attraktive område for friluftsliv og andre sjørelaterte aktivitetar er i varierende grad til stades med alt frå store, gode areal med god tilkomst til små, fragmenterte areal som er vanskeleg eller ikkje tilgjengelege.

Dette er område som vanlegvis ligg i kommuneplan med utbyggingsføremål (eksisterande eller nytt) eller der det er opna for spreidd utbygging i LNF-område.

Forvaltningsstrategi:

- Enkeltbygg kan førast opp i område vist særskilt i kommuneplanen, som utbygde område, eller som område-for spreidd utbygging, under føresetnad av at vilkår som teknisk infrastruktur eller allmenne interesser er etablert eller sikra etablert. Talet på bygg som kan førast opp utan reguleringsplan for det enkelte området, samt vilkår for utbygging, vert vist i eigen tabell i føresegnene til kommuneplanen. Gjeld utbygging til bustader, fritidsbustader og naust med tilhøyrande anlegg.
- Område som er viktige for allmenne interesser, skal sikrast før det eventuelt vert gjeve løyve til tiltak. Dette kan omfatte mellom anna viktige friluftsområde, stinett, badeplassar og andre viktige areal og område for utomhusaktivitet. Områda skal sikrast som grønstruktur eller som omsynssone i kommuneplan/kommunedelplanen. Viktig stinett bør visast med SOSI-kode i kommuneplanen.
- Å sikre tilgjengeleg/ urørt eller tilrettelagt strandsone innafør gangavstand for dei som bur nær sjøen bør vera eit sentralt mål i forvaltninga. Dette er særleg viktig i område med utbyggingspress i form av bustadbygging og hyttebygging, og der det er stort bakland (dvs. område med busetnad som strekkjer seg langt innafør 100m beltet), som gjer at strandsona er viktig for mange.
- Utbygging kan ikkje skje dersom det ikkje er tilrettelagt tilstrekkeleg infrastruktur i form av veg, vatn og avlaup.

Strandsone kategori C – utbygde område (inkludert tettsteder og grendasenter)

Figur 50. Tettstaden Rosendal, eksempel på strandsone kategori C, utbygde område.



Karakteristika for denne områdekategorien:

- Regulerte område, tettstadsområde eller andre område som er i stor grad utbygd.
- Ombygging, fortetting eller revitalisering kan vera aktuelt men vil då skje etter reguleringsplan.
- Enkeltbygg kan tillatast når det er vist i kommuneplanen.
- Attraktive område for friluftsliv og andre sjørelaterte aktivitetar er ofte ikkje tilrettelagt eller lite tilgjengeleg for ålmenta.

Sona omfattar område som allereie i stor grad er ferdig utbygde. Dette gjeld tettstader som er definerte i samsvar med SSB sin definisjon og andre område som i stor grad fullstendig utbygde på lik line med tettstader. Det kan vera potensiale for enkelte tiltak gjennom fortetting i desse områda.

Tettstadutvikling vert viktig i arbeidet med samordna areal og transportplanlegging i Sunnhordland, der målet er å få ein større del av reisene til å skje til fots eller med sykkel. I arbeidet med tettstadutvikling vil det vera nyttig å definere eit influensområde f eks definert 3 km frå sentrum av tettstaden eller som 10 minuttar sykkelavstand. Dette definerer tettstaden med eit omland som bør ha eit spesielt fokus i forhold til å utvikle urbane bustadtilbod og der det kan akseptast ei urban opparbeiding av strandsona. .

Forvaltningsstrategi:

- Områda vert viste som utbygde område eller framtidige byggeområde i kommuneplan/kommunedelplan.
- Tettstadutvikling gjennom stadanalysar som gjev eit hovudgrep om framtidig utbygging bør prioriterast. (Jf. fylkesdelplan for senterutvikling).
- Enkeltbygg kan førast opp i område vist som utbygde område i kommuneplanen, under føresetnad av at dei er i tråd med tettstadanalyse, og/eller at teknisk infrastruktur er etablert eller sikra etablert.
- Område som er viktige for allmenne interesser, skal sikrast før det eventuelt vert gjeve løyve til tiltak. Dette kan omfatte mellom anna viktige friluftsområde, stignett, badeplassar og andre viktige areal og område for utomhusaktivitet. Områda skal sikrast som grønstruktur eller som omsynssone i kommuneplan/kommunedelplanen. Viktig stinett bør visast med SOSI-kode i kommuneplanen.
- Å sikre tilgjengeleg/ urørt eller tilrettelagt strandsone innafor gangavstand for dei som bur nær sjøen bør vera eit sentralt mål i forvaltninga. Dette er særleg viktig i område med utbyggingspress i form av bustadbygging og hyttebygging, og der det er stort bakland (dvs. område med busetnad som strekkjer seg langt innafor 100m beltet), som gjer at strandsona er viktig for mange.
- Det skal vera føresegner til slike område i kommuneplan/kommunedelplan som legg føringar og set vilkår for kva tiltak som kan gjennomførast utan plankrav og dispensasjon.

5.2 Arealdisponering næringsliv og busetting.

I kapittel 4 er det gjeve ein omtale av dagens situasjon for både tema busetting og næringsliv. Næringslivsinteresser knytt til maritim industri, offshore og marine næringar står sentralt i Sunnhordland og Fusa. Det er viktig at det vert lagt til rette for vidare utvikling innafor desse sektorane ved at det vert sett av tilstrekkeleg areal med dei riktige eigenskapane.

I omtalen nedanfor er det gjort greie for korleis desse tema bør implementerast i kommunedelplanane for å få ei felles interkommunal overbygning.

5.2.1 Næringsareal

Karta i Kap 4.2 viser næringsareal i Sunnhordland og Fusa i dag. Det å få oversikt over næringsareal i alle kommunane er eit omfattande arbeid i seg sjølv. Men det er viktig å få eit overordna blikk på korleis status er på næringsareal i regionen. Kor mykje og kva type areal som finst. I tillegg er det viktig å få oversyn over kor mykje næringsareal som er tilgjengeleg for framtida. Næringsareal er definert som areal som i kommuneplanen er sett av til offentleg eller privat tenesteyting, fritids- og turistføremål, råstoffutvinning og næringsbygg (industri, handtverk og lager) og hamner.

Regionalt viktige – eller lokalt viktige næringsareal

Kartet som viser fordelinga av næringsareal i regionen (Figur 51 og Figur 6) dokumenterer at næringslivet er spreidd utover i ein vidstrakt region. Nokre næringsområde er større og viktigare enn andre, men også dei små, spreidde næringsareala inneheld verkstader og næringsbygg som er viktige for sitt lokalmiljø. Det kan vere små, sjølveigde verksemder der ein produksjon er starta opp i liten skala, men som fleire stader har utvikla seg til å bli større bedrifter. Det spreidde lokaliseringmønsteret avspeglar på den måten ein form for gründerkultur, der «ting oppstår» som stadbunden næring, mange stader knytt til maritime verksemder ved sjøen.

Både for regionalt viktige og lokalt viktige næringsområde vil det vere ønskje om at den interkommunale strandsoneplanen bidrar til å sikre ein fleksibilitet for framtida. Dei regionalt viktige områda treng å sikre utvidingsmoglegheiter, og samstundes må det vere rom for å utvikle stadbunden næring på utvalte stader.

Forslag til målsetting

- Regionalt viktige, sjørelatert, næringsareal må sikrast for framtida, i eitt 20-års perspektiv.
- Tilstrekkeleg sjørelatert næringsareal til maritim sektor, offshore sektor og havbruk og fiske må sikrast med utgangspunkt i behovet ein ser i eit 10 (20års års perspektiv.

Følgjande utvalskriteria er brukt for å peike ut dei regionalt viktige næringsområda ved sjø:

1. Næringsareal med god tilkomst frå sjøsida (inkl. god tilknytning til hovudfarlei), og romsleg kaiareal med djupvasskai.
2. Næringsareal med kort tilkomst frå hovudvegnettet, og hovudleia langs kysten.
3. Næringsareal som har ei viss «tyngde», det vil seie næringsområde som er store i areal, har eit høgt tal arbeidsplassar, har høg verdiskaping, eller at det er ein næringstype som er spesielt viktig for regionen.


Utvalskriteria ovanfor medfører at det er berre dei største og viktigaste industriområda som blir kategorisert som regionalt viktige. Det er ikkje nok at dei ligg ved sjøen, dei må også ha tilfredsstillande kaitilhøve. Når det gjeld havbruksrelaterte verksemdar, blir også mindre verksemdar tekne med. Havbruksnæringa handterer store verdiar på små område, ofte med ganske få tilsette. På grunn av den viktige rolla som næringa totalt sett spelar for regionen, har ein valt å ta med alle landbaserte akvakulturlokalitetar i strandsona i kategorien for regionalt viktige næringsområde.

Sentrumsområde er i utgangspunktet ikkje tatt med som regionalt viktig næringsområde ved sjø, med mindre det ligg reiselivsbygg med regional interesse der.

Kartet i Figur 51 dokumenterer kva stader som oppfyller kriteria for regionalt viktige næringsområde til sjø. Dei ulike næringsstadene er klassifisert etter type, for å vise bakgrunnen for kvifor dei er tatt med som regionalt viktige.



Leirvik Sveis, eksempel på næringsområde ved sjø.



Figur 51. Kart over regionalt viktige næringsområde. Detaljert forklaring av metoden for klassifikasjon er presentert i vedlegg.

5.2.2 Føringar for næringsareal ved sjø i Sunnhordland

I arbeidet med kommunedelplanane for strandsona i Sunnhordland og Fusa, er det behov for interkommunale overordna føringar:

Forslag til interkommunale føringar for kommunal arealdisponering i strandsona til næringsføremål:

- 1) Regionalt viktige næringsområde mot sjø (Vist på Figur 51):
 - Kommunane må setje av buffersoner som sikrar framtidig utvikling av desse områda.
 - Dei regionalt viktige næringane Maritim industri, Offshore, Havbruk, Fiskeri skal prioriterast i desse næringsområda
 - Nye, regionalt viktige næringsareal mot sjø - som er planlagt for arealkrevjande verksemdar – bør lokaliserast utanfor tettstadsområde – men bør ikkje vere lausrive frå eksisterande busetjingsmønster.
- 2) Lokalt viktige næringsområde mot sjø
 - Naudsynt areal til lokale næringsformål og råstoffutvinning skal visast i arealplanen
 - Lokalt viktige kai- og hamneområde (fiskeri- og industriaiar) skal sikrast i planen
- 3) Ny næring skal primært lokaliserast i eksisterande næringsområde
- 4) Næringsområde for reiselivssatsing bør vere i nærleiken av friluftsområde, naturattraksjonar, eller kulturminne som kan fungere som infrastruktur for reiseliv.
- 5) Næringsareal mot sjø er ein viktig ressurs for Sunnhordland, og skal ikkje omdisponerast til andre føremål enn næring.
- 6) Kommunane må setje av tilstrekkeleg næringsareal, med konkurransedyktige kvalitetar fram mot 2035.

5.2.3 Areal til bustader og fritidsbustader

Som grunnlag og retning for arbeidet med kommunedelplanane for strandsona, er det behov for ei forankring i overordna, interkommunale, føringar for kva busetjingsmønster kommunane ønskjer å styre mot for å få til den ønskja utviklinga i regionen innafor næringsutvikling, transport /samferdsle. Ein del av kommunane har komme langt i utvikling av langsiktige arealstrategiar medan andre står i startgropa av dette arbeidet.

For å få eit underlag for arbeidet med arealbruk i strandsona er det behov for å drøfte arealstrategiar for framtidig busetjingsmønster. I kva retning ønskjer kommunane å styre utviklinga. Her det viktig å svare på den nasjonale og regionale føringane. Sjå tidlegare kapitel. Utviklinga kommunane ser for seg må grunnjevast og forankrast i kommuneplanen. Kommunepolitikarane har ansvar for arealstrategi i eigen kommune.

Hvis kommunen ikke allerede har en avklart strategi for langsiktig arealbruk, bør en drøfting av hvilke prioriteringer og rammer kommunen skal legge til grunn for langsiktig arealbruk starte opp i arbeidet med planprogrammet for arealdelen. Eksempler på sentrale spørsmål i en slik diskusjon er vist under.

Eksempler på alternativer - strategier for fremtidig arealbruk:

- Valg av retninger for vekst og utbygging av boliger, fritidsbebyggelse, næring osv
- Konsentrasjon i utbyggingsmønster
- Spredt utbyggingsmønster
- Lokalisering av viktige funksjoner
- Løsninger for kollektivtransport
- Føringar for arealforvaltningen ut fra hensynet til for eksempel klimatilpasning, naturmangfold og kulturlandskapet

Om hovedlinjene i kommunens langsiktige strategi for arealbruk avklares i planprogrammet, vil den kunne fungere som en ramme å styre etter i vurdering av konkrete forslag til nye utbyggingsområder i planprosessen. Eksempelvis vil fokus på fortetting i knutepunkter kunne brukes som ramme for å vurdere utbyggingsforslag. Planprogrammet bør da inneholde informasjon om at kommunen vil vektlegge dette ved vurderingen av utbyggingsforslag.

I kommuneplanen skal det gjerast greie for utviklingsstrategi.

Eksempel nemnde i KU-forskrift er vist til venstre.

Dei statlege planretningslinene opnar for at strandsona i hovudområde 3 kan inngå i heilskapelege langsiktige kommunale arealbruksstrategiar.

UTFORDRINGA ER Å SAMORDNA DEI OVERORDNA KOMUNALE STRATEGIANE MED STRANDSONEPLANEN

Eksempel på aktuelle arealstrategiar for Sunnhordland:

1. Halvparten (anna prosent?) av framtidig bustadbygging skal skje som fortetting i tettstadane.
2. Bustadbygging utanfor tettstadane skal som hovudprinsipp lokaliserast i gangavstand (3 km) til skule eller kollektivtrase.
3. Det skal leggjast til rette for desentralisert/spreidd bustadbygging for å styrkje busetjing i alle bygdelag, særleg der det er stadbunden næring, landbruk og fiske

I drøfting av differensiert forvaltning og kor det kan opnast for utbygging i strandsona er det to omgrep som er sentrale og som er omtalt nære nedanfor. Det er:

- Utbygde område
- Tettstadene

Utbygde område – definisjon.

Innanfor hovudområde 3 i dei statlege planretningslinene for differensiert strandsoneforvaltning, er det opning for utbygging i allereie utbygde område i strandsona. Men kva kan definerast inn under dette omgrepet?

Sidan det er tale om utbygde område må ein kunne dra parallell til omgrepet fortetting, som i Stortingsmelding nr 31 er definert på følgjande måte:

*"Med **fortetting** menes all byggevirkosomhet innenfor dagens utbygde områder som fører til høyere eller mer effektiv arealutnyttelse. Dette kan være sanering og fornyelse, overbygging/lokk (f.eks. over trafikkareal), bruksendring, tilbygg, bygging på fradelte parseller eller på inneklemt arealer som har vært brukt eller båndlagt til andre formål."*

Omgrepet fortetting vert her brukt om byområde som har vore brukt til utbygging tidlegare. I byområde er det så tydeleg kva som er utbygd, at det ikkje er behov for å definere dette nærare. Utanfor bystrok er omgrepet utbygd meir diffust og kan lett verte gjenstand for tolking. Ser ein på fortettingsdefinisjonen, har den eit krav om at fortetting skal føre til høgare utnytting, dvs. sei ein auke i golvareal innafor same utbyggingsareal eller tomt. Fortetting er altså ikkje å leggje til nye bygg i periferien av eksisterande utbyggingsområde, men auke tettleiken *innafor* utbyggingsområdet.

Når ein skal leggje opp ein strategi med utbygging i eksisterande utbygde område er det denne tenkjemåten som må leggjast til grunn ved definisjon av kva som er utbygd område.

Forslag til definisjon av utbygde område: Eit område er utbygd når det har bygg som visuelt dannar ei bygningsgruppe, som er knytt saman av veg og leidningsnett. Eksisterande hus, med tilhøyrande uteareal, innafor husgruppa må utgjera minst 2/3 deler av arealet på tomter som har naturleg storleik for strøket. Allereie utbygde område må definerast som eksisterande utbyggingsareal i kommuneplanen.

Tettstadene - definisjon

For å definere tettstadene er Statistisk sentralbyrå sin definisjon nytta.


Statistisk sentralbyrås tettstedsdefinisjon

En hussamling skal registreres som et tettsted dersom det bor minst 200 personer der, og avstanden mellom husene skal normalt ikke overstige 50 meter. Det er tillatt med et skjønnsmessig avvik utover 50 meter mellom husene i områder som ikke skal eller kan bebygges. Dette kan for eksempel være parker, idrettsanlegg, industriområder eller naturlige hindringer som elver eller dyrkbare områder. Husklynger som naturlig hører med til tettstedet, tas med inntil en avstand på 400 meter fra tettstedskjernen. De inngår i tettstedet som en satellitt til selve tettstedskjernen

Tettstadene er sentrale i Hordaland fylkeskommune sin plan for senterstruktur. Om lag 50 % av utbygging av bustader skjer i tettstadene i dag, og dette talet vil venteleg stiga i åra framover. Det er i tettstadene Sunnhordland kan tilfredsstille ønskje frå næringslivet om å byggje bustader med urbane kvalitetar samt å få fleire arbeidsplassar innafor kultur og anna service.

Sunnhordland har mange område med låg vekst i folketalet der det og er viktig å stimulere til utvikling og bygging av nye bustader og fritidshus. Det er derfor naturleg at Sunnhordland og Fusa har ein **todelt målsetting** for utvikling av regionen:

1. Utvikling av moderne, miljøvennlege tettstader med attraktive bumiljø.
2. Stimulere til bygging i bygdene utanfor tettstadene, basert på lokale kvalitetar knytt til natur, friluftsliv, kultur og landskap.



Figur 52. Tettstadsområde i Sunnhordland og Fusa (Illustrasjon Asplan Viak AS)

5.2.4 Føringar for differensiert forvaltning av areal til bustader og fritidsbustader

Ei differensiert forvaltning av strandsona er omtalt i Kap 5.1. Det er definert fem strandsonekategoriar, og til kvar kategori er det knytt ein forvaltningsstrategi. Den første kategorien omtaler område der det ikkje skal skje utbygging. Den er knytt til kapittel 5.3, allmenne interesser. Den andre kategorien handlar i hovudsak om landbruksområde og er knytt til Kap 5.4 om naturessursar. Dei tre siste strandsonekategoriene er område med utbygde område der det kan opnast for utbygging. Interkommunale føringar for desse er vist nedanfor:

Interkommunale føringar for utbygde område i strandsona der det vert opna for utbygging:

Strandsone kategori B1 – område med spreidd busetnad.

Forvaltningsstrategi:

- Her skal gjerast minst mogeleg av nye tiltak. Dei skal avgrensast til fortetting i allereie utbygde område.
- Tiltak på eksisterande bygg og anlegg som har som siktemål å oppretthalde same bruk som i dag bør det gjevast løyve til. Føresegnene til planen må styre kva tiltak det kan opnast for i kvart enkelt område ut frå tilhøva på staden.
- Område som har viktige allmenne interesser, samt tilkomst til desse, bør sikrast før det eventuelt vert gjeve løyve til tiltak. Dette gjeld òg for område som ikkje er vist med omsynssone eller som grønstruktur i kommuneplan, kommunedelplan eller reguleringsplan. Dette kan omfatte mellom anna viktige friluftsområde, stignett, badeplassar og andre viktige areal og område for utomhusaktivitet. I område med utbyggingspress og stort bakland med busetnad er det særleg viktig å sikre dei allmenne interessene og tilkomst til desse. Viktige område for allmenne interesser vert sikra i planen med formål grønstruktur eller omsynssone.

Strandsone kategori B2 – blanding av spreidd og tett busetnad.

Forvaltningsstrategi:

- Enkeltbygg kan førast opp i område vist særskilt i kommuneplanen, som utbygde område, eller som område-for spreidd utbygging, under føresetnad av at vilkår som teknisk infrastruktur eller allmenne interesser er etablert eller sikra etablert. Talet på bygg som kan førast opp utan reguleringsplan for det enkelte området, samt vilkår for utbygging, vert vist i eigen tabell i føresegnene til kommuneplanen. Gjeld utbygging til bustader, fritidsbustader og naust med tilhøyrande anlegg.
- Område som er viktige for allmenne interesser, skal sikrast før det eventuelt vert gjeve løyve til tiltak. Dette kan omfatte mellom anna viktige friluftsområde, stinett, badeplassar og andre viktige areal og område for utomhusaktivitet. Områda skal sikrast som grønstruktur eller som omsynssone i kommuneplan/kommunedelplanen. Viktig stinett bør visast med SOSI-kode i kommuneplanen.
- Å sikre tilgjengeleg/ urørt eller tilrettelagt strandsone innafor gangavstand for dei som bur nær sjøen bør vera eit sentralt mål i forvaltninga. Dette er særleg viktig i område med utbyggingspress i form av bustadbygging og hyttebygging, og der det er stort bakland (dvs. område med busetnad som strekkjer seg langt innafor 100m beltet), som gjer at strandsona er viktig for mange.
- Utbygging kan ikkje skje dersom det ikkje er tilrettelagt tilstrekkeleg infrastruktur i form av veg, vatn og avlaup.

Strandsone kategori C – utbygde område (inkludert tettsteder og grendasenter)Forvaltningsstrategi:

- Områda vert viste som utbygde område eller framtidige byggeområde i kommuneplan/kommunedelplan.
- Tettstadutvikling gjennom stadanalysar som gjev eit hovudgrep om framtidig utbygging bør prioriterast. (Jf. fylkesdelplan for senterutvikling).
- Enkeltbygg kan førast opp i område vist som utbygde område i kommuneplanen, under føresetnad av at dei er i tråd med tettstadanalyse, og/eller at teknisk infrastruktur er etablert eller sikra etablert.
- Område som er viktige for allmenne interesser, skal sikrast før det eventuelt vert gjeve løyve til tiltak. Dette kan omfatte mellom anna viktige friluftsområde, stignett, badeplassar og andre viktige areal og område for utomhusaktivitet. Områda skal sikrast som grønstruktur eller som omsynssone i kommuneplan/kommunedelplanen. Viktig stinett bør visast med SOSI-kode i kommuneplanen.
- Å sikre tilgjengeleg/ urørt eller tilrettelagt strandsone innafor gangavstand for dei som bur nær sjøen bør vera eit sentralt mål i forvaltninga. Dette er særleg viktig i område med utbyggingspress i form av bustadbygging og hyttebygging, og der det er stort bakland (dvs. område med busetnad som strekkjer seg langt innafor 100m beltet), som gjer at strandsona er viktig for mange.
- Det skal vera føresegner til slike område i kommuneplan/kommunedelplan som legg føringar og set vilkår for kva tiltak som kan gjennomførast utan plankrav og dispensasjon.



Figur 53. Bustadbygging i tettstadene må vera nyskapande. (illustrasjon Asplan Viak)



Figur 54. Bygg i strandsona kan vera ein del av strandsona. Dette er eit klubbhus for ei båt foreining i København.



Figur 55. Sjøfronten i tettstadene kan utformast på mange måtar. Eksempel på badeplass i København.

5.2.5 Naust – føringar for utbygging

I kapitel 4 er naust omtalt og delt inn i ulike typar. Historia og tilknytning til regionen er omtalt. Kommuneplanar i Sunnhordland og Fusa må ta stilling til korleis naust skal handterast i arealplanen. Diskusjonane om storleik på naust og bruken av naust er ein gjengangar. Det er viktig med felles løysingar på dette området. *(Detaljane i dette kapitelet må på plass når føresegnene er endeleg utforma)*

Forslag til målsetting for bygging av naust.

1. Tradisjonelle naust, kan byggjast som fortetting i eksisterande naustområde eller nye område avsett til dette arealføremålet i kommuneplanen. I tettstadsområde gjeld kravet om reguleringsplan når dette er fastsett i kommunedelplan. Utanfor tettstadene kan det fortettast med inntil fem naust i område med eksisterande naust som i planen er sett av til naustføremål.
2. Fritidsnaust og fellesnaust kan byggjast i område utanfor tettstadene som er sett av til dette føremålet i kommuneplanen. Krav om ev. reguleringsplan vert fastsett i kommunedelplan.

Bodnaust er ikkje omtalt, fordi ein reknar det som mest aktuelt å byggje saman med båthamner. Når det gjeld fellesnaust, så er dette ein kategori som både kan gå under kategorien tradisjonelle naust og fritidsnaust.

Interkommunale føringar for bygging av naust.

Det er ønskjeleg å opne for bygging av naust i område der det er naustmiljø frå før. Det bør normalt ikkje opnast for nye naustområde.

Naustområde det vert opna for, skal visast i kommuneplanen.

Ved utlegging av naustområde må det setjast av areal til grøntstruktur om sikrar sjønære friluftsområde og fri ferdsel i strandsona.

5.2.6 Interkommunal føringar for småbåthamner

Tilgang til båtplass er ein kvalitet som blir løfta fram i Sunnhordland. At det er lett tilkomst til båt er eit viktig utgangspunkt for maritime opplevingar. Båtplassane i regionen må organiserast slik at denne kvaliteten blir ivaretatt – både for eksisterande busetnad og for ny busetnad som regionen ønskjer å tiltrekke seg.

Kart og diagram i Kap 4.2.7 viser at båtane i Sunnhordland ligg spreidd, plasserte i kort avstand til kvar folk bur. Ein stor del av båtane er ikkje organiserte i tilrettelagte småbåthamner, men ligg i små klynger – eller i tette, funksjonelle småbåtområde der dei

fleste båtane ligg på rekke langs land. Dette kan fungere bra så lenge etterspørselen etter båt plassar ikkje blir for stor på staden. Men det oppstår snart konfliktar når talet på bustader/ fritidsbustader aukar, og dei gode småbåtvikene berre har avgrensa plass langs strandlinja.

Med aukande grad av utbygging vil det vere naturleg å samle båt plassane i ei samarbeidsløysing med bruk av flytebrygger. I tillegg til at dette er mest arealeffektivt, vil det ofte vere ei meir praktisk løysing for båtfolket. I ei felles båthamn ligg båtane ofte tryggare i forhold til ver og vind, og tilkomsten er gjerne betre i forhold til flo og fjøre. Mange stader viser det seg at båteigarane føretrekk ein tilrettelagt plass i båthamn, sjølv om dei gjerne har tilgang til eit enkelt båtfeste nærare sin eigen bustad.

Akkurat når og kvar det bør skje ei overgang til fellesløysing, er vanskeleg å gje generelle tilrådingar om. Det vil vere avhengig av geografien (sjølinja og vêttilhøve) i det enkelte tilfelle. Det må vere brukarane sjølve som tek initiativ til samordning, men det er ei kommunal oppgåve å bidra til at løysingane får ei føremålstenleg utforming som er koordinert med andre behov i nærleiken.

Ein strategi for småbåthamner bør seie noko om kva som er høveleg storleik på felles båt anlegg. Mange stader vil val av løysing vere ei avveging mellom storleiken på anlegget og avstand til bustad. Det finst to moglege ytterpunkt for handtering av småbåtar:

- 1) Ein strategi som legg opp til å samle båtane i store fellesanlegg.
Dette vil medføre at mange hus- og hytteeigarar får lang avstand til sin båt plass – noko som vil vere i strid med målsettinga om å bruke strandsonekvalitetane aktivt til å fremje busetting i regionen.
Inngrepet i strandsona kan bli stort og dominerande, men til gjengjeld samla på nokre få stader, som gjerne har gode hamnefasilitetar.
- 2) Ein strategi som legg opp til mange små fellesanlegg.
Med ein slik strategi vil det vere lettare å oppnå målsettinga om lett tilgjengeleg båt plass for flest mogleg, men totalt sett vil løysingane leggje beslag på ein større del av strandsona. På ei anna side vil små hamneløysingar betre kunne innpassast i landskapet.

Val av strategi (1 eller 2) vil variere frå kommune til kommune. For eksempel er Stord kommune nødt til å satse på store fellesanlegg, på grunn av den store etterspørselen. Eit tredje strategi-alternativ vil vere å sjå behovet i ein regional samanheng. Det kan vere naturleg å vurdere lokalitetar for ei storhamn utanfor Stord kommune sine grenser. Skal ein først køyre bil eit stykke for å kome til småbåthamna, så kan ein like godt køyre til ein stad som ligg nærare eit populært båtutfartsområde. Dette arbeidet må i så fall skje i samarbeid med nabokommunane. I andre delar av regionen, med mindre press, er det truleg mest aktuelt å søkje etter lokalisering av småbåthamner i nær tilknytning til bustadområdet eller hyttefeltet. Val av strategi vil difor vere ei avveging mellom arealpress, landskapskvalitetar og nærleik til attraktive båtutfartsområde i regionen.

Setje inn krav til utforming, arealbehov på land og krav til parkeringsplassar i føresegnene.

Behov for opprydding – planavklaring

Mange av dei tette småbåtområda manglar ei planavklaring på arealbruken – eit behov som vil auke i områda med forventning om fleire bustader/ fritidsbustader. Kartet som viser

småbåtområda i regionen (Kap 4.2.7) er eit utgangspunkt for kommunane for å sjekke om planstatusen er relevant i forhold til den faktiske bruken som småbåtområde. At planstatus stemmer overeins med etterspørselen etter samordna småbåtområde er ein føresetnad for å lukkast med strategien om å sikre maritime opplevingar til alle i Sunnhordland.

Behov for gjesteplassar må sjåast i samanheng med reiselivssatsing. (Behov for gjesteplassar/ flytebrygger på store båtutfartsområde – sjekk kva som er registrert på www.visitsunnhordland.no)

FORSLAG TIL KRITERIAR FOR SMÅBÅTHAMNER/ ANDRE ANLEGG

Etablering av felles småbåtanlegg bør vurderast opp mot følgjande kriteria:

- Nye anlegg skal primært plasserast i område som
 - a) frå før er påverka av menneskeleg aktivitet
 - b) er under planlegging i samband med ny utbygging
- Nye anlegg skal primært plasserast i område som ikkje kjem i vesentleg konflikt med bustad- og fritidsbusetnad, fiskeriinteresser, kulturminne og verdifulle landskap
- Nye anlegg skal ha parkeringsareal på land etter gjeldande føresegner
- Nye anlegg skal ha tilstrekkeleg med areal til å sikre naudsynte anlegg på land (lagringsplassar, klubbhus, etc.)
- Nye småbåthamner skal ha gjesteplassar for allmenn bruk (krav til omfang/ sjå i samanheng med reiselivssatsing?)
- Nye anlegg skal utformast med tanke på universell utforming
- Nye anlegg skal lokaliserast slik at dei ikkje gjev negative konsekvensar for friluftsliv på land eller på sjø. Båt- og biltrafikk som anlegga medfører, skal vurderast opp mot dette.

Ut frå ein teori om at det er betre å samle enn å spreie inngrep, er det eit mål å auke hamnekapasitet gjennom å utvide eksisterande anlegg – heller enn å etablere anlegg på nye lokalitetar.

Andre strategiske val: Ved bygging av nye båthamner bør det etablerast utsettingsramper. (dette er ein viktig kvalitet å tilby med tanke på moglegheit for maritime opplevingar nær bustaden)

Interkommunale føringar for småbåthamner:

- 1) Etablering av småbåthamner må sjåast i samanheng med befolkningsutvikling og talet på båt plassar i småbåthamner som alt er etablert i den enkelte kommunen (sjå statistikk i Kap. 4.2.7)
- 2) I område med stort utbyggingspress må ein vurdere interkommunalt samarbeid for å skaffe større kapasitet til småbåthamner.
- 3) Vurdere planstatus i forhold til faktisk situasjon for båt plassering. Vurdere grep for innføring av fellesløyser for å rydde opp i konfliktfylte og pressa område:
 - a. Flytte båtane til nye område for å frigje strandlinje, eller
 - b. Erstatte enkeltløyser med fellesløyser på same staden

5.2.7 Fjord-LYST – program for maritime opplevingar i Sunnhordland

I den interkommunale planen for strandsona i Sunnhordland er det peika på den kulturelle samanhengen mellom at innbyggjarane tidleg i oppveksten får eit forhold til sjøen, som har samanheng med at dei maritime næringane står så sterkt i regionen. Det er grunn til å tru at det er ein samanheng her som det er grunn til å utvikle vidare.

I planen er det derfor lagt opp til ei sterk satsing på at alle i Sunnhordland skal få eit allsidig og nært forhold til fjorden. Ein vil i planen lansere **Fjord-LYST programmet**. Dette er ei kommuneovergripande satsing for å skape nye måtar for fjordliv for alle.

Programmet er kalla Fjord-LYST der bokstavane i siste staving står for L for leik, Y for yrke, S for samvær og T for tid. Programmet skal rette seg primært mot fritidsbruk av strandsona. Men gjennom kunnskap og forståing for det marine og maritime vil ein og skape grunnlag for ei yrkeskarriere innafor desse sektorane. Det er ikkje langt mellom leik til yrke. Programmet skal i tillegg ha som mål å skape nye møtestader i strandsona i regionen. Møtestader med basis i hobbyar og aktivitetar.

Fjord-LYST skal primært rettast mot alle sunnhordlendingar i alle aldrar og kjønn men vil og gje tilbod til tilreisande.

Programmet skal ha som siktemål å utvikle felles møtestader knytt til følgjande anlegg og område i strandsona:

- Småbåthamner
- Gjestehamner
- Offentlege kaianlegg (gamle dampskipskaier, ferjekaiar, mm)
- Kulturminne, sjøbruksmiljø, med verneverdi A-C
- Fellesnaust og/eller naustområde

I område der fleire av desse funksjonane fell saman har ein overlappande interesser som kan vera ei utfordring og vera kjelde til konflikt. Men det kan og skape synergieffektar som alle interesser har nytte av og som kan skape nye møtestader, ny aktivitet og nye attraksjonar. Ein kan sjå for seg sjøsportssenter, padleklubbar, kitemiljø, trebåtbygging mm.

Nærleik til viktige verneinteresser innafor naturmiljø, kulturminne og friluftsliv kan desse stadene for overlappande interesser skape grobotn for ytterlegare vekst og aktivitet. Som eksempel kan ein nemne dei attraktive padleområda i Bømlo som og har kulturmiljø og naturmiljø med stor attraksjonsverdi, som bør kunne gje grobotn for økoturisme. I Åkrafjorden er eit anna eksempel. Her er det satsa på økoturisme på kultur- og naturlandskapet i fjorden.



Figur 56. Det bør skapast fleire møteplassar i strandsona.

Målsetting:

- Det skal etablerast fleire møteplassar for allmenn tilgang, for aktivitet og ferdsel i strandsona.

Interkommunale føringar - FJORDLYST:

Offentlege kaiar, gjestehamner og sjøbruksmiljø mm bør visast i kommuneplanen og etablerast som anlegg som sikrar tilgang og ferdsel i strandsonen.

Anlegga kan gjerne ha kombinerte føremåle og tene fleire føremål.



Figur 57. Strandsona må ha plass til ungdommen – dei er framtida for Sunnhordland.

5.3 Arealdisponering allmenne interesser

5.3.1 Naturmangfald

Omtalen av korleis ein ser for seg ei differensiert forvaltning av strandsona er omtalt i Kap 5.1. Det er definert fem strandsonekategoriar, og til kvar kategori er det knytt ein forvaltningsstrategi. Den første kategorien omtaler område der det ikkje skal skje utbygging. Område for naturmangfald vil høyre inn i denne Strandsonekategorien og forvaltningsstrategien er teke med som føring for arealbruken nedanfor.

Målsetting

- Naturen skal forvaltast slik at planter og dyr som finst naturleg, skal sikrast i levedyktige bestandar.
- Ta vare på den variasjonen som finst i artar, naturtypar og leveområde.

Føringar for kommunal arealdisponering

Strandsone kategori A1 – særleg verdifulle inngrepsfrie område innafor natur, friluftsliv, landskap og kultur.

Forvaltningsstrategi:

- Halde områda fri for inngrep og utbygging som reduserer verdien.
- Tilrettelegging i desse område bør avgrensast til tiltak som fremjar brukskvaliteten for dei allmenne interessene.

Sunnhordland bør ta eit særleg ansvar for lyngheilandskapet og naturtypane, slåttemark, slåttemyr og hole eiker.

Aktuelle arealformål

- Omsynssone c) der dei er verna etter anna lovverk.
- Vurdere omsynssone d) for viktige artar

5.3.2 Landskap

Målsetting

Den europeiske landskapskonvensjonen vart sett i kraft i 2004. Konvensjonen omfattar alt landskap, men legg særleg vekt på kvardagslandskapet der folk bur og arbeider, og der born veks opp. Konvensjonen tek utgangspunkt i at landskapet alltid er i endring, og at landskapet skal forvaltast like mykje som bevarast. Dette synet er innarbeidd i planlovgevinga, og har gitt kommunane ei nøkkelrolle i landskapsforvaltning gjennom arealplanlegginga.


Fylkesplan for Hordaland slår mellom anna fast at "Hordaland sitt landskap skal forvaltast i eit langsiktig tidsperspektiv og som kjelde til identitet og livskvalitet". "verdifulle landbruksareal, naturlandskap og kulturlandskap skal sikrast gjennom kommuneplanlegginga."

Interkommunale interesser/behov og føringar

Rettleiaren *Råd om landskap i kommunal planlegging i Hordaland* (Fylkesmannen i Hordaland/Hordaland fylkeskommune 2011) tek utgangspunkt i den europeiske landskapskonvensjonen og skildrar nasjonale og regionale mål for forvaltning av landskap. Rettleiaren peikar mellom anna på særtrekk ved Hordaland, på landskapsanalyse som verkty i arealplanlegginga, og på korleis landskapsomsyn kan handterast i arealplanlegginga gjennom arealbruksformål og føresegrar.

Verdivurderinga på fylkesnivå som er skildra i kapittel 4.3 er for overordna for bruk på kommunenivået, jf. Rettleiaren "Metode for landskapsanalyse i kommuneplan " (DN/RA 2011). I denne rettleiaren er vanleg førekomande landskap lokalt gitt verdi 3, middels verdi, mot verdi 2 i fylkeskartlegginga.

På kommunalt nivå kan inndelinga i landskapstypar og deira karakteristika vere like interessant som i planleggingssamanheng som landskapsverdi. Dei storforma landskapstypane med tydeleg avgrensa fjordløp, opne fjordmøte og –munningar, storsund mfl. er i utgangspunktet robuste landskapstypar med stor toleevne for nye tiltak, medan småskala landskapstypar som våg- og smalsund kan ha lågare toleevne. Spennet i landskapstypar gjer det vanskeleg å lage konkrete retningslinjer for forvaltning av landskapskvalitetar. Det er ikkje mogleg å fastslå kva som er god forvaltning og utvikling av landskapet på generell basis, det må gjerast på bakgrunn av kartlegging av lokale forhold og ressursar, og ønskt utvikling. Den regionale kartlegginga si skildring av dei ulike LT'ane sine karakteristika, endringsfaktorar og sårbarheit vil kunne hjelpe den enkelte kommunen til å peike på område der det bør gjerast landskapsanalysar på kommunenivå i samband med planar og tiltak.



Figur 58. Landskapsbiletet

Strandsoneplanen rår til at landskapsområde med strandsone som i fylkeskartlegginga er gitt stor og særst stor verdi får status som ei overordna omsynssone for landskap i den interkommunale strandsoneplanen. Det vil vere naturleg å vurdere innarbeiding av omsynssona i samband med kommunale planar, og utarbeide retningsliner for handsaming av tiltak, som for eksempel krav om landskapsanalyse eller annan dokumentasjon på at regionale landskapsinteresser vert tekne vare på.

Aktuelle arealformål der det må takast omsyn til det visuelle landskapsbiletet:

Den europeiske landskapskonvensjonen sin definisjon på landskap gjer at landskap, uansett verdi og status, vil kunne vere ein del av kva som helst arealformål. Landskapet er alltid i endring, og med unntak av område med heilt særlegne kvalitetar er det ofte ikkje om ein kan bygge som er viktigast, men korleis og kvar ein byggjer. Det må likevel gjerast ei overordna vurdering av om det aktuelle arealformålet faktisk er foreineleg med dei landskapsomsyna og landskapskvalitetane ein ønskjer å ivareta.

- *Bygg og anlegg, § 11-7 punkt 1:* I byggeområda må landskapskvalitetane sikrast gjennom føresegner. Det kan for eksempel stillast krav om gjennomføring av landskapsanalyse, til byggjegransar mot sjø, volum og utnyttingsgrad, siktliner, terrenghandsaming, særlege område med byggjeforbod innafor byggeområdet mm.
- *Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur, § 11-7 punkt 2:* Større samferdselsanlegg vil vere omfatta av omfattande analysar og konsekvensutgreiingar, der også landskap vil vere tema. For mindre anlegg kan landskapskvalitetar sikrast gjennom føresegner,

for eksempel å stille krav om landskapsanalyse, krav til lokalisering, terrenghandsaming, materialbruk mm.

- *Grøntstruktur, § 11-7 punkt 3:* Formålet skal primært nyttast om samanhengande grønne område i eller i nær tilknytning til byggjeområde, by og tettstad. I område som vert sett av til byggjeområde eller fortetting bør formålet nyttast for å sikre både viktige delar av strandsona, og samanhengen mellom strandsona og andre større grøntområde, dvs. ein BLÅGRØNN STRUKTUR. At ein tek grep for å sikre desse samanhengane er eit av dei viktigaste grepa for kvalitet i bygging i strandsona. Sjå også kap. om friluftsliv.
- *Landbruks-, natur- og friluftformål, § 11-7 punkt 5:* Som hovudformål for sikring av større, samanhengande ubygde landskap utanfor byggjeområda skal det normalt nyttast (LNF-område). Det kan gjerast inndeling i LNF_a og LNF_b-område. Funksjonell strandsone bør nyttast til å avgrense LNF_b-område mot sjøen der denne er fastsett. Omsynssone c kan nyttast for å gje retningsliner for landskapsomsyn.
- *Omsynssoner, § 11-8:* Omsynssone jf. § 11-8 c kan nyttast til å lage konkrete retningsliner for utforming av tiltak, eller til å stille krav landskapsanalyse eller annan dokumentasjon samband med tiltak og planar.

Interkommunale føringar for kommunal arealdisponering

Tilrådingar og retningslinjer i strandsoneplanen kan følgjast opp i kommuneplanar både gjennom bruk av formål, føresegner, omsynsoner og retningsliner for landskapsomsyn. Den overordna vurderinga av lokalisering og konsekvensvurdering av om det aktuelle arealformålet passar saman med dei landskapsomsyna og landskapskvalitetane som gjeld for staden skal gjerast i kommuneplanen.

Den regionale kartlegginga si kartlegging av landskapstypar og skildring av dei ulike landskapstypane sine karakteristika, endringsfaktorar og sårbarheit bør leggjast til grunn. Den enkelte kommunen bør i kommuneplanen peike på område der det bør gjerast landskapsanalyse på kommunenivå før lokalisering av nye byggjeområde/tiltak.

- Landskapsområde med stor til særstør verdi i fylkeskartlegginga: Føresegnene bør vise til at det er knytt regionale landskapsverdiar til området. Omsynssone landskap kan nyttast til å lage retningsliner for gjennomføring av landskapsanalyse på kommunenivå eller andre dokumentasjonskrav i samband med tiltak og planar, eventuelt også/eller gje konkrete retningsliner for tiltak i det enkelte området ut frå eksisterande kunnskap.
- Landskapsområde med middels verdi og vanleg førekommande landskap i fylkeskartlegginga: Føresegnene bør stille generelle krav til landskapsomsyn som må oppfyllest og dokumenterast i samband med plan eller tiltak. Slike dokumentasjonskrav kan vera:
 - Landskaps- eller stadanalyse
 - Grøntstruktur, naturkvalitetar og vegetasjon
 - Brattleiksanalysar
 - Synlegheit, fjernverknad
 - Tilgrensande landskap, kulturlandskap, bygningsmiljø
 - Terrengingrep og handsaming av massar

5.3.3 Friluftsliv

Slik det er omtalt i kapitel 4, har den historiske tilgangen til sjøen og forholdet til strandsona vore eit viktig grunnlag for utvikling av kulturen i Sunnhordland. Kunnskap og fysisk nærleik og kontakt med havet er ein av føresetnadene for den gründerkulturen som er skapt i regionen innafor marin og maritim sektor. Det er derfor eit suksesskriterium for regionen og byggje vidare på dette kulturelementet ved å gje alle sunnhordlendingar eit naturleg og positivt tilhøve til fjorden og strandsona. Strandsoneplanen bør vera eit verktøy til å sikre dette kulturelle grunnlaget for ei vidare utvikling av særpreget i regionen.

Rekreasjon- og friluftsiinteressene i strandsona er viktige både for dei som skal investere i ny eigedom og dei som har sin eigedom i området. Sikra område av nasjonal og regional interesse er viktige. Det same er tilrettelagte kommunale friluftsområde. Desse er vist som sikra i kommuneplanen.

Område for rekreasjon i nærmiljøet som er sikra for framtida for alle innbyggjarar er ein viktig kvalitet og kriteriea for busetting. Det kortreiste friluftslivet er det viktigaste i dagleg livet og eit viktig verkemiddel for betre helse. Lokalt stinett og nærområde ved sjøen er særleg viktig i denne samanheng.

Målsetting:

- Eksisterande og nye innbyggjarar i regionen vert sikra tilgang til strandsona som er open for allmenn ferdsel og lett tilgjengeleg. I område med stort bakland er dette særleg viktig.
- Med allmenn tilgjengeleg strandsone meiner ein strandsone som har eit naturleg areal med breidde minimum 30 meter, der ferdsel kan skje uhindra av bygg, anlegg eller installasjonar. Dette skal vera situasjonen ein skal oppretthalde der det er registrert tilgjengeleg, urørt strandsone (jf. forstudien).
- I område der det ikkje er areal til allmenn ferdsel på grunn av bygg og anlegg skal det ved utbygging krevjast at det vert lagt til rette for allmenn tilgjenge til sjøen ved å etablere sjøfront med strand, strandpromenade, offentleg kai, kyststi.
- Ved utlegging av areal til bustadområde eller fritidsbustader skal nærrekreasjon sikrast gjennom avsetjing av areal til friluftsføremål i strandsona.
- Tilgang til sjø for innbyggjarar skal og sikrast gjennom fellesanlegg i tilknytning til etablering av småbåthamner, sjøbruksmiljø, naustområde.

Kartlegging av lokale friluftsiinteressar.

Dei lokale friluftsiinteressene er lokalt kjent men lite dokumentert. Det bør setjast i verk kartlegging av desse interessene, som er viktig for utvikling av god helse og for bukvalitet. Ein del kommunar er flinke med barnetrakk registrering. Dette arbeidet bør utvidast og systematiserast slik at det kan etablerast kommunedekkande registreringar over lokalt friluftsliv, der særleg barn og unge sine interesser vert teke omsyn til. Dette vil kunne gjennomførast med bruk av internett og bør inngå som del av kommuneplanarbeidet.

Interkommunale føringar:

I den interkommunale planen skal viktige område i nærmiljøet sikrast som grøntområde i planen. Her bør følgjande område vurderast:

- Allment tilgjengelege grøntområde i byar og tettstader som gjer det mogeleg å oppleve stilla og stilla i naturen.
- Grøntområde ved skular (grunnskule) og barnehagar.
- Grøntområde i byar/tettstader som vert brukt av barn og eldre.
- Bilfrie korridorar (som turveger) til/mellom grøntområde og markaområde i byar og tettstader.

I strandsoneplanen skal ein leggje vekt på å få inn i grøntstrukturen planen følgjande urørte område:

- Område i 100 meters breidde (på kvar side) langs verna vassdrag dersom friluftsliv er ein av verneverdiane, og andre deler av nedbørfeltet som det er fagleg dokumentert er viktig for verneverdien til vassdraget.
- Område i 100 meters breidde (på kvar side) langs vassdrag, dersom det i den aktuelle kommunen er vedteke eigne utfyllande føresegner til § 20-4, andre lekk, bokstav f. i PBL
- Ubygd og allment tilgjengeleg strandsone med breidde på min. 30 meter i tettbygd strøk.
- Område der fiske er opent for allmenta.
- Område der jakt er opet for allmenta.

Aktuelle arealformål

1. LNF-område vil framleis vere det mest nytta formålet for store, samanhengande friluftsområde.
2. I nye byggjeområde eller ved fortetting i eller ved eksisterande byggjeområde bør formålet grøntstruktur, ikkje LNF-område, nyttast til å sikre nærmiljøområde / område for nærfriluftsliv og samanhengen mellom dei mot nedbygging.
3. Stinett har eigen sosikode og kan sikrast i kommuneplanen.
4. Alternativt kan omsynssone jf. § 11-8 c med retningsliner nyttast til å peike på viktige friluftssyn, - område og korridorar, som for eksempel tilgjengeleg strandsone. Dersom omsynssona vert lagt til areal avsett til framtidig byggjeområde bør det samstundes stillast plankrav, slik at grøntstrukturen vert sikra på neste plannivå.

5.3.4 Kulturminne

Målsetting

Historiske spor etter menneskeleg verksemd, kallar vi kulturminne. Kulturminna inngår alltid i ein større heilskap. Med utgangspunkt i slike større kulturhistoriske samanhengar og heilskapar, kan ein avgrense område som utgjer kulturmiljø. Miljøa kan vere store eller små, og kan inkludera kulturminne frå fleire periodar av forhistoria og historia vår. Kulturmiljøa kan gripe over moderne strukturar, slik at t.d. nye naust, vegar og byggverk inngår i kulturmiljøet.

Kulturminnelova gjev ein vid definisjon av kva som er kulturminne og kulturmiljø. Det tyder ikkje at alle kulturminne og kulturmiljø kan eller skal bevarast. Samfunnet må prioritere kva som er verdifullt og som skal vernast, til glede og nytte for oss og for dei som kjem etter oss. Retningslinene for forvaltning av kulturminne og kulturmiljø går ut på at mangfaldet av kulturmiljø og kulturminne skal takast vare på og at eit representativt utval skal prioriterast for vern. Grunngevinga for å ta vare på kulturminne og kulturmiljø er at dei har verdi som kjelde til kunnskap, som grunnlag for oppleving og som bruksressurs.

Interkommunale interesser og føringar

Formålsparagrafen (§1) i Kulturminnelova av 9. juni 1978 seier følgjande:


"Kulturminne og kulturmiljø med deira eigenart og variasjon skal vernast både som del av vår kulturarv og identitet og som ledd i ein heilskapleg miljø- og ressursforvaltning. Det er eit nasjonalt ansvar å ivareta desse ressursane som vitskapeleg kjeldemateriale og som varig grunnlag for nolevande og framtidige generasjonars oppleving, sjølvforståing, trivsel og verksemd".

"Framtid med fotfeste" (Stortingsmelding 16., 2004-2005) er retningsgivande for kulturminneforvaltninga i Noreg. Utgreiinga inneheld vurderingar og formuleringar av verdigrunnlag, mål og strategiar for ein fornya kulturminnepolitikk. Den gjev også ei rekkje konkrete anbefalingar.

Fylkesdelplan for kulturminne (Hordaland fylkeskommune, 1999) har følgjande som hovudmål: *"Forvalta kulturarven i Hordaland slik at ein sikrar ei berekraftig utvikling og vernar kulturminne og kulturmiljø som dokumentasjon av fortida og ressurs for framtida".*

Kart

Strandsoneplanen har tilrådingar om omsynssoner for sjøbruksmiljø med kulturhistorisk verdi, og har kartfesta punkt for dei kulturminna som er særskilt valt ut som viktige for Sunnhordland. Strandsoneplanen har derfor både punktmarkeringar og områdemarkeringar. I mange tilfelle er det naturleg at enkeltobjekt inngår i større, samla kulturmiljø. Forslag til slike omsynssoner, ut over dei som er foreslått for sjøbruksmiljø, er ikkje tatt med i strandsoneplanen. Dette vil vere naturleg å vurdere i samband med kommunale planar.



Figur 59. Kartet viser registrerte sjøbruksmiljø i Sunnhordland med verdisetting. For kvart sjøbruksmiljø er det lagt inn ei sone rundt (polygon) – som kan vere utgangspunkt for ei drøfting av omsynssone vern i kommunal plan. Miljø i kategori A er i fredningsklasse med høge verneverdiar knytt til både enkeltobjekt og samanhengen dei ligg i. Miljø i kategori B har verneverdiar til enkeltobjekt og miljø. Miljø i kategori C har verneverdi knytt meir til enkeltobjekt og mindre til miljø.

Aktuelle arealformål

I utgangspunktet kan kulturminne, uansett kulturhistorisk verdi og status, kombinerast med kva som helst av arealformål. I praksis er det slik at nokre arealformål er betre eigna til å

kombinere med forvaltning av kulturminne. Til dømes bør ikkje automatisk freda kulturminne ligge i arealformål som samferdsle eller bygg og anlegg. Automatisk freda kulturminne skal ha omsynssone d og bør ligge i eit grønt formål som grøntstruktur eller LNFR. Når det gjeld vedtaksfreda kulturminne er det stor variasjon, og mange ulike arealformål vil difor vere aktuelle, alt etter kva dei freda kulturminna skal brukast til. Ein freda bygning kan t.d. ha eit formål næring så lenge ei omsynssone for bygget slår fast kva følgjer fredinga har for bruken av bygget. Vedtaksfreda eller forskriftsfreda kulturminne skal alltid ha omsynssone d.

Føringar for kommunal arealdisponering

Tilrådingar og retningslinjer i strandsoneplanen kan følgjast opp i kommuneplanar i form av omsynsoner med føresegner som seier korleis bruken av område med kulturminne skal vere.

Kulturminna i strandsoneplanen er delt inn i fire kategoriar: freda objekt, og objekt/miljø i kategori A til C. Vurdering av kategoriane er basert på ei kulturminnefagleg vurdering med utgangspunkt i graden av representativitet, autentisitet, kor sjeldan eller typisk miljøet er.

Freda objekt Freda objekt eller miljø – vedtaksfreda, forskriftsfreda, automatisk freda, fredingssak under arbeid eller listeførte kyrkjer. Døme på objekt er alle arkeologiske kulturminne, freda fyr, kyrkjer og Høgskulen på Stord som er under freding.



Figur 60- Til venstre: røys i Etne. Foto: T. Linge, Hordaland fylkeskommune. Til høgre: røys på Maurangnes, Kvinnherad. Foto: A.K. Siversen, Hordaland fylkeskommune.



Figur 61- Til venstre: Steinbrot på Hespriholmen, Bømlo. Foto: A. Steindal, Hordaland fylkeskommune. Til Høgre: Forhistorisk nausttuft i Storstøvikjo, Sæbø, Kvinnherad. Foto: A. Jenssen, Hordaland fylkeskommune.

Kategori A

Objekt / miljø i fredingsklasse som har høge verneverdiar knytt både til enkeltobjekt og samanhengen dei ligg i. Ligg ofte i urørte område i dag. Fleire av sjøbruksmiljøa i Sunnhordland inngår her. Det same gjeld viktige gardsmiljø og tun.



Figur 62- Til venstre: Sjøbruksmiljøet Årbakka på Tysnes. Foto: A. Steindal, Hordaland fylkeskommune. Til høgre: Einstapevoll gard i Sveio. Foto: H. Windsholt, Hordaland fylkeskommune.



Figur 63- Til venstre: Sjøbruksmiljøet Hanøyvågen i Fitjar. Foto: A. Steindal, Hordaland fylkeskommune. Til høgre: Engjavik, Fusa. Foto: A. Steindal, Hordaland fylkeskommune.

Kategori B

Objekt / miljø med høge verneverdiar knytt til både enkeltobjekt og samanhengen dei inngår i. Døme på objekt er fleire av sjøbruksmiljøa i Hordaland.



Figur 64- Til venstre; Brandasund, Bømlo. Foto: G. Austrheim, Hordaland fylkeskommune. Til høgre: Sunndal i Kvinnherad. Foto: G. Austrheim, Hordaland fylkeskommune.



Figur 65- Til venstre; Skåravågen, Fusa. Foto: H. Windsholt, Hordaland fylkeskommune. Til høgre: Nesevågen, Skumsnes. Foto: A. Østerdal, Hordaland fylkeskommune.

Kategori C

Objekt / miljø med verneverdiar først og fremst knytt til enkeltobjekt og mindre til samanhengen dei inngår i. Døme på objekt er fleire historiske sjøbruksmiljø i Sunnhordland som ligg i område som har endra seg mykje dei siste 100 åra.



Figur 66- Til venstre: Kalve, Austevoll. Foto: A. Steindal, Hordaland fylkeskommune. Til høgre: Eidesvågen, Bømlo. Foto: E. J. Warren, Hordaland fylkeskommune.

Strandsoneplanen set følgjande generelle retningslinjer for føresegner:

Freda objekt og miljø: føresegnene i kommuneplanen må vise til kulturminneloven og eventuelle fredningsføresegner for dei aktuelle objekta. Generelt er det ønskjeleg at freda objekt og miljø er i bruk. Dette gjeld særleg bygningar. Ein rår til at det freda området/objektet må inngå i ei omsynssone d, og at ein vurderer ei større omsynssone c rundt det freda arealet for å sikre samanhengen som objekta ligg i.

A-kategori : føresegnene bør vise til at det er knytt høge kulturminneverdiar til enkeltobjekt og miljø. Det vert rådd til at kommunale planar nyttar omsynssone c for desse objekta, og at sona samlar fleire enkeltobjekt i eit samla miljø. Ny bruk av området er ønskjeleg, men denne må tilpassast slik at den enten underordnar seg verdiane, eller at det går tydeleg fram kva som er det opphavlege, og kva som er nytt. Det må setjast høge krav til tilpassing.

B-kategori: føresegnene bør vise til at det er knytt kulturminneverdiar til enkeltobjekt og/eller miljø. Det vert rådd til at kommunale planar nyttar omsynssone c for desse objekta. I enkelte tilfelle kan det vere riktig å samle fleire av objekta i ei større, samanhengande omsynssone. Bruk av området er ønskjeleg, men bruken må tilpassast dei kulturhistoriske verdiane.

For C-kategori: føresegnene bør vise til at det er knytt kulturminneverdiar til enkeltobjekt og/eller miljø. Det vert rådd til at kommunale planar vurderer bruken av omsynssone c for objekta. Bruk av bygningar og området er ønskjeleg, men bruken må tilpassast dei kulturhistoriske verdiane.

Tolegrensa for inngrep er lågast for freda objekt og miljø og høgast for C-kategori.

5.4 Arealdisponering naturressursar

5.4.1 Landbruk

Landbruksinteressene er vist i Kap 4.4.1

I denne planen er kjerneområde landbruk, saman med fylldyrka mark, vektlagt som særleg viktige. I Sunnhordland er mange stader der landbruksinteressene er knytt til sjøen. Dette særtrekket i regionen bør oppretthaldast.

Målsetting:

- Oppretthalde landbruksinteressene i strandsona.

Differensiert forvaltning av strandsona er omtalt i Kap 5.1. Det er definert fem strandsonekategoriar, og til kvar kategori er det knytt ein forvaltningsstrategi. Den andre kategorien omtaler område med landbruksinteresser og forvaltningsstrategien for denne er tatt inn i føringane for arealdisponering nedanfor.

Føringar for kommunal arealdisponering:

Strandsone kategori A2 – vanleg LNF – område.

Forvaltningsstrategi:

- Halde områda fri for inngrep og utbygging som reduserer landbruksverdien.
- Tilrettelegging i desse område bør avgrensast til tiltak som fremjar landbruket og her bør ein vera meir restriktiv på strandsida enn på landsida.

5.4.2 Fiske

Fiskeinteresser er vist i Figur 32, Kap 4.4.2 Dette er fiskeområder frå kommuneplanen, fiskerihamner og oppdrettslokalitetar.

Målsetting

- Opprettehalde god infrastruktur for landanlegg for fiskeinteressene.
- Unngå konflikt mellom arealbruk i strandsona og oppdrettsanlegg.

Føringar for kommunal arealdisponering:

- Oppretthalde prioriterte fiskerikaiar
- Leggje til rette for kaiar og landareal for oppdrettsnæringa.
- Unngå arealkonflikt mellom strandsona og oppdrettslokalitetar

5.5 Forslag til felles føresegner og retningslinjer

Leserettleiar

Planføresegene, saman med kommuneplankartet og planomtalen er samla dei tre sentrale dokumenta i kommuneplanen sin arealdel. Desse tre dokumenta skal styre arealbruken i kommunen. Dei har ulik funksjon som utfyller kvarandre. Plankartet viser arealføremåla, føresegnene viser kva reglar som gjeld for arealbruken innafor kvart føremål medan planomtalen gjer greie for bakgrunn og grunngeving av dei valte arealføremåla og utforming av føresegnene til kvart område.

Intensjonen og måla for planen er å skape ei tydelegare arealforvaltning i strandsona med tanke på å ta vare på den allmenne interessene og å vera tydelegare på kor det er lov med tiltak innafor strandsona, definert som 100 metersbelet i plan og bygningslova.

For å få ei meir nyansert forvaltning av arealbruken i strandsona er det i planarbeidet lagt til grunn følgjande hovudelement i vurdering av arealføremål:

- Funksjonell strandsonekartlegging, viser den økologiske, topografiske og bruksmessige samanhengen mellom sjø og land.
- Inndeling av strandsona i kategoriar ut frå busetnadsmønster.
- Kartlegging av utbyggingspress.
- Tilrettelagt teknisk og sosial infrastruktur.

Desse fire faktorane vil bestemme kor det kan skje utbyggingstiltak, når det kan byggjast ut og kva vilkår/rekkefølgjekrav som må vera oppfylt før utbygging kan skje. Dette gjev ei differensiert arealforvaltning i strandsona.

Byggjeforbodet i strandsona er der for å sikra dei allmenne interessene (friluftsliv, landskap, kulturminne, naturmiljø og landbruk). Dei er definert som nasjonale interesser.

Planføresegnene må lesast saman med plankartet og planomtalen. Planføresegnene er skrivne med tanke på å gje ei presis juridisk formulering av det som er lov og det som ikkje er lov. Teksten kan derfor vera vanskeleg å forstå.

I forslaget til mal for føresegner til kommunedelplan for strandsona har ein søkt å konsentrera seg om dei meir strandspesifikke føresegnene. I neste omgang lyt den enkelte kommune ved revisjon av kommuneplanen, redigera føresegnene for kommunedelplan for strandsona inn i kommuneplanen sine føresegner for heile kommunen.

Det er i tillegg viktig å vera klar over at plankartet og føresegner har fleire nivå og alle må lesast for å få full forståing av føresegnene som er knytt til eit føremål:

- I dei generelle føresegnene er det reglar som gjeld heile kommunen eller alle føremål.
- Under kvart føremål kan det vera gjort unnatak frå dei generelle føresegnene. Dette er omtalt særskilt i føresegene for kvart føremål.
- Alle arealføremål kan vera dekkja av omsynssonar med egne føresegner eller retningsliner for korleis området skal forvaltast.
- Teksten i føresegnene er delt i to. Føresegner og retningsliner. Tekst som er retningsliner er merka med *Retningsliner*: og teksten står i kursiv med mindre skrift enn føresegnene. Retningslinene er ikkje juridisk bindande.

Aktuelle arealføremål i strandsona:

§ 11-7 nr.1 Bygningar og anlegg

- Bustadområde
- Fritidsbustader
- Fritids- og turistføremål
- Næringsverksemd
- Andre typar bygg og anlegg
 - o Naust
 - o Småbåtanlegg

§ 11-7 nr.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

§ 11-7 nr.3 Grønstruktur

- Naturområde, turdrag, friområde og parkar

§ 11-7 nr.5 Landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF)

- LNF
- LNF spreidd bustad
- LNF spreidd fritidsbustad
- LNF spreidd naust
- LNF spreidd næring

§ 11-7 nr.6 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone

-

Aktuelle omsynssoner:

- Bandlegging etter naturmangfaldlova
- Bandlegging for regulering etter PBL
- Sone der gjeldande reguleringsplan framleis skal gjelda
- Bandlegging etter lov om kulturminne
- Kjerneområde for landbruk
- Kjerneområde kystlynghei
- Vern av naturmiljø
- Viktige friluftsområde
- Funksjonell strandsone
- Kulturmiljø/ sjøbruksmiljø
- Grøntstruktur
- Kulturlandskap
- Områdekategorisering for arealforvaltning (vern og utbygging)

Aktuelle føresegner:

§ 11-9 seier at det uavhengig av arealføremål kan vedtakast **generelle føresegner** om m.a.:

- Krav om reguleringsplan (plankrav)
- Rekkjefølgjekrav for å sikra etablering av samfunnsservice, teknisk infrastruktur, grønstruktur før område kan takast i bruk og tidspunkt for når område kan takast i bruk til bygge- og anleggsføremål
- Byggjegranser, utbyggingsvolum og funksjonskrav, her under om universell utforming m.v.
- Miljøkvalitet, estetikk, natur, landskap og grønstruktur, her under om midlertidige og flyttbare konstruksjonar og anlegg
- Omsyn som skal takast til vern av eksisterande bygningar og anna kulturmiljø

1. Generelle føresegner § 11-9

Tilhøve til gjeldande kommuneplan, kommunedelplanar og reguleringsplanar

§ 1.1 I tillegg til desse føresegnene til kommunedelplanen, gjeld kommuneplanen sine føresegner og føresegnene til reguleringsplanane som framleis skal gjelda. Reguleringsplanar som framleis skal gjelda er lista opp i vedlegg og vist med omsynssone, planomriss og planidentitet på plankartet. . (PBL § 11-5)

Ved ev. motstrid gjeld reglane slik dei er definert nedanfor:

- Føresegnene i kommunedelplanen for strandsona gjeld framfor føresegnene i kommuneplanen der det er overlappende føresegner. Føresegner i kommuneplanen som ikkje vert erstatta, vil framleis gjelde.
- Reguleringsføresegner, byggegrensar og utnyttingsgrad i gjeldande reguleringsplanar skal gjelde framføre reglane i føresegnene i kommedelplanen/kommuneplanen.

Plankrav

§ 1.2 For område avsett til bygg og anlegg etter § 11-7 nr.1 og til samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur etter § 11-7 nr.2 er det krav om reguleringsplan, når dette er fastsett i plankartet, før det kan gjevast løyve til tiltak etter PBL §§ 20 – 1, 2 og 3, jamfør PBL § 11-9 pkt.1.

Mindre utbyggingstiltak i område med krav til reguleringsplan kan likevel godkjennast og styrast direkte gjennom føresegnene til kommuneplan eller kommunedelplan utan utarbeiding av reguleringsplan, jamfør §11-10, nr.1 og §11-11, nr 2.

Slike unntak frå plankravet går fram av føresegnene for dei enkelte bygge- og anleggsområda, føresegnene for LNF-spreidd og av tabellane nr/vist under den aktuelle paragrafen/føresegna

Kommunen kan elles krevja reguleringsplan for gjennomføring av større bygge- og anleggstiltak som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn, jamfør § 12-1.

§ 1.3 I byggjeområde med krav om reguleringsplan skal kommunen vurdere om det skal utarbeidast reguleringsplan for heile byggjeområdet eller del av dette. Kommunen kan krevja at større areal enn det er søkt om vert regulert (jf. PBL. § 11-9 nr. 1).

Retningsline:

- *I planprosessen skal dei ålmenne omsyna knytt til strandsona vurderast nøye og leggast vekt på.*
- *Ved oppstart, utarbeiding og handsaming av reguleringsplan skal kommunen sin startpakke brukast.*

Rekkefølgekrav

§ 1.4 Før utbygging kan skje skal teknisk infrastruktur som veg-, vatn og avlaupsanlegga vera tilrettelagt med tilstrekkeleg standard og kapasitet. Kommuneplanen sine krav til minste uteopphaldsareal (MUA), parkeringsnorm og estetikk er oppfylt.

Kommunen kan stille krav til *rekkefølge* for utbyggingsområde eller *vilkår* for utbygging av område. Vilkåra treng ikkje liggje innafor område og kan f eks vera krav til at sosial infrastruktur (som skule, sjukeheim), anlegg for rekreasjon og grønstruktur, som sikrar friluftsliv og andre allmenne interesser for eksisterande og framtidige innbyggjarar, er etablert eller sikra etablert.

Byggjegrense

§ 1.5 Byggjegranser er vist på plankartet til kommuneplan/kommunedelplan eller går fram av reguleringsplanar som framleis skal gjelda. Der føremålsgrensa for byggjeområde skal gjelde som byggjegrense i reguleringsplanar som framleis skal gjelda, må dette nedfellast i føresegnene på ein tydeleg måte. Der byggjegranser *ikkje* går fram av plankartet eller føresegner, som omtalt ovanfor, gjeld 100-meters beltet som byggjegrense i strandsona, jf. PBL § 1.8.

Estetikk

§ 1.6 All byggjeverksemd i strandsona skal ha god estetisk utforming. I alle plan- og byggesaker skal tiltaket sine estetiske sider i høve til seg sjølv, omgjevnadane og fjernverknad vurderast. Som hovudregel skal bygningar og andre tiltak innretta seg etter kotane i terrenget og ikkje bryta horisonten. Nye bygg og tiltak skal plasserast og formast med omsyn til landskapet med god terrengtilpassing og minst mogleg bruk av sprengte skjeringar og fyllingar. Det skal leggest vekt på minimale terrenginngrep og optimal massebalanse innanfor plan- eller byggeområdet.

§ 1.7 Nye bygningar og anlegg skal gjevast ei god arkitektonisk utforming når det gjeld form, volum, stiluttrykk, materialbruk og farga. Samanhengande landskapstrekk skal ikkje brytast. Vegar og andre tekniske innretningar skal gjerast så skånsamt som råd er. Vegar skal ikkje byggjast breiare eller med stivare kurvatur enn det som er naudsynt for den trafikken den skal ta. Inngrep i terrenget skal gjerast så skånsamt som mogeleg.

Natur

§ 1.8 Naturmiljø er ein av dei prioriterte ålmenne verdiane i strandsona. Verdifulle naturområde og naturmangfald i strandsona skal ivaretakast særskilt. Kystlynghei er ein naturtype som er karakteristisk for Sunnhordland. Ein skal unngå inngrep som reduserer verdien i desse områda. Prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 skal ivaretakast i oppfølging av planen. Der det er mangelfull kunnskap skal «føre var-prinsippet» nyttast

Retningsline:

Kommunen har gjennomført registrering av biologisk mangfold og viktige naturområde er vist med omsynssone på plankartet. I strandsona kan det likevel vera viktige naturområde som ikkje er registrert, og før det vert gjeve løyve til nye tiltak skal det alltid liggja føre nok kunnskap om naturmangfaldet, jf. naturmangfaldslova.

Landskap

§ 1.9 Landskap er ein av dei prioriterte ålmenne interessene i strandsona. Det skal setjast fokus på landskapstilpassing og ein skal unngå irreversible inngrep. Det skal leggjast vekt på å bevare åsprofilar, landskapsilhuettar og strandlina som viktige liner i landskapsbiletet. Strandsoner som ligg i område med landskapsverdi skal forvaltast slik at det ikkje vert gjort inngrep som reduserer landskapsverdien.

Retningsline:

Kommunen har med utgangspunkt i verdikart for tema landskap vist område med særleg verdi som omsynssone på plankartet. I kvart område er det vist kva tiltak landskapet vil vera sårbart i forhold til.

Grønstruktur

§ 1.10 Friluftsliv er ein av dei ålmenne verdiane i strandsona. Moglegheitene for allment friluftsliv skal tryggjast og forbetrast i planlegginga. Samanhengande grønstruktur skal sikrast som grunnlag for friluftaktivitet som bading, opphald, rekreasjon og turgåing. Tilgang til sjøen bør sikrast både frå landsida og sjøsida. Det skal leggjast vekt på å kunne ferdest langsmed sjøen. Tilrettelegging for ferdsel gjennom etablering av kyststi bør prioriterast.

Retningsline:

Kommunen har med utgangspunkt i kartlegging av friluftsliv vist område med særlege kvalitetar som grøntstruktur eller omsynssone på plankartet.

Kulturminne og kulturmiljø (PBL §11-9.7)

§ 1.11 All planlegging og søknad om tiltak skal ta med i vurderinga den verknaden det kan få på nasjonale, regionale og lokale kulturminneverdiar. I alle planar og søknader om tiltak skal kulturminnemiljø dokumenterast og det skal visast korleis ein har søkt å ivareta dette gjennom planforslag og plantiltak (PBL § 11-9 nr.7)

§ 1.12 Område med natur- og kulturverdiar som vert vurdert som verdfulle kulturlandskap skal ivaretakast og forvaltast slik at kvalitetane i landskapet vert styrka (PBL § 11-9 nr.6)

§ 1.13 Vern gjennom bruk er eit hovudmål. Verneverdige einskildbygningar og kulturmiljø og andre kulturminne (som til dømes sjøbruksmiljø) skal i størst mogleg grad takast vare på som bruksressursar. Kulturminna må dokumenterast og søkjast finna løysingar som tek vare på både vern og bruk. (PBL § 11-9 nr.7)

§ 1.14 Dersom det i samband med tiltak under vatn eller på land vert funne automatisk freda kulturminne som ikkje er kjent, skal arbeidet straks stansast og fylkeskonservatoren få melding for nærare gransking på staden, jf. kulturminnelova § 8, 2.ledd.

Retningsline:

Kommunen har med utgangspunkt i kartlegging av kulturminner vist område med særleg verdi i strandsona og vist dei som omsynssone på plankartet.

Universell utforming (PBL §11-9.5)

§ 1.15 Prinsippet om universell utforming skal ivaretakast i all planlegging. I strandsona kan det tillatast tiltak som fremjar tilgjenge for alle.

Klima og energi (PBL § 11-9 nr.3)

§ 1.16 Kotehøgder for stormflo skal fastsetjast med utgangspunkt i reglane i gjeldande teknisk forskrift. (jf. PBL. § 11-9 nr. 5):

Tiltak som etter nærare grunngjeving må liggja til sjø og lågare enn kotehøgden i § 1.21 må dimensjonerast og konstruerast slik at dei ikkje tek skade av bøljekrefter og flo som kan setja anlegget under vatn (jf. PBL. § 11-9, nr. 5).

Risiko og sårbarheit § 4.3

§ 1.17 Ved utarbeiding av reguleringsplanar skal det utarbeidast risiko- og sårbarheitsanalyse for å avdekka eventuelle område med fare, risiko eller sårbarheit innanfor og utanfor planområdet. Dersom det er naudsynt med risikoreduserande tiltak skal gjennomføring sikrast gjennom krav i føresegnene.

2. Føresegner til arealføremåla etter § 11-7 nr.1 (§ 11-10)

Bygningar og anlegg for bustadbygg

§ 2.1 I eksisterande område avsett til byggeområde for bustader er byggegrenser vist på plankartet. Her kan det fortettast med inntil to tomter og med inntil to bueiningar (ei hovudeining og ei sekundæreining) på kvar tomt, og gjevast løyve til tilbygg, påbygg, ombyggingar og garasjar utan at det vert sett krav om reguleringsplan eller reguleringsendring dersom følgjande vilkår er oppfylt: (PBL § 11-10 nr.1)

- Tomtestorleik og tomteutnytting, % BRA inkl. garasje og parkering, er tilpassa strøkskarakteren, dvs. samsvarer med det som er gjennomsnittet for naboeigedomane/nabobygga.
- Det er ein føresetnad at tiltaket tilfredsstiller rekkefølgjekrava i § 1.4.

§ 2.2 Ved fortetting i eksisterande utbygde område for bustader skal nye bygningar tilpasse seg nabobygg, terrenget og landskapet, samt som hovudregel underordna seg eksisterande byggeliner, volum, takform og gesims-/ mønehøgder.

Bygningar og anlegg for fritidsbygg

§ 2.3 I eksisterande område avsett til byggeområde for fritidsbustader er byggegrenser vist på plankartet. Her kan det fortettast med inntil to tomtar på kvar tomt og gjevast løyve til tilbygg, påbygg, ombyggingar, uteboder og garasjar utan at det vert sett krav om reguleringsplan eller reguleringsendring dersom følgjande vilkår er oppfylt: (PBL § 11-10 nr.1)

- Tomtestorleik og tomteutnytting, % BRA inkl. garasje og parkering, er tilpassa strøkskarakteren, dvs. samsvarer med det som er gjennomsnittet for naboeigedomane/nabobygga.
- Det er ein føresetnad at tiltaket tilfredsstiller rekkefølgjekrava i § 1.4 og kan dokumentera at det er teke tilstrekkeleg omsynet til allmenne interesser.

§ 2.4 Ved fortetting i eksisterande bygde område for fritidsbygg skal nye bygningar stå i høve til nabobygga, terrenget og landskapet og som hovudregel underordna seg eksisterande byggelinjer, volum, takform og gesims-/ mønehøgder.

Næringsverksemd

§ 2.5 I område for næring kan det etablerast bygningar, her under naust og sjøbuer, og tiltak for fiskeri, akvakultur, industri, handtverk, lager og handel o l. Ev. avgrensingar for einskilde område går fram av tabell <nn> under. (Jf. PBL. § 11-9 nr. 5.). storleik og arkitektur for desse bygga vert fastlagt ut frå behovet og dei lokale tilhøva.

Fritids- og turistføremål

§ 2.6 I område for fritids- og turistføremål kan det etablerast bygningar og tiltak for rekreasjon og overnatting som del av næring. Det er ikkje høve til frådelling av ordinære privateigde fritidsbustader. (Jf. PBL. § 11-9 nr. 5.)

Andre typar bygningar og anlegg:

§ 2.7 I område for andre arealføremål går det fram av plankartet og/eller tabell <nn> under kva utbyggingsføremål som er tillate (jf. PBL. § 11-9 nr. 5).

Byggeområde for naust

§ 2.8 Naust er uthus til oppbevaring av båt, utstyr for båt og fiskereiskap og for maritime opplevingar og rekreasjon. Bygningane skal ikkje brukast til varig opphald. Naust som vert brukt til næring, skal ha arealføremål næring.

§ 2.9 Naust skal ha saltak med takvinkel 35 – 45 grader, knappe takutstikk, terrassar, balkongar, ark, karnapp eller større vindauge. Fargebruk og materialbruk i murar, kledning og tak skal vera som for tradisjonell naust. Bygningane sitt grunnareal og mønehøgde vert tilpassa dei lokale tilhøva, jamfør (PBL § 11-11 nr.2).

Andre utformingar av naust kan tillast dersom det ligg føre estetisk dokumentasjon av ansvarleg firma innanfor godkjenningssområde Arkitektur i tiltaksklasse 3.

§ 2.10 I etablerte byggjeområde for naust kan det fortettast med naust utan krav om reguleringsplan eller dispensasjon frå byggeforbodet i 100-metersbeltet når storleik og utforming ligg innanfor krava i § 3.9, eller er i tråd med byggeskikken for naust i området. Slik fortetting, utan krav om reguleringsplan, kan skje med bygging av inntil 5 naust eller frådelling av inntil 5 nausttomter.

§ 2.11 Ved bygging av fleire naust i rekkje skal det leggast vekt på tilpassing til kvarandre med omsyn til terrengtilpassing, takutforming og farge. Det skal leggast vekt på å skapa eit levande og variert bygningsmiljø.

§ 2.12 Naust kan ha inntil 8 m breidde.

§ 2.13 Oppføring av nye naust eller gjennomføring av tiltak på eksisterande naust skal ikkje gjera ålmenn ferdsel vanskelegare og det er ikkje tillate å oppføra terrassar/ plattingar/ utegolv, levegger, gjerde, utepeisar eller liknande. Ved planlegging av nye naust skal det vera tilrettelagt for ålmenn tilgjenge mellom og langs naust/ naustgrupper. (PBL § 11-11 nr.2) Breidde på passasjen skal vera 2 meter. Dersom det ikkje er mogeleg med fri ferdsel framom naustet skal det vera passasje på min 2 meter bak naust.

§ 2.14 Naust kan ha innlagt vatn og mindre toalettrom, under føresetnad av godkjent utsleppsløyve (PBL 11-9 nr 5)

§ 2.15 I framkant av naust kan det tillatast oppført kai/ brygge eller båtopptrekk på følgjande vilkår:

- Breidda skal ikkje overstiga breidda på naustet med tillegg av 1m på kvar side
- Kai-/ bryggefronten skal ikkje ha mindre avstand frå naustet enn 2 meter (PBL § 11-11 nr.2) og ytterkant mot sjølina vert tilpassa/fastsett av bygningsmynde etter dei lokale tilhøva på staden.
- Båtopptrekk kan førast så langt framom naustet som det er naudsynt for å få tilstrekkeleg djupne.
- For naust i rekke kan det setjast krav om fellesløyningar.

§ 2.16 I forlenging av kai/ brygge kan det tillatast utlagt flytebrygge på inntil 20 m². I tilknytning til flytebrygga kan det tillatast 1 landgang med breidde inntil 2 m. (PBL § 11-11 nr.2) Fellesløyningar vert tilpassa djupne på staden.

§ 2.17 Kaiar/ bryggjer skal ha god terrengtilpassing og utformast slik at dei ikkje verkar dominerande eller er til hinder for ferdsel. Kaiar, bryggjer, båtfeste og andre varige konstruksjonar og anlegg skal ta omsyn til ålmenn ferdsel og utformast nøkternt. Bryggjefront skal utførast i tre, stein og/eller betong. Eventuell pir skal ikkje vera breiare enn 2 m.

§ 2.18 I naust med krav om reguleringsplan, skal det før nausta kan takast i bruk, opparbeidast og haldast eigna fri- eller friluftsområde til ålmenta på minimum 20 % av strandlina og minimum 20 % av arealet (jf. PBL. § 11-9 nr. 4 til 6 og § 11-10 nr. 2).

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur jf. PBL. § 11-7 nr. 2

§ 2.19 I område for teknisk infrastruktur er det tillate med anlegg for energiproduksjon (jf. PBL. § 11-7 nr. 1).

§ 2.20 I område for hamn/kai er det tillate med tiltak og anlegg for fortøying, lasting, lossing, bording, service og andre tenester knytt til fartøy (jf. PBL. § 11-7 nr. 2).

Byggjeområde for småbåtanlegg

§ 2.21 For områda avsett til byggjeområde for småbåtanlegg er det krav om reguleringsplan før områda kan byggjast ut, når anlegget har meir enn 16 båt plassar.

§ 2.22 I område for småbåtanlegg kan det byggjast molo, kai og bryggje i sjøen og tilhøyrande anlegg for båtopptrekk, lagringsplass for båtar, parkeringsplass, parkering og liknande på land.

§ 2.23 I område for småbåtanlegg som grensar til vidareførde og framtidige naustområde og område for fritidsbustader kan det som fellesanlegg tillatast flytebrygge og/ eller kai opp til 20 m² med maksimal breidde på 3m for å sikra tilkomst til sjøen.

§ 2.24 Småbåtanlegg skal ha ålmenn tilkomst for køyrande og gåande, ålment tilgjengeleg båtopptrekk og minst ei gjestebrygge for ålmennt bruk. Det kan anleggjast molo og fellesbygning på land for ivaretaking av bod, toalett/ dusjrom og felleslokale.

3. Føresegner til arealføremåla etter § 11-7 nr.5 (LNF) og § 11-11 Landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF-område)

§ 3.1 I LNF- områda er nødvendige tiltak i samband med stadbunden næring tillate. Nye landbruksbygg, inklusiv våningshus, skal så langt det er forsvarleg i høve til drifta, plasserast i tilknytning til eksisterande gardstun. (Pbl § 11-11 nr.2)

§ 3.2 Ved plassering av nye landbruksbygg, inklusive våningshus, og bustad nr. 2 på garden skal det takast omsyn til eksisterande tun, bygningsstruktur og drifta på garden. Nye bygningar og konstruksjonar skal gjevast ei god plassering i høve til tun, vegetasjon og landskapsbilete. (PBL § 11-11 nr.2)

§ 3.3 Innafor 100- metersbeltet frå sjø og vassdrag er det tillate med nødvendige bygningar, landbruksvegar, landbruksgjerde, leskur eller andre tiltak som er nødvendige for landbruksdrifta utan dispensasjon frå byggeforbodet i 100-metersbeltet eller krav om reguleringsplan. Ved plassering og utforming skal det takast omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, jordvern, landskap og ålmenne interesser (PBL § 11-11 nr.4)

§ 3.4 Der det er naudsynt for framføring av kablar, leidningar og røyr for teknisk infrastruktur, kan graving i 100-metersbeltet tillatast så lenge inngrepet skjer skånsamt og terrenget vert ført attende til det opphavlege (jf. PBL. § 11-11, nr. 2)

LNF – spreidd bustad, fritidsbustad, naust og næring

§ 3.5 Områda for LNF-spreidd bustad er lista opp i vedlegg / tabellen nedanfor ... med tal på kor mange bustader som kan byggjast ut i perioden. I tillegg har alle eksisterande utbygde bustadeigedomane som er lista opp i vedlegg ... status LNF- spreidd bustad.

I LNF – spreidd bustad kan det gjevast løyve til frådelling og bygging av nye bustader og tilbygg, påbygg og ombyggingar utan dispensasjon frå byggeforbodet i 100-metersbeltet eller krav om reguleringsplan dersom vilkåra som er lista opp under er oppfylt:

- Tomtestorleik og tomteutnytting, % BRA inkl. garasje og parkering, er tilpassa strøkskarakteren, dvs. samsvarer med det som er gjennomsnittet for naboeigedomane/nabobygga.
- Maks ei hovudeining og ei sekundæreining på kvar tomt
- Tilbygg eller påbygg innanfor 100 – metersbeltet, skal ikkje koma nærare sjøen enn eksisterande bygg.
- Gjennomføring av tiltak innanfor 100 – metersbeltet skal ikkje gjera allmenn ferdsel langs strandsona vanskelegare
- Det skal ikkje byggjast på dyrka mark, dette gjeld og vegtilkomst

§ 3.6 LNF-spreidd fritidsbustad er lista opp i vedlegg B/ tabellen nedanfor med tal på kor mange fritidsbustader som kan byggjast ut i perioden. I tillegg har alle eksisterande utbygde fritidsbustadeigedomane som er lista opp i vedlegg ... status LNF- spreidd fritidsbustad.

I LNF –spreidd fritidsbustad kan det gjevast løyve til frådelling og bygging av nye fritidsbustader og tilbygg, påbygg og ombyggingar utan dispensasjon frå byggeforbodet i 100-metersbeltet eller krav om reguleringsplan dersom vilkåra som er lista opp under er oppfylt:

- Tomtestorleik og tomteutnytting, % BRA inkl. garasje og parkering, er tilpassa strøkskarakteren, dvs. samsvarer med det som er gjennomsnittet for naboeigedomane/nabobygga.
- Kommuneplanen sine krav til minste uteoppfallsareal (MUA), parkeringsnorm og estetikk er oppfylt.
- Tilbygg eller påbygg innanfor 100-metersbeltet som ligg nærare sjøen enn 30 m skal ikkje koma nærare sjøen enn eksisterande bygg.
- Gjennomføring av tiltak innanfor 100-metersbeltet skal ikkje gjera allmenn ferdsel langs strandsona vanskelegare
- Det skal ikkje byggjast på dyrka mark, dette gjeld også vegtilkomst.

§ 3.7 Områda for LNF-spreidd naust er lista opp i vedlegg nr med tal på kor mange naust som kan byggjast i perioden. I tillegg har alle eksisterande bebygde nausteigedomane som er lista opp i vedlegg ... status LNF- spreidd naust.

I LNF –spreidd naust kan det gjevast løyve til frådeling og bygging av nye naust/er og tilbygg, påbygg og ombyggingar utan dispensasjon frå byggeforbodet i 100-metersbeltet eller krav om reguleringsplan.

For LNF-spreidd naust/ og tilhøyrande kai, bryggjer m.v. gjeld same føresegnene som føresegnene for byggeområde naust.

§ 3.8 LNF-spreidd næring

På plankartet er det vist område for LNF- spreidd næring vist i vedlegg nr/ tabellen nedanfor . Dette er område med eksisterande næringsareal eller sjøbruksmiljø med potensiale for næringsverksemd. Aktuell verksemd kan vera fiskeri, sjøbruk, turistanlegg med servering, overnatting og tilhøyrande aktivitetar på land og sjø.

I LNF –spreidd næring kan det gjevast løyve til bygging av nye bygg som del av anlegget for å styrke eksisterande næringsverksemd eller sikre vern gjennom bruk av kulturhistoriske anlegg. Slike enkeltbygg kan byggjast utan krav om reguleringsplan dersom vilkåra som er lista opp under er oppfylt:

- Bygget må ha høgde, volum og utforming tilpassa tilgrensande bygg på staden, særleg kulturhistoriske bygg.
- Kommuneplanen sine krav til infrastruktur, parkeringsnorm og estetikk er oppfylt.
- Gjennomføring av tiltak innanfor 100-metersbeltet skal ikkje gjera allmenn ferdsel langs strandsona vanskelegare
- Det skal ikkje byggjast på dyrka mark, dette gjeld også vegtilkomst.

4. Bruk og vern av sjø og vassdrag etter § 11-7 nr.6

§ 4.1 Tiltak i strandsona på sjø og land skal ikkje hindra ålmenn tilgjenge og utøving av friluftsliv fram til og langs sjøen.

§ 4.2 Innanfor 100 – metersbeltet frå sjø og vassdrag er det på friluftsområde som er opne for ålmenta tillate med miljøvennlege anlegg og innretningar for bading, opphald, tilkomst, bruk og drift, her under toalettanlegg og føremålstenlege mindre kaianlegg utan krav om reguleringsplan eller dispensasjon frå byggeforbodet i 100-metersbeltet. (PBL § 11-11)

5. Omsynssone etter § 11-8

§ 5.1 Bandlegging etter naturmangfaldlova (H720) (PBL § 11-8 bokstav d)

Dei verna områda er vist med omsynssoner på plankartet.

§ 5.2 Bandlegging for regulering etter PBL (H710) (PBL § 11-8 bokstav e)

§ 5.3 Bandlegging etter lov om kulturminne (H730) (Pbl§11-8bokstav d)

Alle kjente automatisk freda kulturminne i kommunen er vist med omsynssone på plankartet. Innanfor desse omsynssonene kan det ikkje utførast noko arealinngrep som kan skada, øydeleggja, grava ut, flytta, endra, dekkja til, skjula eller på anna vis utilbørleg skjemma dei automatisk freda kulturminna eller framkalla fare for at det skjer, jf. Kulturminnelova § 3.

Ved utarbeiding av reguleringsplanar som inkluderer desse områda skal kulturminna med nødvendige sikringssoner ivaretakast.

§ 5.4 Landbruk (kjerneområde) (H510) (PBL § 11-8 bokstav c)

Større, viktige landbruksområde (alle kjerneområda) er viste på plankartet med omsynssone. Områda viser større, viktige produksjonsareal og kulturlandskap som skal leggjast til grunn ved kommunen si langsiktige arealdisponering.

§ 5.5 Vern av naturmiljø (biologisk mangfald) (H560) (PBL § 11-8 bokstav c)

Svært viktige naturtypar (A-områda) frå kartlegging av naturmangfald, er vist på plankartet med omsynssone. Innanfor desse sonene kan det ikkje setjast i verk tiltak som kan skada dei aktuelle naturtypene.

§ 5.5.1 Omsynssone kjerneområde kystlynghei (H560) (PBL § 11-8 bokstav c)

Kystlynghei er ein naturtype som er karakteristisk for Sunnhordland. Ein skal unngå inngrep som reduserer verdien i desse områda. Prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 skal ivaretakast i oppfølging av planen. Der det er mangelfull kunnskap skal «føre var-prinsippet» nyttast»

§ 5.6 Omsyn friluftsliv (H530) (PBL § 11-8 bokstav c)

Område for friluftsliv kartlagt som regionalt viktige innanfor LNF- områda er vist på plankartet med omsynssoner. Innanfor desse sonene skal naturkvalitetar og områda sine verdier for friluftsliv ivaretakast og leggjast til grunn for kommunen si langsiktige arealdisponering.

§ 5.7 Funksjonell strandsone (H500) (PBL § 11-8 bokstav c)

Område innafor funksjonell strandsone med særlege kvalitetar knytt til biologisk mangfald, landskap, kulturminne, bygningsmiljø og almen ferdsel er vist på plankartet med omsynssone.

I denne sona er det eit overordna mål å ta vare på og vidareutvikla kvalitetane i strandsona. Viktige ferdselskorridorar, badeplassar og siktliner til sjø skal ikkje byggjast ned. Nye tiltak skal ikkje byggjast ned. Nye tiltak skal som hovudregel ikkje lokaliserast nærare sjø enn eksisterande tiltak. Dette skal leggjast til grunn ved gjennomføring av tiltak og i kommunen sitt langsiktige arbeid med arealdisponering.

§ 5.8 Vern av kulturmiljø (byggningsvern) (H570_158–238) (PBL §11-8 bokstav c)

Dei verneverdige enkeltobjekta og kulturmiljøa i den vedtekne kommunedelplanen for kulturminne og kulturmiljø inkl. byggningsvern er viste med omsynssoner på plankartet. Ved utarbeiding av reguleringsplanar og gjennomføring av tiltak på enkeltobjekt eller område innanfor desse omsynssonene skal kulturhistoriske og antikvariske verdiar takast vare på og om nødvendig sikrast varig vern gjennom reguleringsvedtak.

§ 5.9 Omsynssone grønstruktur (H540_1) (PBL § 11-8 bokstav c)

Ved utarbeiding av reguleringsplan for området skal det innanfor omsynssona leggjast gjennomgåande turdrag, større samanhangande grøntområde m.v.

§ 5.10 Omsynssone med særleg omsyn til kulturlandskapet.

Kulturminne som steingardar, rydningsrøyser, steinsette bekkefar o.a. må ikkje fjernast eller forfalla. Det må ikkje gjerast planering, graving eller fylling som endrar landskapskarakteren eller i nemnande grad terrengprofilen. Eksisterande hytter, naust og uthus skal haldast ved like utan vesentleg endring i materialbruk eller storleik. Bruk, tilkomst og tekniske løysingar skal underordna seg omsyna som ligg til grunn for soneformålet.

§ 5.11 Omsynssone landskap.

Landskapsområde med særst stor og stor verdi er vist med omsynssone på plankartet. Tiltak som landskapet er sårbart for er omtalt for den enkelte sone.

Tabell <nn>: Status, plankrav, funksjon og omfang for område i planen

Nr.	Stad	Areal	Status	Plankrav	Funksjon, omfang og vilkår

Tabell <nn>: Omsynssoner

Nr.	Stad	Areal	Type	Merknad

6 METODE FOR KONSEKVENSGREIING OG ROS

I tråd med plan- og bygningslova §4-2 skal det for alle kommune(del)planar som set rammar for framtidig utbygging, utarbeidast ei særskild vurdering og skildring av planen sine verknader for miljø og samfunn, ei konsekvensutgreiing (KU). Forskrift om konsekvensutgreiing utfyllar lovparagrafen på dette området.

I 2012 utarbeidde Miljøverndepartementet ein rettleiar for konsekvensutgreiingar for kommuneplanen sin arealdel. Miljøverndepartementet gir i denne eit forslag til metode for gjennomføring av KU.

Føremålet med utgreiinga vil vere å få fram :

- viktige miljø- og samfunnsverdiar i dei føreslegne områda
- verknaden utbygginga vil ha for desse verdiane
- kva som gjerast av avbøtande tiltak for redusere dei negative verknadene

På kommuneplannivå vil vurderingar av alternativ stå sentralt og området som vert vurdert må setjast inn i eit større perspektiv.

Konsekvensutgreiinga for kommuneplanen bør gjennomførast på tre nivå:

1. Vurdering av verknadene av framtidig arealbruksstrategiar – eventuelt. Avhengig av at kommunen har utarbeida ein arealstrategi.
2. Utgreiing av verknadene av enkeltområde, inkludert alternativ.
3. Vurdering av dei samla verknadene av dei samla arealbruksendingane i planen.

Sitat frå rettleiar:

«Konsekvensutredningen av kommuneplanens arealdel skal beskrive virkningene av **enkeltområder** og av **de samlede areal-bruksendingene** i planforslaget. Der planforslaget inneholder **strategier** for fremtidig arealbruk skal det også gis en vurdering av hvordan disse strategiene vil påvirke miljø og samfunn.»



I tråd med plan- og bygningslova §4-3 skal det ved utarbeiding av planar for utbygging også gjennomførast ei risiko og sårbaranalyse (ROS). Det kan vere føremålstenleg å samordne utgreiing av verknadane for enkeltområde med ROS-analysen.

6.1 Vurdering av verknadene for arealbruksstrategiar

Interkommunal plan for Sunnhordland fastsetter strategiar for bruk av strandsona. I konsekvensutgreiinga bør det gjerast ei vurdering av konsekvensane desse strategiane har for miljø og samfunn. Vurdering av verknaden av strategiane bør bidra til ein heilskapleg diskusjon av arealbruken i området og det er behov for endringar før planforslaget sendast på høyring.

Dette lar seg lettast framstille i tekstleg format og kan gjerast temavis med ein samla vurdering til slutt.

Døme frå Gjøvik kommune sin konsekvensutgreiing av sine strategiar. Dømet syner konsekvensane strategiane vil ha for temaet landbruk:

Fortetting og økt utnyttelse av sentrumsnære arealer, og fokus på lokalisering av nye utbyggingsområder i nærheten av eksisterende områder, vil på overordnet nivå være en strategi som skåner landbruksareal mot utbygging. Det er fremhevet i strategien at Gjøvik kommune som hovedprinsipp skal være restriktive til nedbygging av dyrket mark. Utbyggingsmodellen for Gjøvik byområde fremhever en begrenset nedbygging av produktive arealer. Samtidig fremheves det at små arealer med bebyggelse på flere sider ikke må beskyttes like strekt som større lettdrevne jorder. Arealstrategiene vurderes til å ivareta hensynet til produktive arealer og da spesielt dyrket mark, og legger ikke uheldig press på disse arealene. I en langsiktig perspektiv vil imidlertid en fortettingsstrategi kunne legge press på sentrumsnære landbruksarealer, jf utbyggingsmodellen for Gjøvik byområde.

6.2 Utgreiing av enkeltområde

Planforslaget skal syne verknadene av dei nye enenkelttiltaka som planen legg til rette for. Førein går i gang med utgreiinga må ein avgrense utgreiingsområde. KU skal ikkje berre syne verknadene tiltaket kan for sjølve arealet men og for influensområdet. For store komplekse tiltak kan det og vere aktuelt å dele området opp iføremålstenelege delar.

Dei areala som skal vurderast kan skildrast/vurderast i fire trinn:

1. Skildring av nøkkelinformasjon
2. Temavis vurdering av konsekvensar
3. ROS-analyse
4. Samla vurdering

Vurderinga kan føreslå at forslaget vert forkasta, at det vert endra eller at det vert knytte særskilte føresegn eller retningsliner til innspelet.

Forslag til skjema for vurdering av areal er vist i kapittel 6.6.

Nøkkelinformasjon

Nøkkelinformasjon er til dømes storleik på innspelet, kva som er tenkt, gjeldande planstatus (td er det regulert frå før?), etc. Det kan vere greitt å vise med eit kart.

Temavis vurdering av konsekvensar

Planprogram for Interkommunal strandsoneplan for Sunnhordland- mai 2012 fastset kva for tema som skal utgreiast.

	Tema	Fokus	Kjelde
MILJØ	Forureining	Klimagassutslepp Anna utslepp til luft Forureining av jordbotn, vassdrag og sjø Støy	Klimaplan for Hordaland 2010-2020
	Energi	Transportbehov Energiforbruk Energiløysingar	
	Landskap	Landskapskarakter/element Inngrepssone i Noreg (INON) Estetiske verdiar i landskapet Endringar som følge av nye tiltak	Rettleiar "Råd om landskap i kommunal planlegging i Hord."
	Landbruk	Kjerneområde landbruk/sikring jordressursar Kulturlandskap/ utmarksbeite Naturressursar	Markslagskart
	Naturmangfald	Naturtyper Biologisk mangfald Fisk og vilt	Område verna etter naturvernlova Raudlisteartar Verdfulle naturtypar Viktige trekkruiter og beiteområde for vilt
	Friluftsliv	Regionale friluftsområde Lokale friluftsområde/badeområde Turstiar	KDP idrett og friluftsliv Turkart Turlag
	Strandsona	100-metersbeltet Funksjonell strandsone Analyse - inngrep/inngrepssone Havbruk	

SAMFUNN	Utbyggingsmønster og senterstruktur	Effektar på etablerte sentra	
	Fortetting	Effektiv arealbruk i eksisterande utbygde område Utnytting av eks. infrastruktur/behov for ny	
	Estetikk og arkitektur	Utforming av naust og andre bygg Eldre sjøhusmiljø	
	Kulturminne	Automatisk freda kulturminne Sjøhusmiljø Sefrak-registrerte bygg	Askeladden Sefrakregisteret, sjøbruksmiljø
	Tilgjenge til friluftsansreal/badestrender	Tur og gang- og sykkelveggar Universell utforming Trafikksikring	
	Helse	Sikra areal for friluftsliv og rekreasjon og tilgang til desse Korleis påverkar ny utbygging friluftsområde og rekreasjonsareal, fiskeplassar m.m.	
	Risiko for havstigning	Fastsetja lågaste kotehøgde for plassering av golvnivå utan det må gjerast spesielle sikringstiltak	
	Beredskap og ulykkesrisiko	Nye tiltak sin verknad på beredskap og ulykkesrisiko. Skredfare, flom og vind m.m.	

For å vurdere dei totale konsekvensane kunne ein legge til einskilde tema i denne lista, og nokre tema kunne vore slått saman:

- Lista kan supplerast med sosial og teknisk infrastruktur. Her kan ein vurdere konsekvensane innspelet vil ha for veg, vatn, avlaup, IKT, offentlege tenester (inkludert skule, aldersheim) og servicetilbod.
- Utbyggingsmønster, senterstruktur, fortetting og estetikk og arkitektur kan vurderast som eitt tema.
- Friluftsliv er nemnt to gonger («friluftsliv» og «tilgjenge til friluftsansreal/badestrender»); For å unngå dobbel vektning kan ein vurdere dei samla som eitt tema.

Kunnskapsgrunnlag og metode for konsekvensvurderingane

Arealdelen til kommuneplanen er på eit overordna nivå og utgreiinga skal så langt råd er byggjast på føreliggjande og allereie registrert kunnskap. Innsamling av ny kunnskap er avgrensa til det som trengs for vedtaksgrunnlag på eit overordna nivå. Ved ei seinare utarbeiding av område- eller detaljregulering, vil det kunne vere behov for å kartleggje ny kunnskap dersom verknad av det aktuelle tiltaket ikkje er tilstrekkeleg kjend.

For fleire av utgreiingstema er det skildra kva kjelde som skal brukast. Nokre av desse, til dømes naturtypekartlegginga som skal nyttast under temaet Naturmangfald, har ei verdisetjing for geografisk avgrensa verdiområde. Verdisetjinga er gjort ulikt i ulike datakjelder og treng å standardiserast før dei nyttast i konsekvensutgreiinga.

Verdivurderinga i KU fremstillast på ein tredelt skala liten, middels, stor. Ein må vurdere korleis verdiane skal «oversettast» frå datakjeldene. Innanfor naturmangfald har ein

naturtypekartleggina som nyttar A, B, og C-verdi. Desse kan oversettast direkte til høvesvis Stor, middels og liten. Men innanfor landskap vil område av lokal verdi ha middels verdi, etter vegledar for vurdering av landskap, etc.

For ein del tema kan det vere nyttig å samle informasjonen på temakart. Aktuelle temakart kan vere:

- Funksjonell strandsone
- Landskap
- Friluftsliv
- Naturmiljø
- Kulturmiljø
- Kjerneområde landbruk

Det bør kome klart fram i dokumentet kva som ligg til grunn for dei ulike vurderingane

Ein del tema har ikkje geografiske verdiområde og konsekvensvurderinga må gjerast i høve til korleis måla for temaet blir oppnådd.

Dersom eit innspel legg seg oppå eit verdiområde kan konsekvensen fastsettast på grunnlag av kva verdi område er gjeve og i kva grad området blir råka; Ligg innspelet berre i ytterkant av verdiområdet er ikkje konsekvensen like stor som om innspelet dekker heile. Her må ein gjere ei omfangsvurdering før ein kjem fram til kva konsekvens innspelet har.

Konsekvenser ved ny bruk vurderast -3 til + 3, det vil seie frå store negative til store positive konsekvensar. Dersom tiltaket ikkje er vurdert å få særlege konsekvensar vert konsekvensen sett til 0. Ikkje alle tema vil vere relevant innanfor alle områder.

Før ein gjennomfører den samla vurderinga av det enkelte innspel bør ein også gjere ROS-analysen for området. Gjennomgang av temalista i KU og ROS kan gjerast kvar for seg, slik at ein gjer KU for alle innspela som skal vurderast før ein gjennomfører ROS-analyse for dei som er igjen. Samla vurdering av KU og ROS kan skje etter ROS er gjennomført.

6.3 ROS

Forslag til felles akseptkriteria og metodikk:

Ei ROS-analyse er ein variant av det som kallast grovanalyse innanfor risikoanalysemetodane. Heilt grunnleggande går risikoanalysemetodar ut på å stille tre spørsmål:

1. Kva kan gå galt?
2. Kva er sannsynet for at det går galt?
3. Kva vil konsekvensen vere dersom det går galt.

Ein søker også etter aktuelle tiltak for å redusere risiko der denne vert rekna som uakseptabel.

Hensikta med ROS-analysen er å gje oversikt over risikosituasjonen, avdekke dei mest aktuelle risikotilhøva og finne eigna, risikoreduserande tiltak for dei. Føresegn og omsynssoner er dei mest aktuelle verkemidla for å redusere risiko i arealplanar. ROS-

analysen kan også peike på behov for bruk av andre type virkemiddel, og dersom aktuelle fagetatar er involvert i ROS-arbeidet kan det også vere realistisk at ein får satt i gang aktuelle prosessar.

Trinn 1: Vedta akseptkriteria i kommunestyret

Før arbeidet med ROS-analysen går i gang skal det etter NS5814:2008, «krav til risikoanalyser» vere vedteke akseptkriteria. Desse skal i høve til DSB sin rettleiar «Samfunnsikkerhet i arealplanlegging» vera vedteken av kommunestyra i dei einssilde kommunane. Dei må ha kategoriar som svarar til Teknisk forskrift (Tek 10). Her er eit forslag til utgangspunkt for akseptkriteria. Særleg innanfor konsekvensgraderinga kan det vere behov for justeringar hos den einssilde kommune:

Konsekvensgradering			
	Menneskeliv og -helse	Materielle /økonomiske verdiar	Miljøverdiar (ikkje-økonomiske)
5 – Katastrofe	5 eller fleire døde, eller >25 alvorleg skadde	> 50 millionar	Alvorleg og omfattande miljøskader
4 – Kritisk	Inntil 5 døde eller fare for inntil 25 alvorleg skadde	5 – 50 mill. kr	Alvorleg skade av mindre omfang eller mindre alvorleg skade av stort omfang
3 – Alvorleg	Inntil 10 alvorleg skadde eller mange mindre personskader	500.000 – 5 mill.	Store skader, men som vil utbetrast på sikt
2 – Mindre alvorleg	Mindre skader som treng medisinsk behandling	50.000 – 500.000	Mindre skader som naturen sjølv utbetrar på relativt kort tid
1 – Liten	Ingen / små personskader	< 50.000,-	Ingen eller ubetydeleg skade
Gradering av sannsyn			
6 – Særs sannsynleg	Ei hending oftare enn kvart 20. år		
5 – Mykje sannsynleg	Ei hending pr. 20 -100 år		
4 – Sannsynleg	Ei hending pr. 100 -200 år		
3 – Noko sannsynleg	Ei hending pr. 200-1000 år		
2 – Lite sannsynleg	Ei hending pr. 1000 – 5000 år		
1 - Usannsynleg	Ei hending pr. 5000 år eller sjeldnare		

Graderingane kan multipliserast for å gje ein risikoindeks (Risiko = Sannsyn * Konsekvens), til dømes vil ei handling med Kritisk konsekvens (4) og som vert rekna som sannsynleg (4), få 16 risikopoeng.

Risiko vert klassifisert som akseptabel (grøn), moderat, der ein bør gjere noko (gul), eller uakseptabel (raud). Kva kombinasjonar av sannsyn og konsekvens som skal gje utfall i ein av klassane vert fastsett som del av akseptkriteria. Her er eit forslag:

Grøn sone kan til dømes gå frå 0-7 poeng. Gul sone, ALARP-sona, går frå 8-14 poeng, mens raud sone er over 14 poeng. Det gir det følgjande risikodiagrammet:

Konsekvens		Liten	Mindre alvorleg	Alvorleg	Kritisk	Katastrofal
Sannsyn		1	2	3	4	5
Svært sannsynleg	6	6	12	18	24	30
Mykje sannsynleg	5	5	10	15	20	25
Sannsynleg	4	4	8	12	16	20
Noko sannsynleg	3	3	6	9	12	15
Lite sannsynleg	2	2	4	6	8	10
Usannsynleg	1	1	2	3	4	5

- Hendingar i raude felt: Tiltak skal verksettast
- Hendingar i gule felt: Tiltak må vurderast ut frå kostnad i høve til nytte
- Hendingar i grønne felt: Rimelege tiltak gjennomførast

Tiltak som reduserer sannsynet vurderast først. Viss dette ikkje gjev effekt eller er mogleg, vurderast tiltak som avgrensar konsekvensane

Trinn 2: Fareidentifikasjon

Den vidare prosessen med ROS-analysen er å gjennomføre ei fareidentifikasjon (HAZID) for avdekke kva hendingar som kan knytast til dei nye utbyggingsområda. Ein tek då føre seg eit og eit område og spør kva hendingar som er knytt til det nye utbyggingsområdet. Det kan både vere at det er farleg å flytte inn til området av ulike årsakar, eller det kan vere at utbyggingsområdet påfører omkring liggande område auka fare. Eit døme på det siste kan til dømes vere om ein med utbygginga skapar fleire harde flatar og soleis redusert fordrøying; Dette vil kunne gje auka risiko for flaum om det skulle ligge byggeområde nedanfor.

Etter å ha identifisert ein fare blir denne risikoestimert i høve til dei vedtekne akseptkriteria. Dersom risikoen vurderast som høg (raud kategori) eller middels (gul kategori), må / bør ein vurdere kva som kan gjerast for å redusere risikoen.

Vurderingstema

Til grunn for fareidentifikasjonen ligg dei nye utbyggingsområda i planforslaget og ei liste over kva tema som skal handterast i ROS-analysen. I vegledar frå DSB er det peika på aktuelle overskrifter over kva som bør vurderast i ROS- analysar for arealplanar. På grunn av plannivået (oversiktsplan), kan både risikovurderingane og temalista vere generell for å gjere omfanget på ROS-analysen handterbart og overordna. Følgjande kan vere tema i ROS-analysen

1. Naturhendingar (mellom anna skredfare, elveflaum, overvatn, ekstrem vind, mv)
2. Havnivåstigning, oljeulykke og ulykke ved akvakulturanlegg
3. Infrastruktur
4. Brannfare, særleg skog-/lyngbrannfare og tilkomst for brannbil, sløkkevatn
5. Farleg verksemd (eksplosjonsfare?)
6. Trafikkulukker, farleg transport mv.
7. Grunntilhøve (forureina grunn)

I tillegg bør uttrykkingstid og tilkomstmoglegheiter for uttrykingskøyretøy kartleggast.

Det kan også diskuterast andre høve meir generelt for planområdet:

- El-forsyning
- Sårbare objekt / kritisk infrastruktur (samfunnsviktige funksjonar, trafikknutepunkt, mv).

Organisering

Kven som er med på diskusjonane er sentralt for ROS-analysen. Intensjonen er at ei tverrfagleg gruppe vert satt ned og går gjennom innspela med tanke på dei temaa som er peika ut.

ROS-analysen kan gjennomførast i møte som ein diskusjon mellom representantar frå etatane etter at arealinnspela er definert. Ein bør også kontrollere aktuelle databasar og kart på internett, der det ligg mykje overordna informasjon. Til dømes:

- Skredfare: På overordna nivå kan skredfare vurderast ut frå aktsemdområde for snø- og stein-/fjellskred og registrerte ras og steinsprang som ligg i NVE og NGU sin kartportal skrednett.no, og frå lausmassetypar som ligg i NGU sin kartportal geo.ngu.no
- Havnivå: I DSB si rapport "Havnivåstiging" (2007) er det laga prognosar for havnivå og maksimal vasstand i høve til kote 0 for landareal ved stormflod i årene 2050 og 2100.
- Tryggleik for drikkevatt: ein bør vite om kvar dei ulike drikkevasskjeldane er.
- Forureina grunn: Sjå miljøstatus.no

Andre databasar kan også vere aktuelle. Til dels vil mykje av kunnskapen ein kan hente frå databasane vere dekt av fagpersonane som er til stades til møtet. Gjennom at dei ulike faga får møtt kvarandre og fremja sine synspunkt til utbyggingsområda vert prosessen tverrfagleg.

Det er viktig i møtet at det først blir gjeve ein introduksjon i kva ROS er, og prosessen rundt slik at alle har felles metodeforståing og forventningar om korleis dei skal presentere sine tema og innspel. Det bør inviterast representantar frå brann og beredskap, tekniske tenester, skule, helse og sosial.

I møtet tek ein føre seg eit og eit område, og går gjennom kvart tema for seg.

1. Kva kan gå galt? (først naturhendingar, så havnivåstiging etc., jf. forslag til temaliste ovanfor).
2. Kva er sannsynet for at det går galt? (vedtekne akseptkriteria)
3. Kva vil konsekvensen vere dersom det går galt. (vedtekne akseptkriteria)

Nokre av temaa vil ikkje vere relevant for nokre av utbyggingsområda, og det er heilt greitt. Poenget med møtet er at ein set av tid til å diskutera og avdekka det ein meiner er dei viktigaste faremomenta, samt kome med tiltak til å halde risikoen innanfor det som er definert som akseptabelt.

Dette kan i fyllast ut ein tabell som svarar til dette eksempelet:

ROS-analyse:

Fareområde/tema/analyseobjekt. Skildring av uønska hending/potensiell fare. Skildring av konsekvens.	Utløysande årsak til hending, ev kombinasjon av årsaker.	Merknadar, kommentarar, utfyllande opplysningar.
1. Snøskred. Utløpsområde for snøskred. Snøskred treff bustadhus.	Ekstreme vêrforhold. Klimaendringar.	Store delar av arealet er innanfor sone for snøskred.
2. Støy frå veg (Fv49). Redusert helse og trivsel.	Støy frå trafikk på veg (Fv49).	Det vert lagt til rette for heilårsbustader. Deler av arealet ligg innanfor gul sone i støyvarslingskart. Minste avstand til Fv49 er ca. 40 meter. Byggegrense mot fylkesveg vil redusere risiko for støylagar.
3. Ulukke i kryss og av-/påkøyring. Skade på kjøretøy.	Uoppmerksom førar/uforsvarleg køyring.	Det vert føresett at eksisterande avkøyringar til eksisterande tomter i nord kan nyttast for nye tomter. Fartsgrensa er 60 og 80 km/t og ÅDT på Fv49 er 1500. Ingen registrerte ulukke i kryss i Nasjonal vegdatabank.
4. Ulukke med gåande/syklande. Skade på mjuk trafikant.	Smal veg kopla saman med uoppmerksom førar/uforsvarleg køyring.	Fartsgrensa er 60 og 80 km/t og ÅDT på Fv49 er 1500. Det er ikkje gangveg langs Fv49.

Her er dei ulike temaa gjennomgått og det er identifisert 4 hendingar som inneber risiko for det aktuelle utbyggingsområdet. I tabellen ovanfor er faren identifisert, men grad av risiko er ikkje vurdert. Risikovurderinga tek utgangspunkt i akseptkriteria.

Hendingane plasserast i ROS-skjemaet, som vist i dette dømet:

Konsekvens		Liten	Mindre alvorleg	Alvorleg	Kritisk	Katastrofal
Sannsyn		1	2	3	4	5
Svært sannsynleg	6					
Mykje sannsynleg	5					
Sannsynleg	4		Trafikkulukke, Vegstøy			
Noko sannsynleg	3			Snøskred		
Lite sannsynleg	2					
Usannsynleg	1					

Dei identifiserte hendingane hamnar altså i gul sone, som vil seie at dei er negative for utbyggingsområdet om det ikkje finst avbøtande tiltak. Til grunn for samla tilråding i konsekvensutgreininga for enkeltområdet kan eventuelle attverande hendingar i gul og raud sone etter avbøtande tiltak er vurdert telle som ei negativ vekt til om området kan tilrådest.

6.4 Samla vurdering og tilråding av dei einskilde innspela

Til slutt i vurderinga kjem ein med ei samla vurdering av det nye utbyggingstiltaket. Dette er ei oppsummering av konsekvensar for dei ulike tema og funn som er gjort i ROS-analysen, supplert med forhold som fagleg skjønn, lokal kjennskap, alternativvurdering og eventuelle særskilte høve. Ein bør legge vekt på å klart syne kva som ligg til grunn for vektinga. Det er

viktig at vurderingane er oversiktlege og etterprøvbare. Den samla vurderinga bør vidare syne korleis funn vert fylgt opp i planskildring, plankart og i føresegn. Dette kan til dømes vere avgrensingar i arealet, bruk av omsynssoner eller føresegn som set krav til kva som må belyst ved seinare regulering av området. Til slutt kjem ein med ein tilråding om tiltaket skal fremjast som ein del av planforslaget eller ikkje.

6.5 Forslag til skjema for KU- og ROS-vurdering av enkelttiltak:

Namn på område: Føremål i dag: Føreslått føremål: Areal storleik: Forslagstillar: Omtale av området: Området ligg i strandsonen ved...	Kartutsnitt
---	-------------

Konsekvensar:

	Tema	Verdi	Konsekvens	Merknad (forklaring, usikkerheit)
	Vedtekne arealstrategiar			
MILJØ	Forureining			
	Energi			
	Landbruk			
	Naturmangfald			
	Friluftsliv			
	Strandsona			
SAMFUNN	Utbyggingsmønster og senterstruktur, fortetting, estetikk, arkitektur			
	Tilgjenge			

	Kulturminne			
	Infrastruktur			
	Samfunnssikkerheit, risiko og sårbarheit.			

Ros-analyse:

Fareområde/tema. Skildring av uønska hending / potensiell fare.	Utløysande årsak til hending, ev kombinasjon	Merknadar, kommentarar, utfyllande opplysningar.

Konsekvens	Sannsyn	Liten	Mindre alvorleg	Alvorleg	Kritisk	Katastrofal
		1	2	3	4	5
Svært sannsynleg	6					
Mykje sannsynleg	5					
Sannsynleg	4					
Noko sannsynleg	3					
Lite sannsynleg	2					
Usannsynleg	1					

Samla vurdering:

Tilråding:

6.6 Utgreiing av samla verknad av planforslaget

For arealdelen til kommuneplanen krev KU-forskrifta at det skal gjerast greie for dei samla verknadene, «det totale fotavtrykket», av planforslaget.

Kravet om vurdering av dei samla verknadene av arealbruksendringane i planforslaget medfører at ein må sjå enkeltområda i forslaget i samanheng. Ei slik samla vurdering skal få fram eit bilete av det summen av arealbruksendringar i planforslaget vil ha som verknad for ulike miljø- og samfunnsomsyn. Føremålet med ei slik vurdering vil vere å:

- Gje eit grunnlag til å vurdere utbyggingsforslaga og endre planen før offentlig ettersyn, om verknadene av planen samla sett ikkje kan vurderast som akseptable i høve til miljø og samfunn.
- Gje eit heilskapleg vedtaksgrunnlag av dei samla verknadene for miljø og samfunn av planforslaget.

For å gjera den samla vurderinga oversiktleg og samstundes nyttig som vedtaksgrunnlag, bør den delast i to deler. Ei oppsummering og vurdering av utredningane for enkeltområde:

1. Etter arealformål, i samsvar med §11-7. Målet er vise korleis dei enkelte arealtema påverkar sentrale utgreiingstema. Eksempel: Korleis vil forslag til bustadbygging påverke sosial infrastruktur eller naturmangfaldet.
2. Etter utredningstema. Denne utgreiinga skal avdekke den samla påverknaden summen av enkeltområda i planforslaget har på dei enkelte miljø- og samfunnstema. Dette vil gje svara på om verknadene på enkelte tema er større enn det som kan reknast som akseptable nivå. Til dømes kan ein nytte eit arealrekneskap for å syne tap av dyrkbar jord.


Den samla vurderinga er eit nyttig verktøy for å sjå heilskapen i planforslaget. Før utlegging til offentlig ettersyn vil det og vera nytting å kunne avdekke om verknadene samla sett er uakseptable slik at ein kan revidere dette før planforslaget vert sendt ut på høyring.

7 ORGANISERING, PROSESS, MEDVERKNAD OG INFORMASJON

7.1 Organisering

Organiseringa av planarbeidet skal sikra politisk forankring og brei deltaking frå alle aktørar som planen får konsekvensar for. Eit sentralt element i organiseringa av planarbeidet er å sikra koordinering med planprosessar i deltakande kommunar og på regionalt nivå.

Planarbeidet er organisert i styringsgruppe, prosjektgruppe og arbeidsgrupper. Det er lagt vekt på overlappende representasjon i organisering av planarbeidet.



Styringsgruppe: Samarbeidsrådet som består av ordførarar og rådmenn frå Sunnhordlandskommunane, supplert med ordførar og rådmann frå Fusa kommune, er eigar og tingar av prosjektet. I styringsgruppa sit det og representantar frå fylkeskommune og fylkesmann.

Prosjektansvarleg: (PA): Dagleg leiar i samarbeidsrådet

Prosjektleder: (PL): Prosjekttilsett prosjektleder

Ressursutval: For å sikra god kontakt mot plansida i kommunane har kvar kommune peika ut sin planfaglege representant til ressursutvalet. Utvalet er og representert med planfagleg representasjon frå regionalt nivå, fylkeskommunen og fylkesmannen. Hovudoppgåva til ressursutvalet er koordinering mot kommunane, planfaglege vurderingar i arbeidet med oppfølging av prosjektet og utarbeiding av plandokument. Ressursutvalet rapporterer til PL som er møteleiar og sekretær for utvalet. I ressursutvalet deltek og ein representant frå Samarbeidsrådet, for å sikra god kommunikasjon med rådet. Ressursutvalet er særleg viktig i utarbeiding av kunnskapsgrunnlag fellesdel for prosjektet.

Tverrfagleg plangruppe i kvar kommune. Gruppa skal stå for koordinering av oppfølging internt i kommunen og vil ha hovudansvaret for utarbeiding av kommunedelplanen.

7.2 Prosess

Planprogrammet vart vedteke i styringsgruppa, Samarbeidsrådet, den 15.02.2012

Vedteke planprogram er det det styrande dokumentet for planarbeidet.

Til møtet i styringsgruppa den 15.02.13 vart det skissert eit arbeidsopplegg i fire trinn for planarbeidet, slik det er vist i figuren nedanfor:

For å få på plass felles føresegner har det vore i sving ei arbeidsgruppe som har jobba med framlegg til føresegner. Dette har medført mange møter med regionalt nivå og med prosjektleiinga for å avklare mange detaljspørsmål. Regionalt nivå har vore konsultativt med i diskusjonen. Framlegget til føresegner i planforslaget er først og fremst kommunane sitt eige forslag, så det er grader av usemje i høve til regionalt nivå, f eks når det gjeld naust og plankrav.



7.3 Medverknad og informasjon

Planprosessen der konsulent var involvert starta med møte i ressursutvalet den 8.januar 2014. Det har i alt vore 12 møter i ressursutvalet. Denne møtestaden har vore den viktigaste for dialogen mellom prosjektet og kommunane og regionalt nivå med Hordaland fylkeskommune og fylkesmannen.

I tillegg til dialogen i ressursutvalsmøtene har det vore to rundar med møter med kvar einskild kommune og tverrfagleg arbeidsgruppe i kommunen.

Det har vore tre møter med styringsgruppa.

Det har vart gjennomført eit eige planseminar oktober i 2013. Der deltok fleire ordførarar, politikarar, fagfolk frå administrasjonen, fylkesmann og andre frå regionalt nivå deltok. Hovudfokus vart sett på innhald og strategisk grep. Det vart gjennomført gruppearbeid for å få innspel frå prosjekteigarane til det vidare planarbeidet.

Den 13.juni 2014 vart det halde referansegruppemøte med representantar frå lag og organisasjonar med særleg interesse i planarbeidet. Dett vart gjennomført i samarbeid med kystsoneplanen, for Sunnhordland og ytre Hardanger, på regionalt nivå.

8 VEDLEGG

VEDLEGG 1 Dokumentasjon av næringskartlegging

a) Metode for klassifikasjon av regionalt viktige næringsområde:

I kapittel 5.2 er det kort forklart kva utvalskriteria som er brukt til å peike ut dei regionalt viktige næringsområda ved sjø:

- 1 Næringsareal med god tilkomst frå sjøsida (inkl. god tilknytning til hovudfarlei), og romsleg kaiareal med djupvasskai.
- 2 Næringsareal med kort tilkomst frå hovudvegnettet, og hovudleia langs kysten.
- 3 Næringsareal som har ei viss «tyngde», det vil seie næringsområde som er store i areal, har eit høgt tal arbeidsplassar, har høg verdiskapning, eller at det er ein næringstype som er spesielt viktig for regionen.

I tillegg til desse utvalskriteria er det gjort ei fagleg vurdering av kva rolle næringsområdet spelar i ein regional samanheng. Lista over regionalt viktige område vert deretter klassifisert i følgjande kategoriar, med tilhøyrande kriteriebaserte definisjonar:

Kategori	Forklaring
1 Kai med anløp av skip i internasjonal trafikk (ISPS-godkjend).	Gjeld alle typar kaiar (fiskeri, industri, cruise). Dette er eit datasett som er henta frå Kystverkets kartdatabase, som omfattar alle godkjente ISPS hamneanlegg, og dei som har søkt om godkjenning. I tillegg til å vere godkjende for internasjonal trafikk, spelar dei også ei viktig regional rolle, tilsvarande som kategori 2.
2 Industrikai, regionalt viktig	For å kvalifisere til «industrikai» må det vere ei form for industriell aktivitet/ produksjon i tilknytning til kaien, eller det må foregå lasting/lossing av stykkgoods, containerar, bulk, tømmer eller andre innsatsvarer til bruk i nærliggjande verksemder – eventuelt eksportvarer herifrå. (Fiskerikaiar er plassert i eigen kategori). Desse punkt-registreringane er basert på fleire kjelder: <ul style="list-style-type: none">○ Kommuneplanens arealdel (eit utval av dei viktigaste industriområda/ hamneområda, ut frå ein gjennomgang av kva verksemder det er på staden, og kor store dei er i regional målestokk)○ Bygningsregister (Matrikkelen) som viser kvar det er store industribygg, evt. klynger av fleire små.○ Bedriftsdata frå SSB, som viser kvar det er mange tilsette, og kva næringskategori dei tilhøyrer.
3 Statleg fiskerikai, mottaksanlegg for fisk, fiskeslakteri	Statlege fiskerikaiar er henta frå karttenesta til Kystverket, der alle fiskerihamnene er samla. Kystverket og Fiskeridirektoratet har gjort ei foreløpig verdivurdering (2011), som ligg til grunn for ei utveljing i kartet, der dei lågast rangerte hamnene (vurdert selde) ikkje er viste. Når det gjeld mottaksanlegg for fisk og fiskeslakteri, så er desse henta frå havbruksdatabasen til fiskeridirektoratet.

4	Landbasert akvakultur (ved sjø), og andre kaiar av regional betydning for fiskeri og havbruk	Det framgår av havbruksdatabasen kva anlegg som er landbasert, og kva som er sjøbasert. Berre dei landbaserte anlegga som ligg nær sjø er tatt med. Frå enkelte av kommuneplanane er det i tillegg markert nokre hamneområde/ næringsområde ved sjø, som har gode kaifasilitetar for fiske, men som ikkje er i statleg eige.
5	Reiselivsanlegg ved sjø, med regional betydning	Reiselivsanlegg med regional interesse er definert ved at www.Visitsunnhordland.no har plukka ut desse som reisemål, og det er mogleg/ attraktivt å reise sjøvegen hit.

Desse 5 kategoriane er samla i ein felles database, der avgrensinga av dei fleste næringsområda er henta frå kommuneplandataene, så sant området er avmerka i plankartet. For øvrige næringsområde er det laga ein «fiktiv» avgrensing. På den måten er alle næringsområde representert med eit polygon i databasen. Presentasjonen av næringsområda på eit overordna kart i liten målestokk er likevel gjort ved hjelp av punktsymbol, plassert midt i næringsområdet.

b) Dokumentasjon av filtrering som er gjort mhp. bruksareal for næring (Figur 6 i kap. 4.2)

Følgjande inndeling er gjort, basert på bygningstypekoden i Matrikkelen:

- Industri og lager: Kode 211 – 239
- Fiske/ fangst/ oppdrett: Kode 244 – 248
- Kontor og forretning: Kode 311 – 330
- Andre formål (samf./bered): Kode 411 – 449, 821 – 840
- Overnatting/utleige/servering: Kode 511 – 539
- Institusjonar (skule, helse etc): Kode 611 – 739

VEDLEGG 2 Kulturminne

Eige notat.